



Universitetet
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA

MASTEROPPGÅVE

Studieprogram:
MHIMAS_1
Master i historie og historiedidaktikk

Vårsemesteret, 2020
Open

Forfatter: Jon Arne Pollestad

.....
Jon Arne Pollestad
.....
(signatur forfatter)

Rettleiar: Olav Tysdal

Tittel på masteroppgåva: Gerhardsen og grunnforteljinga: Ein analyse av historiske forteljingar

Engelsk tittel: Gerhardsen and the master narrative: An analysis of historical narrations

Emneord:
Historiedidaktikk
Historiemedvit
Forteljingar
Grunnforteljing
Einar Gerhardsen
Arbeidarpartiet

Tal på sider: 94
+ vedlegg/anna: 106

Stavanger, 16. mai, 2020

Gerhardsen og grunnforteljinga: Ein analyse av historiske forteljingar



av

Jon Arne Pollestad

Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora. Institutt for kultur- og språkvitenskap.

Masteroppgåve i historiedidaktikk

Stavanger, våren 2020

The past is whatever the records and the memories agree upon. And since the Party is in full control of all records and in equally full control of the minds of its members, it follows that the past is whatever the Party chooses to make it.

George Orwell: *1984*

Føreord

Først og fremst vil eg takka rettleiaren min, Olav Tysdal, for sær konstruktive tilbakemeldingar, gode innspel, interessante diskusjonar og solide språkkunnskapar. Eg vil også takka sjefen min Anne-Kathrine Higdem, for i to år å ha lagt forholda til rette slik at det har vore mogleg å skriva denne oppgåva. Marte fortener også ein stor takk. Takk for tolmod, for støtte, for gode innspel og for inspirasjon og for streng korrektur. Eg vil også takka resten av familien og kollegaer for diskusjonar, interesse, inspirasjon og nødvendige pausar i arbeidet.

Stavanger 16. mai 2020

Jon Arne Pollestad

Samandrag

Denne masteroppgåva tar utgangspunkt i historiske forteljingar og at historiske forteljingar ikkje kan lesast som nøytrale observasjonar av fortida. Det er historikarens jobb å setja ei rekkje hendingar inn i oversiktlege forteljingsrammer. Den kanskje viktigaste funksjonen historiske forteljingar har er å seia noko om verda i dag.

For å undersøka dette skal eg først drøfta kva som ligg i omgrepet grunnforteljing. Ei grunnforteljing er kort sagt ein type abstrakt og dominerande forteljing som skapar narrative rammer for andre historiske forteljingar. Det teoretiske grunnlaget for grunnforteljing er henta frå Krijn Thijs' drøftingar av «master narratives». Eg vil fokusera mest på tida etter andre verdskrigen og drøfta korleis ei grunnforteljing for denne perioden ser ut. For å belysa dette vil eg drøfta korleis ein finn spor av ei grunnforteljing i ulike historiske framstillingar og undersøka kva slags historier om fortida som vert fortalde i, og om, Noreg.

Med utgangspunkt i teori om forteljingar i historiefaget skal eg deretter analysera to framstillingar som begge har Einar Gerhardsen som hovudperson. Det teoretiske utgangspunktet er i hovudsak henta frå Jörn Rüsen og Peter Aronsson sine typologiar om historiske forteljingar. Gerhardsen er det fremste symbolet på Noreg dei første tiåra etter andre verdskrigen. Det som vert drøfta i oppgåva er kva historier om Gerhardsen som vert fortalte, og korleis desse historiene er med på å seia noko om den samtida me lever i.

Siste delen av oppgåva er ei drøfting over kva rolle ei norsk grunnforteljing spelar i dag, korleis grunnforteljinga vert utvida, utfordra og sementert. Kven eig den norske historia?

Abstract

This master thesis is rooted in historical narratives, and the fact that these narratives cannot be read as neutral observations of the past. It is the job of historians to put a sequence of actions into understandable narrative structures. The most important function of historical narratives is possibly to comment on the contemporary world.

To explore this theme, I will at first discuss what implications the term ‘master narrative’ has. A ‘master narrative’ is strictly speaking an abstract and dominant narrative that creates narrative framing for other historical narratives. The theoretical foundation for the term master narrative derives from Krijn Thijs’ writing on the master narrative. The focus will mainly be on the period that proceeds the Second World War in Norway and investigate how a master narrative for this period is written. Furthermore, I will discuss if it is possible to trace a master narrative in different historical representations and explore what kinds of narratives about the past that are told in, and about, Norway.

From theory about different narratives in historical representations, I will analyse two representations of former Norwegian prime minister Einar Gerhardsen. The theoretical backdrop is mainly from Jörn Rüsen and Peter Aronsson’s typology about historical narratives. Gerhardsen is the most common symbol of Norway in the period that follows The Second World War. What is discussed in this paper, is what kind of stories is written about Gerhardsen, and in which way these stories can tell us something about the present.

The last part of this paper is a discussion about what role a Norwegian master narrative has today and how this master narrative is expanded, challenged and confirmed. Who owns the Norwegian history?

Innhold

1.0 Innleiing.....	1
1.1 Problemstilling og avgrensing.....	2
2.0 Teoretisk grunnlag.....	5
2.1 Historiekultur, historiebruk og historiemedvit.....	5
2.2 Hayden White og forteljingar.....	6
2.3 Grunntropar.....	6
2.4 Historiske forteljingar som orienteringsverktøy i samtida.....	8
2.5 Master narrative.....	11
2.6 Grunnforteljing, hovudforteljing og sideforteljing.....	12
2.7 Narrativ metode.....	13
2.8 Oppsummering.....	14
3.0 Den norske grunnforteljinga.....	15
3.1 Forskingsstatus.....	15
3.2 <i>Vekst og velstand</i>	21
3.3 <i>Vegen mot velstandslandet</i>	26
3.4 <i>Høyres historie</i>	28
3.5 <i>De nasjonale strateger</i>	32
3.6 Finst det ei norsk grunnforteljing?.....	35
3.7 Oppsummering.....	39
4.0 Analyse av <i>Hva ville Gerhardsen gjort?</i>	42
4.1 Oppsummering.....	52
5.0 Analyse av <i>Einar – hele historien</i>	53
5.1 Episode 1. <i>Fattiggutten</i>	55
5.2 Episode 2. <i>Statsminister</i>	62
5.3 Episode 3. <i>Fra fred til kald krig</i>	66
5.4 Episode 4. <i>Evig makt</i>	70
5.5 Hovudforteljinga i <i>Einar – hele historien</i> . Ei oppsummering.....	73
6.0 Drøfting.....	80
6.1 Korleis relaterer serien seg til den norske grunnforteljinga?.....	80
6.2 Den norske grunnforteljinga som politisk diskurs.....	86
7.0 Samandrag.....	93
8.0 Litteraturliste.....	95

1.0 Innleiing

Historie fortel oss noko om kven me er og kor me kjem frå. Historie skapar samanheng og bind menneske i dag saman med menneske som har levd før og dei som kjem etter. Historie seier noko om kva me kan læra av dei som har levd tidlegare, og kan nyttast til å spå kva som vil skje i framtida. Samtidig er historie ein prosess og ein diskurs over kva som har skjedd og ikkje minst er historie forteljingar som gjev oss meningsfulle innblikk i fortida. Historie handlar vel så mykje om samtida som om fortida.

Historie har stort truverd og kan nyttast på mange ulike måtar. Samtidig er aldri historie nøytralt og har heller aldri vore nøytralt og objektivt, sjølv om mange har hevda dette opp gjennom tida. Då den romerske historikaren Sveton¹ skreiv historia om den romerske erobringa av Britannia, der krigardronninga Boudicas liv og verke vert skildra, var ikkje poenget hans å formidla ei nøytral historie om romerske erobringar.² Poenget i Svetons beretning var å kritisera styresettet og dei manglande personlege eigenskapane til keisar Nero. Seinare har både dronningane Elizabeth, Victoria, samt statsminister Thatcher blitt samanlikna med Boudica som forklaring på ein sterk tradisjon av kvinneleg leiarskap i Storbritannia.

På same måten knytte Mussolini sitt fascistiske Italia tett opp til historia til Romarriket. Ikkje berre sørge Mussolini for store arkeologiske utgravingar av Forum Romanum, fordi han ville få fram at det var ei direkte line frå Romarriket til han sjølv. I Roma bygde fascistane opp bydelen EUR (Esposizione Universale Roma) i pompøs neoklassisistisk stil. I denne bydelen finst det, den dag i dag, eit relieff i marmor som viser nettopp denne historiske koplinga. Det visuelle uttrykket minner om Trajanssøyla, og øvst til venstre i relieffet er det hogd inn ein ulv og tvillingane Remus og Romulus. Går ein lenger ned på relieffet ser ein både Cæsar, Augustus og Peterskyrkja, og heilt nedst ser ein Mussolini til hest som vert hylla av sitt folk.

Også i Noreg finn ein at historie vert og har blitt nytta på liknande sett. Nasjonal samling knytte seg mellom anna tett mot den norrøne estetikken og arva. Men denne måten å nytta historiske forteljingar på gjeld ikkje berre totalitære styresett. I Noreg står for eksempel årstala 1814, 1884, 1905, 1913, 1945, 1972 og 1994 som klare døme på korleis norsk sjølvstende og demokratiske tradisjonar kom vinnande ut av kampen mot ulike motkrefter. Historie er viktig.

¹ Sveton heiter på latin: Gaius Suetonius Tranquillus. Han levde frå om lag år 70 – 140 e.Kr. Egil Kraggerud. «Sveton», i Store norske leksikon: <https://snl.no/Sveton> (Henta 11.5.2020)

² Jamfør mellom anna Collingridge 2007: *Boudica: the life of Britain's legendary warrior queen*

Historie seier noko om kven vi er og kor me kjem frå. Men kva slags historie som er viktig, og på kva måte denne historia er viktig, det kjem heilt an på kva historia skal nyttast til.

1.1 Problemstilling og avgrensing

Grunnen til at denne oppgåva blei slik ho blei, er at eg bestemte meg tidleg for å skriva noko som handla om historiske forteljingar eller historiebruk, og at utgangspunktet skulle vera politikk. Bakgrunnen for dette ei stadig aukande interesse for korleis historiefagets etos har blitt brukt og misbrukt for å få fram politiske synspunkt, og korleis nokre versjonar av fortida vert ståande, medan andre aldri kjem fram i lyset. I tillegg ville eg skriva om noko som var aktuelt. Då eg fekk fatt i boka til Mímir Kristjánsson og Erling Borgens dokumentarserie vart send på tv, begynte brikkene å falla på plass. Etter litt undersøkingar fann eg ut at det er gjort ganske lite forskning som ser på kombinasjonen politikk og historie, det gjorde eit slikt prosjekt endå meir interessant å gjennomføra.

Denne oppgåva handlar ikkje om å skildra og analysera hendingar i fortida, men heller korleis notida tolkar og framstiller bestemte deler av fortida. I denne oppgåva er det to hovudspor som skal forfølgjast. Det første hovudsporet er om det finst ei norsk *grunnforteljing*, og korleis denne grunnforteljinga ser ut. Det andre hovudsporet er korleis Einar Gerhardsen, og nærare bestemt forteljingar der Gerhardsen har ei sentral rolle, vert brukt og tolka i dag, og korleis forteljingar om Gerhardsen vert knytt til ei norsk grunnforteljing. Problemstillinga for denne oppgåva vil vera: *Korleis knyter forteljingar om Einar Gerhardsen seg opp mot den norske grunnforteljinga?*

Det eg vil undersøka i denne oppgåva, er kva slags historie, kva type forteljingar og korleis fortida vert nytta til å seia noko om nåtida i to ulike verk som begge handlar om Einar Gerhardsen, og tar utgangspunkt i hans person. Kva forteljingar om fortida finn ein i Erling Borgen sin dokumentarserie *Einar – hele historien* og Mímir Kristjánsson si bok *Hva ville Gerhardsen gjort?* Det som er felles for desse to verka er at dei begge nyttar Einar Gerhardsen som hovudperson, men der stoppar også dei fleste likskapane. For å gjeva nødvendig perspektiv til desse verka vil eg også undersøka om det finst ei norsk grunnforteljing. Ei grunnforteljing er kort fortalt ei abstrakt overordna historisk forteljing som fortel dei store linjene i Noregs historie. Ei stor forteljing som all norsk historieskriving må forhalda seg til.

Ein kan stilla mange interessante spørsmål til framstillingane til Borgen og Kristjánsson. Kva vert desse historiene brukte til? Kva fortel desse historiene om Noreg i dag? Kva vert ikkje fortalt og kvifor? Kva forteljingar om det moderne Noreg er det desse to tekstane prøver å knyta seg opp mot? Korleis er desse framstillingane ein del av ein historisk diskurs?

Tekstane til Kristjánsson og Borgen er ulike på mange måtar. Mímir Kristjánsson har skriva ei bok om Einar Gerhardsen, og korleis dagens venstreside i politikken bør nytta Gerhardsens tankegodt i dagens politiske situasjon. Boka er utslørt politisk og er eit forsøk frå Raudt-politikaren Kristjánsson å skriva om kva Noreg kan læra av den politikken Gerhardsen og Arbeidarpartiet førte i si glanstid. Erling Borgen sin dokumentarserie er påkosta, kjelderik og sikta mot eit breitt publikum. Serien vart send i beste sendetid sundagskveldar på NRK1, hausten 2019. Her vert Einar Gerhardsen si personlege historie tett knytt opp mot Noregs historie gjennom heile 1900-talet. Borgen skriv sjølv på heimesida til prosjektet: «Her forteller vi den utrolige historien om hvordan en fattiggutt fra Enerhaugen i det gamle Kristiania kunne bli Norges statsminister i 17 år. Vi skildrer også fremveksten av det moderne Norge.»³

Kvifor er dette eit interessant utval av tekstar? Det er i alle fall ulike måtar, ulike motiv og ulike stemmer som begge tar utgangspunkt den same personen. Ein skulle i utgangspunktet tru at dette var like historier som vart fortalde. Dersom historia er ei objektiv sanning så skulle jo begge desse forteljingane vera like. Einar Gerhardsen blir ofte dratt fram som ein av dei viktigaste nordmennene som har levd. I samband med 200-årsmarkeringa til Grunnlova i 2014 kårde ein jury i avisa VG Gerhardsen til den 14. viktigaste gjennom dei siste 200 åra.⁴ På lesarane si rangering kom Gerhardsen på tredje plass, bak Den ukjende krigssegleren og Kong Håkon 7. I juryen si grunngjeving står det mellom anna:

Hans 20 år som Norges mektigste person var preget av gjenoppbyggingen, og i perioden ble Norge endret fra et samfunn der industrien lå med brukket rygg og hvor kapitalmangelen var prekær, til et velferdssamfunn. Perioden var preget av jevn økonomisk vekst i hele den vestlige verden.⁵

Sjølv om Gerhardsen vert trekt fram som ein av dei viktigaste personane i noregshistoria, er han ikkje veldig aktuell eller omdiskutert i dagens politiske situasjon. Samtidig er han ein sentral del av den norske nasjonale forteljinga. Så kvifor blir Gerhardsen då dregen fram av to

³ Borgen, Erling 2019: <http://landsfaderen.no/> (henta 11.5.2020)

⁴ VG, 2014: https://www.vg.no/spesial/2014/topp100_1814/ (henta 11.5.2020)

⁵ VG, 2014: https://www.vg.no/spesial/2014/topp100_1814/?filter=0&sort=1&profile=14 (henta 11.5.2020)

uavhengige forfattarar omtrent på same tida? Kvifor blir Gerhardsen igjen aktuell? Ved første augekast kan det skuldast tilfeldigeheiter og at det er ein interessant historie som skal forteljast. Men at historie vert aktualisert på denne måten skuldast sjeldan tilfeldigeheiter. Det er vel ein grunn for at spanskesjuka er meir aktuell i skrivande stund enn ho var for nokre månader sidan. Borgen sin serie er interessant fordi han fortel Gerhardsens og Noregs historie samtidig og parallelt, medan Kristjánsson si bok er interessant ikkje minst fordi han nyttar historie og ein historisk person så tydeleg i ein politisk diskurs.

I denne oppgåva vil eg først gå inn i teorigrunnlaget for oppgåva. Her er det to omgrep som er sentrale, *historiemedvit* og *forteljing*. Forteljingsomgrepet fungerer på tre ulike måtar i denne framstillinga. Den første er *grunnforteljing*. Ei stor overbyggjande forteljing der nasjonen og det nasjonale står sentralt. Det andre forteljingsomgrepet er *hovudforteljing*. Ei hovudforteljing er den forteljinga som er dominerande i eit historisk verk. Det tredje og siste omgrepet er *sideforteljing*. Eit verk inneheld mange ulike sideforteljingar som kan vera alt frå små anekdotar til heilt andre perspektiv på hovudforteljinga. Vidare vil eg ha to teoretiske hovudspor. Det eine er Jörn Rüsen sine teoriar og drøftingar av historiske forteljingar som *orienteringsreiskap i samtida*. Det andre hovudsporet er Peter Aronsson sine diskusjonar av *grunntropar* i historiske forteljingar.

For å undersøka og belysa det ein kan kalla ei norsk grunnforteljing har eg sett på fire ulike verk som alle fortel om den norske historia. Dei fire bøkene er: *Vekst og velstand* frå 1977, med Trond Bergh og Helge Pharo som redaktørar. Ola Svein Stugu si bok *Norsk historie - vegen mot velstandslandet* frå 2018. Francis Sejersteds bind tre av partiet Høgres historie. Boka heiter *Høyres historie 3 – Opposisjon og posisjon (1945-1981)*. Til slutt Rune Slagstads *De nasjonale strateger* frå 1998. Hovudgrunnen til at det vart akkurat desse fire bøkene er at dei alle har ulikt perspektiv på den norske historia. Skal ein finna spor av ei grunnforteljing her, så kan ein finna dei spora i tropar og forteljingsselement som dei har til felles.

Vidare vil eg analysa Mímir Kristjánssons bok *Hva ville Gerhardsen gjort* og Erling Borgens dokumentarserie *Einar – hele historien*. Her vil eg i hovudsak sjå kva forteljingar som kjem fram, og korleis desse to knyter seg til ei norsk grunnforteljing. I den påfølgjande drøftinga er hovudpoenget i oppgåva at historieskriving i Noreg i stor grad er ein diskurs om korleis den norske grunnforteljinga ser ut og vert oppfatta. Til slutt i drøftinga vil eg aktualisera dette stoffet.

2.0 Teoretisk grunnlag

I dette kapitlet vil eg forklara, gjera greie for og drøfta sentrale omgrep og teoriar som er utgangspunktet for denne oppgåva. Desse teoriane og omgrepa vil vera utgangspunktet for analysane og drøftingane seinare i oppgåva. Det er tre hovuddelar i dette kapitlet. Den første delen tek føre seg omgrepa *historiekultur*, *historiebruk* og *historiemedvit*. Den andre delen tek for seg korleis ulike typar forteljingar og ulike forteljingsselement vert nytta i historieskriving. Medan den tredje delen handlar om kva som er teorien bak omgrepet *grunnforteljing*.

2.1 Historiekultur, historiebruk og historiemedvit

Historiebruk har dei siste åra vakse fram som eige forskingsfelt og handlar i hovudsak om korleis historie vert brukt i ulike samanhengar og kven som nyttar historie til kva, og kvifor dei nyttar historie til dette.⁶ Dette fagfeltet har engasjert mange ulike retningar og fag, og derfor eksisterer det ikkje noko felles allmenngyldig forståing av kva feltet inneber.

I nordisk samanheng har Peter Aronsson lansert tre grunnomgrep for det feltet av historiefaget som vert omtala som måtar å nytta historia på. Han kallar dette for «historieanvendingar», som på norsk vert omsett til historiebruk. Desse tre omgrepa er: *Historiekultur*, *historiebruk* og *historiemedvit*.⁷ Aronsson skriv om desse omgrepa at dei på same måte som kjønn, sosial og kulturell bakgrunn, kan endra måten me ser på fortida på. *Historiekultur* er bestemte referansar til fortida, ofte bunde saman med kjelder, artefakter, ritual og sedvanar. Desse referansane er med på å binda fortida saman med nåtida og framtida. Medan *historiebruk* er korleis ulike aktørar bevisst nyttar desse referansane for å skapa «bestemte meiningsskapande og handlingsorienterte heilskapar».⁸ Skiljet mellom *historiemedvit* og *historiekultur* handlar om at det førstnemnde er den mentale prosessen der menneska orienterer seg i tid, og i kva grad dei er medvitne historia, medan *historiekultur* er historiemedvita sine konkrete uttrykksformer. Historiske forteljingar vert i denne forståinga gjort til sentrale studieobjekt. Dette gjeld ikkje minst forteljingar som byggjer identitet. Eit klassisk eksempel på dette er nasjonsbygging, korleis ulike forteljingar vert nytta for å legitimera og samla ein nasjon. Men også forteljingane sin funksjon som orienteringsreiskap i tid er viktig, i følgje Aronsson. Dette er forteljingar som

⁶ Bøe og Knutsen 2012: 10

⁷ Aronsson 2004:17-25

⁸ Ibid: 17

plasserer notida i ein lengre historisk prosess, og handlar ikkje minst om korleis notida held seg til fortida. Dette skil seg frå oppfatninga om historie som korrekt og uavhengig kunnskap om fortida. Kunnskap om fortida er med på å skapa forventningar om framtida, argumenterer Aronsson. På denne måten vert ulike forteljingar ein viktig del av den prosessen som me kallar for historiemedvit, nemleg oppfatningar om korleis fortid, notid og framtid relaterer seg til kvarandre.⁹

2.2 Hayden White og forteljingar

Ideen om at historie eigentleg ikkje er noko anna enn andre former for forteljingar vert ofte tileigna Hayden White. Han skriv i boka *Content of the Form* at historiske narrativ ikkje vert funne, men oppfunne. Vidare skriv han at i staden for at historiske narrativ avdekkjer den sanne essensen av fortida, så pålegg desse historiske narrativa ein mytisk og forteljande struktur på hendingane dei prøver å skildra.¹⁰ Whites hovudpoeng er at alle historiske framstillingar vil vera påverka av litterære framstillingsmåtar. På denne måten vert det i praksis umogleg å skilja mellom sann og falsk historie, av di all historiefamstilling er relativ og påverka av dei kulturelle rammene der denne historia vert skriven. White er oppteken av å problematisera skiljet mellom historieskriving og fiksjon, og meiner at det er umogleg å setta dette skiljet definitivt. Dette må ikkje lesast som ei relativisering av historiefaget, men heller som ein kritikk av oppfatninga at historiefaget er noko som er sant og allmenngyldig.

White opererer med fire grunnstrukturar som alle historiske tekstar baserer seg på. Desse fire er; romanse, satire, komedie og tragedie. Desse fire grunnstrukturane er ein samanheng mellom tropar, forklaringsformer, litterære sjangrar og politisk-moralsk budskap.

2.3 Grunntropar

Ein som tar utgangspunkt i White sine grunnstrukturar og som konkretiserer Whites tankar endå meir, er den svenske historiebruksprofessoren Peter Aronsson. Han nyttar ein noko anna typologi enn det White gjer. I staden for dei noko uklare, og i overkant teoretiske koplingane

⁹ Ibid: 68

¹⁰ White 1990: 113.

til White, ser Aronsson heller etter *tropar*, nærare sagt grunnpropar, i historiske forteljingar. Omgrepet trope tyder i denne samanhengen at det som vert fortalt ikkje står aleine, men må forståast i den retoriske konteksten som dette fortalde er ein del av. Det som vert fortalt følgjer mønster som dei som les kjenner til frå før. Dette gjev forma i ei historisk forteljing til meir enn berre form, men også til ein del av sjølv innhaldet. Slike tropar gjeld på deler av historiske forteljingar, og ei større historisk forteljing kan innehalda mange ulike og kontrasterande tropar. Hovudpoenget med denne tropetypologien er å visa at mange sentrale forteljingselement i historiske forteljingar følger mønster som ein som lesar ofte kan kjenna igjen, frå mellom anna litteraturen. Peter Aronsson opererer med fire slike grunnpropar i historiske narrativ.¹¹ Dei fire grunnpropane er:

- 1) «Det finst ikkje noko nytt under sola». Denne tropen indikerer at me stadig er i det same historiske rommet heile tida. Hendingar som har skjedd før er framleis relevante for menneske i dag, fordi ingenting endrar seg. Menneske vert knytte saman på tvers av tid og rom.
- 2) «Historia gjentek seg ikkje – fortida er noko heilt anna enn nåtida». Denne tropen har eit klart skilje mellom vår eiga tid og fortida. Nøkkelordet her er kontrast og denne kontrasten skildrar korleis den moderne verda ser på seg sjølv samanlikna med fortida. Alt er annleis i notida enn det var tidlegare.
- 3) «Gullalder». Med denne tropen er den nettopp endringa i seg sjølv som er poenget, men at denne endringa er negativ. Ein kan gjerne kalla dette for ei nostalgisk trope, uansett er dette ein trope som ser tilbake på fortida som ein form for gullalder. Utsegn som «det var betre før» er eit banalt døme på denne tropen.
- 4) «Framsteget – frå mørket stig me mot lyset». Hovudpoenget med denne tropen er at verda er i gradvis utvikling til det betre. Denne tropen er det motsette av den førre, men som Aronsson poengterer, så er desse to ofte samanvevde. Når det går oppover med nokon går det ofte nedover med andre. Sjølv om eit samfunn i stor grad utviklar seg, er det deler av samfunnet det går dårlegare med. Aronsson nyttar sjølv eksempelet om Sveriges modernisering og framgangshistorie. Sjølv om dei fleste pilene peikar oppover i samfunnet, så mister svenskane noko på vegen. Menneska stiller ikkje opp på same måten som før for kvarandre og for familien som dei gjorde før. I same forteljinga finn ein kontrasterande tropar.

¹¹ Aronsson 2004: 77-82.

Aronsson skriv også at desse tropene kan kombinerast til «sirkulære drama» som ein finn i forteljingar av typen «vekst og fall», av til dømes nasjonar, imperium, personar eller forretningar. Danske Niels Kayser Nielsen utvida denne tropeforståinga, spesielt kombinasjonstropen «vekst og fall» med å innføra ein femte trope:¹²

- 5) «U-modellen». Denne tropen er ein kombinasjon av dei to siste tropeformene, men som namnet indikerer så er utgangspunktet i denne tropen ein gullalder ein gong i fortida. Så kom forfallet, men no eller i framtida vil alt verta bra gjennom gjenreising eller vekking. Dette er ein typisk trope som ein finn at i ulike populistiske politiske grupperingar, eller berre i slagordet «Make America Great Again». Dette blir då motsatsen til «vekst og fall»-tropen.

Desse tropene er klassiske tropar som ein finn i som delar av ulike forteljingar, både grunnforteljingar, hovudforteljingar og sideforteljingar. Dei alle fleste historiske forteljingar har innslag av fleire av desse. Det kan også vera ulik oppfatning av desse frå perspektivet til ulike aktørar.

2.4 Historiske forteljingar som orienteringsverktøy i samtida.

I 2005 gav Jörn Rüsen ut boka *History – Narration, Interpretation, Orientation*. I innleiinga av boka skriv han at «[...] narrativity has gradually become the most convincing answer to the question for this distinctive nature of history».¹³ Med dette argumenterer Rüsen for at historikarar er historieforteljarar og at denne historieforteljinga som historikarane gjer i stor grad følgjer reglane for *forteljingar*, eller på engelsk *narration*. Vidare argumenterer Rüsen for at denne måten å tenka historie på er det motsette av det som vert sett på som den klassiske, vitenskaplege metoden – nemleg å finna generelle lover, då helst i ei tilnærma matematisk form. I staden for objektivitet, er historie som fag heller fokusert mot det subjektive. Historie som fag nyttar den menneskelege subjektiviteten til å forstå verda – verda vert tolka og lest gjennom subjektive auge. Samtidig er historie som fag både «representasjon og tolking». Eller sagt med andre ord, historie som fag er i siste instans både fakta og fiksjon på ein og same gong. På den måten at historie nyttar litterære, poetiske og retoriske grep for å forstå og framstilla noko som faktisk har skjedd i fortida på ein meningsfull måte. Denne dualistiske tilnærminga til historie

¹² Kayser Nielsen 2010: 54-55

¹³ Rusen 2005: 3

som fag og til historie som teori vert konkretisert av Rüsen i det han kallar for historisk narrasjon (historical narration). Historiefaget eksisterer over (beyond) eit skilje om fakta og fiksjon, og står fram som ein kombinasjon av desse.¹⁴

Jörn Rüsen tar også utgangspunkt i arbeidet til Hayden White, og då spesielt Whites argument om at historie til sjuande og sist er «[...] a verbal structure in the form of a narrative prose discourse».¹⁵ Med dette meinte White at all historie var eit resultat at forteljingar og produksjon. Hovudskiljet mellom White og Rüsen er at White ser på historiografi som litteratur, medan Rüsen ser på historiografi som ein eigen spesifikk form for forteljingar. Denne spesifikke forma for historiske forteljingar meiner Rüsen kjem fram i tre kjenneteikn:¹⁶

Det første kjenneteiknet er at historiske forteljingar er knytt opp mot minne. Minnene om fortida gjer at opplevinga av notida vert forståeleg og at forventingane om framtida er moglege. På denne måten vert forteljingane ein del av historiemedvitet.

Det andre er at historiske forteljingar lagar ein kontinuitet mellom fortid, notid og framtid. På den måten vert opplevinga av fortida meir relevant for livet i dag og kan vera med på å påverka korleis ein formar framtida.

Det tredje er at historiske forteljingar etablerer identitetskjenninga til forfattarane og publikum. Dette handlar om det er mogleg å skapa ein form for kontinuitet i forteljingane, og at denne kontinuiteten må minna publikum om stabilitet i livet deira, samanlikna med den verda som stadig endrar seg.

Summen av desse tre kjenneteikna er at historiske forteljingar fungerer som *orienteringsreiskap i tid*. Det er på bakgrunn av dette resonnementet at Rüsen presenterer sin typologi over historiske forteljingar. Han opererer med fire typar av historiske forteljingar i denne typologien. Dei fire er:¹⁷

- 1) Tradisjonsforteljingar (traditional narratives). Slike forteljingar minner menneska på opphavet til samfunnet. Kor me og verda vår kjem frå. Desse forteljingane konstruerer kontinuitet gjennom dei vedvarande «systema av liv», for eksempel gjennom opphavshistorier eller opphavsmytar. I tillegg gjev slike forteljingar identitet ved å

¹⁴ Ibid: 4

¹⁵ White 2014: ix

¹⁶ Rüsen 2005: 11-12

¹⁷ Ibid: 12-15

stadfesta kulturelle mønster av sjølvforståing. På denne måten knyter slike forteljingar saman fortid, notid og framtid.

- 2) Eksemplariske forteljingar (exemplary narratives). Denne forteljingstypen handlar om kva me kan læra av historia. Slike forteljingar gjev oss eksempel på reglar som gjeld uavhengig av tid og stad, og på denne måten skapar samanheng. Historiske analogiar er døme på slike forteljingar, der ein kombinerer reglar for oppførsel opp mot forståinga av tid.
- 3) Kritiske forteljingar (critical narrative). Dette er forteljingar som utfordrar kontinuitetsnarrativet, og tar utgangspunkt i at ein seier nei til dei tradisjonane som vert servert gjennom tida, og opptrer kritisk mot desse. Desse forteljingane opptrer som motførestillingar til kontinuitet, og ser heller på kva som vert øydelagd. Identitet vert skapt gjennom å motsetja seg. Slike forteljingar opptrer ofte som forteljingar om historiske brot.
- 4) Utviklingsforteljingar (generic narrative). Slike forteljingar ser på endring som det viktigaste, og då gjerne frå noko framand til noko kjend. Kontinuiteten vert oppfatta som utvikling der menneska alltid på tilpassa seg ei verd som stadig endrar seg. Identitetsutviklinga går føre seg som danning (tysk: «Bildung»). Sjølvforståinga er ein dynamisk prosess.

I følge Rüsen går desse forteljingane igjen i alle historiske tekstar på ein eller annan måte, men ofte står ein av desse forteljingstypene klarast fram. Den største skilnaden mellom Aronssons tropar og Rüsen sin forteljingstypologi er kva nivå dei opererer på. Rüsen opererer på tekst- eller forteljingsnivå, og han snakkar om strukturar i den historiske teksten som heilskap. Aronsson på si side opererer på figurnivå – kva språklege figurar som er sentrale for forteljingane som heilskap.

Jörn Rüsen understrekar også koplinga mellom historiemedvit og historiske forteljingar.¹⁸ Kva er historiske forteljingar, spør han. Jau, det er eit system av mentale operasjonar som definerer feltet historiemedvit. Historie er ei tolking av den trugande opplevinga av at tida går og som til sjuande og sist endar med døden. Historie lagar eit meningsfullt mønster av dette kaotiske og tilfeldige tidsforløpet. I den forstand vert forteljingane derfor den prosessen det er å forstå sjølv opplevinga av tid.

¹⁸ Rüsen 2005: 10

2.5 Master Narrative

Sjøelve omgrepet *forteljing* krev også ei utgreiing her. Forteljing er eit omgrep på norsk som er veldig vidt, og som famnar om mykje ulikt. I denne samanhengen er det stort sett dei engelske omgrepa *narration* eller *narrative* som vert omsett med forteljing på norsk. Altså eit noko smalare definiert omgrep enn det rommelege norske omgrepet forteljing. Her kunne ein sjølv sagt også brukt omgrepet *narrativ*, men det finst ein tradisjon i historiefaget å nytta forteljing, derfor vert det slik også i denne oppgåva.

Krijn Thijs skreiv i 2008 ein artikkel som vart gitt ut i antologien *The contested nation – Ethnicity, Class, Religion and Gender in National Histories*.¹⁹ Artikkelen heiter «The Metaphor of the Master: ‘Narrative Hierarchy’ in National Historical Cultures of Europe». I denne artikkelen drøftar Thijs omgrepet *master narrativ* med utgangspunkt slik omgrepet opphavleg vert tolka av postmodernistane Levi-Strauss og Lyotard.²⁰ I denne postmoderne tolkinga er det «master» som er nøkkelordet i heile omgrepet «master narrative», og refererer då til eit metaforisk meister-slave-forhold. Det vil seia at «master narrative» kan omsetjast på norsk til «den store forteljinga», eller meir vanleg «grunnforteljing». Denne grunnforteljinga vert fortalt av den dominerande gruppa i eit samfunn. Ho har ofte eit mytisk opphav som er med på å identifisera kven «vi» er i eit samfunn.²¹ Vidare skriv Thijs at «master narrative» definerer dominerande versjonar av fortida og at desse forteljingane har ei intertekstuell makt over andre tekstar om fortida – at desse forteljingane direkte eller indirekte styrer andre forteljingar om fortida.

Thijs argumenterer for at grunnforteljingar gjeld på fleire område i historieskrivinga. Eit opplagt døme er historia om Europas oversjøiske ekspansjon frå seint 1400-tal og utover, der det er europearane sin historie som har blitt fortald, og at ikkje-europeiske perspektiv nesten ikkje er representerte i historieskrivinga. Men grunnforteljingane gjeld også på ein nasjonal skala. Her handlar det om at det er historia til den dominerande gruppa i ein nasjon som vert fortald, og at andre forteljingar vert utelatne. Men grunnforteljingane kan verta utfordra av konkurrerande forteljingar. Det kan for eksempel vera minoritetar som får sine forteljingar fram, eller nye perspektiv og innfallsvinklar til den allereie etablerte historiske forteljinga. Slik sett er grunnforteljingar under kontinuerleg revisjon etter kvart som nye perspektiv oppstår.

¹⁹ Berger & Lorents (red.) 2008

²⁰ Lyotard 1979

²¹ Thijs 2008: 60-63

Thijs listar opp fem punkt som desse grunnforteljingane kan innehalda.²² Dei er (1) Dei mest sentrale aktørane i ei historisk forteljing, kva og kven er kjernen i nasjonen? 2) Kven er antagonistane eller fiendane i forteljingane? Antagonistane kan vera ei anna folkegruppe, eller historiske krefter som må overvinnast. Kor kjem motstanden frå, og korleis dei vert overvunne kan også vera viktige element her. 3) Den overordna ideen om framsteg i historia (progress of history). Skal den nasjonale historia vera syklisk, progressiv eller tilfeldig?²³ 4) Korleis historia vert periodisert. Kva er dei viktigaste vendepunkta i historia. 5) Ein «gylden æra», ei stordomstid. Denne perioden kan vera i fortida, eller i framtida, og somme gonger også i notida.

Thijs' konklusjon er at slike master narratives best må forståast som «narrative rammer som foregriper konkrete historiske representasjonar, og på den måten låner dei struktur, meining og legitimitet».²⁴ Vidare konkluderer Thijs med at desse typane av forteljingar er mektige fordi dei kan enten styrka eller svekka andre narrativ eller forteljingar. På denne måten snakkar Thijs om eit narrativt hierarki der grunnforteljinga står på toppen. Det vil seia at forteljingar som er lengre nede i dette hierarkiet må forhalda seg til ei eller fleire grunnforteljingar.

2.6 Grunnforteljing, hovudforteljing og sideforteljing.

Jan Heiret, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg var i 2013 redaktørar for boka *Fortalt fortid: norsk historieskriving etter 1970*. I denne boka ser dei på kva forteljingar som pregar norsk historieskriving dei siste 50 åra. Her nyttar dei tre ulike typar av forteljingsomgrep då dei analyserer norsk historieskriving. Desse tre forteljingstypene er: *Grunnforteljing*, *hovudforteljing* og *sideforteljing*. *Grunnforteljingar* er «narrative rammer», som vert delte, gjentekne og reproduserte av fleire tekstar, og dette omgrepet er henta frå Thijs. Desse tekstane kan vera ulike i tid og stad, bakgrunn og innfallsvinkel, men dei deler likevel sentrale forteljingselement. I Noreg dreier denne forteljinga seg i stor grad om nasjonen og ein likskapstanke som vaks fram frå midt på 1800-talet, og korleis stadig nye grupper får tilgang i det nasjonale fellesskapet, gjennom å skriva seg inn i historia. Denne grunnforteljinga ligg, i følge Heiret, Ryymin og Skålevåg, tett knytt opp mot utvidinga av det norske demokratiet. Eit

²² Ibid.: 71

²³ Omgrepet *tilfeldig* er her oversett frå det engelske *contingent*. Det engelske omgrepet er nok mest brukt, men i denne oppgåva nyttar eg helst det tilnærma like norske omgrepet tilfeldig.

²⁴ Ibid: 73

hovudargument i boka er at moderne norsk historieskriving ofte handlar om å skriva nye grupper, eller å gje nye perspektiv inn i denne grunnforteljinga.²⁵

Eit anna omgrep som Heiret, Ryymin og Skålevåg nyttar er *hovudforteljing*. Hovudforteljing er eit hovudsyn, eller hovudargument i eit gitt historisk verk. Den overordna forteljinga i kvar enkelt historieverk, det vera seg; monografi, antologi, film eller annan type historisk tekst. Denne typen av forteljing ser på korleis kor forteljinga er organisert, kva idé eller perspektiv som pregar framstillinga, og korleis lesaren eller publikum forstår teksten. Kva aktørar og objekt er det som kjem fram og får plass i forteljinga? Kven står i sentrum av forteljinga? Det kan for eksempel vera personar, organisasjonar, institusjonar, politiske parti eller andre aktørar. Kva rolle speler enkeltpersonar, og kva rolle speler strukturane? Og i kva kontekstar er det personar eller strukturar oppstår i? Og sist, men ikkje minst – kva rolle har forteljaren eller historikaren? Lar han historia fortelja seg sjølv? Ser han på urett i fortida, eller kanskje frampeik på noko som skal skje? Slike spørsmål er det hovudforteljingane gjev svar på. Der grunnforteljing står fram som meir abstrakte narrative rammer, er hovudforteljing det som er essensen av ein historisk tekst.

Heiret, Ryymin og Skålevåg skriv ikkje så mykje om kva dei legg i omgrepet sideforteljing, men dette omgrepet er ganske sjølvforklarande. Sideforteljing kan vera ulike anekdotar, mindre plot, hendingar eller episodar som til saman kan underbyggja både hovudforteljingar og somme gonger grunnforteljingar. Sideforteljingane er ofte med på å byggja opp under hovudforteljinga.

2.7 Narrativ metode

For å svara på problemstillinga på denne oppgåva vil eg nytta ein form for narrativ metode, der det er forteljingane, og analyse av desse som er det mest sentrale. Det finst ikkje ein bestemt form for narrativ metode, men dette omgrepet famnar ei heil rekkje med ulike metodiske tilnæringsformer.

Den narrative metoden som eg nyttar i denne oppgåva tek utgangspunkt i historiemedvit, og ikkje minst korleis fortida held seg til notida, og somme gonger også framtida. I denne samanhengen vert ulike forteljingar viktige analytiske verktøy. Ikkje minst gjeld dette

²⁵ Heiret, Ryymin & Skålevåg (red.) 2013: 20-23

grunnforteljing. For å koma djupare inn i konkret kva den norske grunnforteljinga er, vil eg sjå om eg kan trekka dette ut av konkrete historiske forteljingar, som har eit noko ulikt utgangspunkt. Her vil eg nytta Thijs kjenneteikn for det han kallar for «master narrative», på norsk «grunnforteljing», og sjå om det faktisk eksisterer ei slik forteljing. I den delen av oppgåva eg går meir inn på boka til Kristjánsson og tv-serien til Borgen, vil eg også sjå på dei andre forteljingsformene, og knyta desse opp mot grunnforteljinga.

Det neste analytiske nivået eg vil vera på er å nytta Rüsens typologi for forteljingar som orienteringsreiskapar i tid. Kva slags forteljingar er dette, og korleis er desse typane med på å gje lesarane ei oppleving av fortida?

Det tredje analytiske nivået er Aronsson sine grunntropar i historiske forteljingar. Dette nivået er på retoriske figurar i sjølve tekstane. Gjennom denne teoretiske og metodologiske tilnærminga kan ein snakka om ein form for pyramide, eller ulike nivå. Tropar på botn, forteljingar på nivået over, og historiemedvit på toppen.

2.8 Oppsummering

I denne delen har eg gått gjennom det teoretiske grunnlaget for denne oppgåva. Hovudtrekka her er omgrepet *forteljing*, og korleis historiske forteljingar er ein viktig del av det som Aronsson kallar for historiemedvit. Aronsson skriv også om det han kallar for grunntropar i historieskriving. Desse grunntropane er forteljingselement som ein finn igjen i mange ulike tekstar. Både litterære og historiske. Jörn Rügen drøftar forteljingar som orienteringsreiskap i tid, han opererer med ei typologi som ein finn i historiske forteljingar. Vidare har eg drøfta omgrepet grunnforteljing og korleis dette er den dominerande historiske forteljinga, fortald av den dominerande gruppa, som ein ofte finn i ein nasjon.

3.0 Den norske grunnforteljinga

I denne delen av oppgåva vil eg gå djupare inn i det ein kan kalla for ei norsk grunnforteljing. Slik sett har denne delen to hovudpoeng. Det første er å undersøka korleis ei norsk grunnforteljing har blitt og vert definert og forklart, og kva element ho består av. Det andre er å sjå på nokre oversiktverk som handlar om norsk historie i tida etter andre verdskrigen. Det eg vil finna ut her er altså korleis ei norsk grunnforteljing har blitt definert av historikarar med litt ulike utgangspunkt, for deretter å gå litt djupare inn i fire historiske verk for å sjå om ein finn same grunnforteljinga her. Seinare vil eg nytta det som kjem fram i denne delen til å svara på problemstillinga om korleis forteljingar om Einar Gerhardsen knyter seg opp mot ei norsk grunnforteljing.

3.1 Forskingsstatus

Kva som er ei norsk grunnforteljing og om det i det heile eksisterer ei slik forteljing er eit komplekst spørsmål. Francis Sejersted forklarte i samband med 100-årsmarkeringa for unionsoppløysinga i 1905, kva den norske, nasjonale grunnforteljinga gjekk ut på. Her skriv han:

Den norske nasjonale fortelling er fortellingen om et lite, fattig, heroisk folk som kjemper seg frem til selvstendighet, velstand og demokrati. Det måtte kjempe mot sterke krefter, mot svenskene i 1814 og i unionstiden, mot reaksjonære krefter i eget land, mot tyskerne under annen verdenskrig, og hele tiden (og ikke minst) mot en ugjestmild natur. Intet fremskritt var lett vunnet. Men det norske folk klarte altså å betvinge alle disse formidable motkrefter.²⁶

Denne utsegna er sjølvsagt kort, likevel er ho ei bra oppsummering over korleis norsk historie vert skriven. Eit anna og meir utfyllande svar på kva ei norsk grunnforteljing er, finn ein i boka *The contested Nation – Ethnicity, Class, Religion and Gender in National histories*, frå 2008. I denne boka skriv Peter Aronsson, Narve Fulsås, Pertti Haapala og Bernhard E. Jensen ein artikkel som heiter «Nordic national histories».²⁷ Her skriv dei om historiografien i dei fire nordiske landa, Island er ikkje med, både om felles nordiske trekk og om kva som er distinkt

²⁶ Sejersted 2005: 230

²⁷ Aronsson, Fulsås, Haapala, & Jensen 2011

for kvar nordisk nasjon. Forfattarane trekker linjene heilt tilbake til historiefagets opphav i Norden. Artikkelen er ein relativ rask gjennomgang av dei nordiske grunnforteljningane og korleis desse har kome fram i ulike historiske tekstar gjennom ulike historiske periodar og skiftingar. Dette lange perspektivet på historiografien gjer at Aronsson et al. sin versjon av den norske grunnforteljninga vert noko annleis enn det som Sejersted skriv.

Aronsson et al. startar med at «folket» er utgangspunktet for mykje av den tidlege nordiske historieskrivinga. Dei dreg fram 1536, med reformasjonen og at Noreg vart eit lydrike av Danmark, som botnpunktet i norsk historie. Samtidig var dette eit vendepunkt i den norske grunnforteljninga og det gjekk framover med Noreg etter dette.²⁸ Dei skriv også at den historieskrivinga som gjekk føre seg på 1800-talet var tydeleg teleologisk, og trekte narrative linjer frå vikingtida og fram til si eiga samtid.²⁹ Vidare skriv dei at starten på ei norsk grunnforteljing var eit folk av frie bønder som valte sin eigen konge. Aronsson et al. trekker linjer opp gjennom 1800-talet og korleis historia og grunnforteljninga var med på å skapa ei kopling mellom fortid og notid som ikkje berre var meiningsfull, men også ei kopling som var realistisk. Dette gjaldt både korleis Noreg vart sjølvstendig i 1905, og korleis Noreg ende opp som ein tospråkleg nasjon (nynorsk og bokmål [sic!]), og korleis dette kunne forsvarast historisk. Utviklinga utover på 1900-talet var at arbeidarklassen måtte skrivast inn i grunnforteljninga, og at for eksempel samane si historie stort sett vart oversett i den store nasjonale historiografien. I mellomkrigstida var Halvdan Koht og Edvard Bull Sr. begge sentrale historikarar i Noreg, begge desse prøvde å integrera historieskrivinga om nasjon og klasse.³⁰

Etter andre verdskrigen, fekk nettopp krigen stor påverknad på grunnforteljninga, men på ulike måtar i dei nordiske landa. I Noreg, skriv dei, vart berre grunnforteljninga styrka, og det stod fram tre grupper som antagonistar: Fiendtlege statar, interne svikarar og motstandarar av framsteget.³¹

Konklusjonen i Aronsson et al. sin historiografiske gjennomgang, er at stammen i den norske delen av denne grunnforteljninga, men også dei andre landa, kan oppsummerast i tre viktige stikkord. Det tre er : «liberal constitution, democracy and national independence». Desse tre ideane prega Noreg i viktige historiske hendingar som for eksempel i 1814 og 1905, og fekk

²⁸ Aronsson et al 2011: 260

²⁹ Ibid: 262

³⁰ Ibid: 296f

³¹ Ibid: 272-273

fornya styrke etter krigen. Framveksten av velferdsstaten vart sett på som ei naturleg utvikling av desse nasjonale verdiane.³² Seinare finn vi at den norske grunnforteljinga vert nytta aktivt i EU-kampen både i 1972 og 1994. Dei konkluderer også med at historikarar og historieskriving er viktig for den nasjonale identiteten.

Aronsson et al. har også to andre hovudpoeng i denne artikkelen. Det første er at *nasjonen* står sentralt i historieskrivinga. Det andre er at denne grunnforteljinga ikkje er statisk, men at den vert fornya og endra heile vegen. Den viktigaste endringa som skjer er at nye grupper skriv seg inn i historia. Eit interessant poeng her, er at konklusjonen til Aronsson et al. er identisk med det som Sejersted skriv om det same temaet. Ei innvending mot Aronsson et al. er at dei i sin artikkel, har dei skrive om fire land og to hundre års historie og derfor er mange av nyansane borte og at den grunnforteljinga dei kjem fram til er for overflatisk og lite nyansert. Eit anna ankepunkt mot er at tekstutvalet er for smalt i og med at nasjonen er studieobjektet. Ei tredje innvending, som gjeld både Sejerstad og Aronsson et al. er at dei definerer pilarane i grunnforteljinga med politiske omgrep og ikkje med andre variablar.

Den norske grunnforteljinga vert endå meir utdjupa og drøfta av Heiret, Ryymin og Skålevåg (red.) i boka *Fortalt fortid. Norsk historieskriving etter 1970*.³³ Ikkje minst trekker dei trådane lenger bakover i tid enn det som Aronsson et al. gjorde. Her går dei heilt tilbake til opprettinga av ein norsk stat i mellomalderen. Deretter trekker dei linjene via reformasjonen og heilstatspolitikken, til den nasjonale renessansen i 1814, demokratiseringa på 1800-talet, til sjølvstende i 1905 og krigen som samlande traume og ikkje minst utviklinga av det moderne samfunnet etter 1945.

Denne boka tek også for seg ulike perspektiv på den norske grunnforteljinga. Konklusjonen deira er at sjølv om det eksisterer ei eller fleire tydelege grunnforteljingar om den norske historia så er ikkje desse statiske. Endringane er i hovudsak at nye felt og nye aktørar heile tida vert skrivne inn i desse forteljingane og dette skjer utan at sjølve forteljingane mister sin relevans. Tvert i mot så vert den nasjonale grunnforteljinga heller styrka med at nye aktørar og nye felt vert trekte inn i henne. Eit døme på dette er korleis samane og kvenane etter mange år har fått sin naturlege plass i denne forteljinga. Eit anna døme er korleis kvinnehistorie, sosialhistorie og lokallhistorie fann sin plass i grunnforteljinga. Nemninga «folket» forsvann frå forteljinga, og vart erstatta med meir nyanserte og splitta kategoriar som tok utgangspunkt i for eksempel

³² Ibid: 275.

³³ Heiret, Ryymin og Skålevåg (red.) 2013

kjønn eller klasse. Reint historiografisk stiller boka nokre ganske interessante spørsmål om historiefaget og historiografien, og ikkje minst om faget har blitt så fragmentert og mangefasettert som mange vil ha det til etter dei store faglege endringane som mellom anna «den språklege vendinga» innebar. Dei stiller spørsmålet om ei samlande nasjonal forteljing har blitt erstatta med mange små forteljingar.

I konklusjonen skriv dei mellom anna:

Vår lesing av tekster skrevet etter 1970 bekrefter påstanden om at det nasjonale fortsatt har en dominerende plass i norsk historieskriving. Men historiene om Norge kan ikke entydig leses som uttrykk for en nasjonal grunnfortelling om økonomisk vekst, integrasjon, og likhet der det norske folket kontinuerlig har kjempet for uavhengighet, demokrati og sosial rettferd. Vi finner ikke en nasjonal grunnfortelling i de analyserte tekstene, men flere.³⁴

Jan Heiret analyserer i denne boka tre eksempel på store oversiktsverk over norsk historie som alle er gjevne ut i frå slutten av 70-talet til i dag.³⁵ Her finn han at desse verka held seg til ei grunnforteljing om Noreg i etterkrigstida som handlar om «[...] sosial, politisk, og kulturell utjevning innenfor rammen av en integrerende nasjonalstat».³⁶

Eit av historieverka Heiret analyserer er *Cappelens norgeshistorie* frå 1979. Nærare bestemt bind 14 som handlar om tida etter 1945. Dette bindet er skriva av Edvard Bull d.y. Bulls hovudforteljing er om «[...] industrialisering, strukturrasjonalisering og konserndanning der makten samles i et «toppfolkenes partnerskap» mellom statsapparatet og lederne for de store organisasjonene i arbeidslivet». Denne forteljinga er i stor grad ei politisk-økonomisk forteljing. I denne forteljinga bryt «[...] det moderne kapitalistiske industrisamfunnet [...] opp de sosiale båndene». Noreg etter 1945 består at ein tapt livsform og framandgjering frå det moderne industrisamfunnet. Bull har ein marxistisk tankegang om historia. Verdt å merka seg er at velferdsstaten ikkje blir tillagt noko særleg viktig funksjon, utanom å redde dei aller vanskelegast stilte frå svolten.

I Bind 12 av *Aschehougs norgeshistorie* frå 1990 kjem bindforfattar Even Lange til den totalt motsette av Bulls konklusjon. Her er det vekst og velstand, samarbeid og utvikling som trer

³⁴ Heiret, Ryymin & Skålevåg (red.) 2013: 340

³⁵ Dei tre bøkene er: Edvard Bull d.y: *Norge i den rike verden. Tiden etter 1945* (Bind 14 av *Cappelens norgeshistorie* (1979)). Edgeir Benum: *Overflod og fremtidsfrykt 1970-* (Bind 12 av *Aschehougs norgeshistorie* (1998)) og May-Brith Ohman Nielsen: *Etter 1914*, Bind 4 i *Norvegr* (Aschehoug, 2011)

³⁶ Heiret, Ryymin & Skålevik (red.): 341

fram som store linjer. I følgje Heiret, nyttar Bull og Lange dei same sidehistoriene, men kjem til vidt forskjellig konklusjon. Noreg etter andre verdskrigen handlar om vekst og velstand, fellesskap og ikkje «toppfolk» og elitar. Bull og Lange har motsette hovudforteljingar med utgangspunkt i same historiske periode.

I fjerde bind av *Norvegr* har May-Brith Ohman Nielsen også vekst og velstand som hovudforteljing i sitt verk, men ein finn også spor utviklingspessimisme, som til dømes hjå Bull her. Altså både ei optimistisk og pessimistisk linje. Den økonomiske utviklinga er stort sett skildra positivt, medan den sosiale utviklinga ofte vert stilt fram som negativ. Altså har Ohman Nielsen to konkurrerande hovudforteljingar i sitt bidrag.

Kva grunnforteljing trer fram her i desse tre verka? For det første er det nasjonen «Noreg» som er protagonisten i forteljingane. Så varierer det litt kven som er hovudaktøren i forteljingane og om dette er nasjonen er eller er det folket, eller som Heiret konkluderer med:

Måten hovedfortellingene periodiseres på, peker også mot at de skrives innenfor en felles grunnfortelling der internasjonale politiske og økonomiske prosesser, med kraft til å endre de nasjonale institusjonelle, sosiale og kulturelle mønstre, markerer de historiske vendepunktene.³⁷

Eit interessant spørsmål er om ein kan nytta same kritikken mot Heiret som Heiret, Ryymin og Skålevåg nyttar om Aronsson et al.? Det tekstutvalet som Heiret har sett på er ein bestemt type av historieverk, nemleg historieverk som fortel noregshistoria i mange bind og som dekker tida frå starten av historisk tid til våre dagar. Kan det ikkje heller vera slik at ein analyse av ein slik type historieverk fortel noko om akkurat kva grunnforteljing ein finn i denne typen av verk? Og er det slik at i det mangfaldet av verk som har blitt skrive om Noregs historie etter andre verdskrigen, at me finn igjen den same grunnforteljinga?

Ein som har skrive om den svenske grunnforteljinga er den svenske historikaren Bo Stråth. Stråth sitt utgangspunkt er eit anna – nemleg mytar, og nærare bestemt *opphavsmytar*. Dette omgrepet kan ein kjenna igjen frå Thijs' si drøfting av «master narratives». Nemleg at slike grunnforteljingar ofte har eit nærast mytisk opphav. Han tar for seg dei tre opphavsmytane som det moderne Sverige er basert på. Utgangspunktet for Stråth er det den israelske sosiologen Shmuel Eisenstadt har kalla for *multiple modernities*. Opphavet til eit samfunn, eller rettare sagt – myten om opphavet til eit samfunn, består av tre deler. Det er noko opphavleg «primordial»,

³⁷ Heiret, Ryymin & Skålevåg (red.): 90

noko religiøst eller sekulært og noko sivilt, noko som eksisterer utanfor staten og det offentlege. Bo Stråth nyttar dette utgangspunktet til å fastslå kva som definerer det moderne Sverige og kjem fram til at *fattigdom, nøytralitet og velferd* er det som definerer det moderne svenske samfunnet.³⁸ Stråth understreker også at desse mytane er dynamiske og har endra seg kraftig over tid. Til dømes var kongemakt og krigarkongen Karl XII ein viktig del av den svenske opphavsmysten om ein går tilbake i tid. Den store forskjellen på Stråth og Aronsson et al. er at Stråth ser på meir enn utelukkande det politiske når han fortel om kva mytar det moderne Sverige er basert på. No er det ikkje slik at opphavsmytar og grunnforteljing er det same, men opphavsmytane kan vera eit utgangspunkt for grunnforteljinga, jamfør Thijs, ikkje minst som eit startpunkt. For kor den moderne nasjonen oppstår har ikkje eit opplagt svar.

Då kan ein spørja kva som skjer med grunnforteljinga om ein utvidar studiet som Heiret har gjort på oversiktsverka? Vil ein finna igjen same grunnforteljinga i alle verka? Vil ein finna ei eller fleire grunnforteljingar? Eller er det slik at historieverk som har eit anna utgangspunkt, anten ideologisk eller kva tid det vart gjeve ut, har noko å seia om kva grunnforteljing teksten held seg til? Og finn ein i denne grunnforteljinga det som Stråth kallar for opphavsmytar om kva som er det moderne Noreg? Kan me snakka om ei eller fleire norske opphavsmytar? Kva tid oppstår det moderne Noreg, eller det ekte Noreg? Finst det sideforteljingar som utfordrar grunnforteljinga? Til slutt vil eg flytta fokus frå historieverk til kva posisjon denne grunnforteljinga har i dag.

Det kjem altså ut mange bøker om norsk historie og fleire av dei oversiktsverk. I den neste delen av oppgåva vil eg ta føre meg fire bøker som alle har til felles at dei på eit eller anna vis, handlar om Noreg i etterkrigstida. Dei fire er artikkelsamlinga *Vekst og velstand* frå 1977, med Trond Bergh og Helge Pharo som redaktørar. Ola Svein Stugu sin monografi om *Norsk historie - vegen mot velstandslandet* frå 2018. Francis Sejersteds bind tre av partiet Høyres historie. Boka heiter *Høyres historie 3 – Opposisjon og posisjon (1945-1981)*. Til slutt Rune Slagstads *De nasjonale strateger* frå 1998. Andre bøker kunne ha vore med i ein slik gjennomgang, men likevel er ikkje utvalet tilfeldig. For det første har bøkene variasjon i kva tid dei er skrivne. Det er nærliggjande å tenka seg at synet på norsk historie er noko annleis på 1970-talet, enn det er for eksempel i 2018. Ein annan fordel med dette utvalet er at det kan gje indikasjonar på om me faktisk finn igjen ei grunnforteljing her. For det tredje så har desse verka ein noko ulik innfallsvinkel til den norske historia. Bergh og Pharo (red.) tar i stor grad føre seg den

³⁸ Stråth 2000: 375-402

økonomiske historia og legg ikkje så mykje vekt på den sosiale delen. Stugu si bok er eit oversiktsverk som er relativt nyskrive og tar føre seg mange ulike sider ved norsk historie. Francis Sejersted er tidlegare nemnt i denne teksten, og med historia til partiet Høgre, tar han utgangspunkt i etterkrigstidas største opposisjonsparti. Medan Slagstad tar føre seg modernisering og korleis Noreg vart modernisert frå tidleg 1800-tal til 1990-talet, og har eit meir individorientert fokus enn dei andre.

3.2 Vekst og velstand

I 1977 vart eitt av dei første verka som dekkar norsk etterkrigshistorie utgjeve. Denne antologien fekk namnet *Vekst og velstand* og tok føre seg norsk etterkrigshistorie frå 1945 til 1965 og hadde Trond Bergh og Helge Pharo som redaktørar. I føreordet skriv Bergh at det er den økonomiske politikken som står i sentrum i verket: «I etterkrigstiden – mer enn i noen annen periode – er det den økonomiske politikk som har stått i sentrum av den politiske debatt.»³⁹ Boka deler den norske etterkrigshistoria inn i seks ulike tema: økonomisk politikk, industripolitikk, det vestlege samarbeidet, Noreg og den tredje verda, politiske opposisjonsgrupper, medan siste delen av boka tar opp hovudtendensar i norsk politikk frå 1945 til 1965. Denne siste delen er skriven av Geir Lundestad. I følgje forordet, tar boka føre seg eit såpass kort spenn i tid at sosiale og kulturelle utviklingstrekk ikkje er via mykje plass.

Det er Trond Bergh som skriv kapittelet om den økonomiske politikken. Bergh innleier dette kapittelet med ei forteljing om økonomisk opptur og vekst i Noreg i åra etter andre verdskrigen: «[...] også i tidligere perioder hadde nok den norske økonomi gjennomgått sterk vekst, men ikke over en slik lang sammenhengende periode, og fremfor noe annet, ikke med slik stabilitet.»⁴⁰

Spesielt dersom ein ser etterkrigstida opp mot mellomkrigstida, viser den økonomiske veksten seg å vera høgst reell. Det er stor årleg vekst i norsk økonomi, og me ser ei dobling av lønene i perioden. Samtidig kjem det fram meir uønska sider av denne økonomiske veksten. Prisane stig, og den økonomiske politikken medførte ei medviten sentralisering i landet. Bergh drøftar grunnane for at den økonomiske utviklinga er så sterk i perioden etter krigen og det tar ikkje mange sidene før Keynes, og det faktum at staten er meir aktiv i den økonomiske politikken,

³⁹ Bergh, Pharo (red.) 1977: 9

⁴⁰ Bergh, Pharo (red.): 13

vert trekt fram som ein av hovudgrunnane for dette. «Statens oppgave ble ikke lenger begrenset til å legge forholdene til rette for at utviklingen skulle «gå av seg selv». Staten skulle selv styre den økonomiske utviklingsprosess». ⁴¹ Dette, kombinert med ein politisk stabilitet og ein «avideologisk» periode rett etter krigen gav grunnlaget for stabilitet og vekst for det norske samfunnet. Bergh skriv vidare at det var Arbeidarpartiet som var den sentrale drivkrafta for den norske økonomiske politikken, og partiets økonomiske styring er prega at to sentrale hovudtrekk. Ein, at Arbeidarpartiet har gått fullstendig bort frå sitt revolusjonære program og tilsvarande økonomiske tanke sett, men framleis ville ha ein politisk styrt økonomi. To, at det er teoriane til Keynes som i stor grad ligg til grunn for den økonomiske politikken. Denne politikken gjekk noko motvillig, for Arbeidarpartiet, ut på økonomisk vekst, slik at det skulle «vera meir å dela», og dei høgproduktive eksportnæringane vart prioriterte. ⁴²

Det er Arbeiderpartiet som er protagonisten og hovudaktøren i Berghs forteljing, medan Høgre vert stilt fram som ideologisk motstandar. Høgre er mot den keynesianske vridinga i norsk økonomisk politikk, noko som kjem fram med at dei i 1946 kravde at nasjonalbudsjettet skulle vera i balanse, og dermed gjekk inn for mindre statleg innblanding i økonomien. ⁴³ Høgre vert også skildra som eit parti som har indre strid, og som ikkje har eit fullgodt alternativ til keynesianismen og planøkonomien til Arbeidarpartiet.

Bergh skriv vidare om økonomien utover på 1950-talet. Det var då norsk økonomi gjekk frå gjenreising til utviklinga av eit vekst- og velferdssamfunn. I denne perioden vert statens rolle tilbakeført som tilretteleggjar og Arbeidarpartiet måtte liberalisera sin økonomiske politikk i møte med kritikk frå opposisjonen. «Tilretteleggelsesfunksjonen var imidlertid langt mer omfattende og krevde en både totalt og relativt sett langt mer aktiv stat i etterkrigstidens kompliserte samfunn enn i tidligere tiders enklere forhold.» ⁴⁴

Berghs hovudforteljing i dette kapittelet, er at det er Arbeidarpartiet som er den største drivkrafta bak den økonomiske politikken i Noreg etter andre verdskrigen, og at denne politikken er prega av Keynes og planøkonomi. Bergh finn også ein dualisme i Arbeidarpartiets politikk etter at gjenreisinga i stor grad er fullført ved inngangen til 50-talet. På den eine sida vart politikarane si direkte styring over økonomien mindre, samtidig som den offentlege sektoren vaks, og at denne sektoren vart viktig som «politisk-økonomisk styringsmekanisme».

⁴¹ Ibid: 16

⁴² Ibid: 24-25

⁴³ Ibid: 53

⁴⁴ Ibid: 80

Politisk var dei første åra etter krigen prega av konsensus, medan dei seinare åra fram mot 1965 var ei utvikling av denne konsensuspolitikken, der Arbeidarpartiet måtte ta fleire omsyn til opposisjonen. Konsensuspolitikken blir utvikla til ein form for kompromisspolitikk, det som Bergh kallar for den «kompromisspregede harmoniseringsprosess».

Neste del av *Vekst og velstand* tar føre seg norsk industripolitikk i perioden 1945-65. I boka fungerer dette helst som ei sideforteljing som byggjer opp under hovudforteljinga frå den første delen. Staten si rolle i industrien vert stadig større og staten engasjerer seg nå meir direkte som eigar og aktør, spesielt innan den energikrevjande industrien. Dette heng saman med det overordna politiske ønsket om velstandsutvikling, noko som berre kan oppnåast gjennom auka produktivitet, sjølv om staten si rolle vert kritisert av andre politiske parti.

Del tre av boka tar føre seg Noregs plass i verda og heiter «Norge i det vestlige samarbeid» og er ført i pennen av Knut E. Eriksen. Hans hovudargument er at utanrikspolitikken i Noreg etter andre verdskrigen er prega av brot med det gamle. Utanrikspolitikken vert i etterkrigsåra ein viktigare del av det politiske Noreg, og landet måtte som ung og sjølvstendig stat, inngå internasjonale avtalar som i praksis gjorde at noko av suvereniteten vart gitt til overnasjonale organisasjonar. Eriksen hevdar at NATO-medlemsskapet i 1949 var det symbolske og reelt sett viktigaste brotet med den utanrikspolitikken som nasjonen hadde ført sidan sjølvstendet i 1905.⁴⁵ Denne delen av boka fungerer også som ei sideforteljing som bygger opp under hovudforteljinga ein finn Berghs første del. Sjølv om det var opposisjon og reell usemje om ulike utanrikspolitiske val, så var denne sektoren av norsk politikk kanskje i endå større grad prega av partipolitisk semje. Sjølv om den praktiske politikken vart ganske radikalt endra, så stod Noreg fram som ein samla nasjon på dette feltet. Eriksen stiller spørsmålet om dette skuldast at ein liten nasjon ville ha det «[...]lettere å bli hørt og tillagt vekt» i det internasjonale samfunnet.⁴⁶ Sjølv om spørsmåla om nordisk tollunion og om Noreg skulle ha atomvåpen gjorde at det vart politisk konflikt, så skapte ikkje desse spørsmåla djupe skiljelinjer i politikken. Det var nesten meir opposisjon internt i Arbeidarpartiet enn mellom partia. Eriksen understrekar også at vestvendinga Noreg tok i utanrikspolitikken var meir enn berre sybolikk. Dette blir eksemplifisert med at Noreg stemte med USA 80-90 prosent av gongene i FN.⁴⁷ Samtidig tok Noreg fleire gonger eit slags mellomstandpunkt, spesielt i NATO der «norske demokratiske

⁴⁵ Ibid: 170-171

⁴⁶ Ibid: 172

⁴⁷ Ibid: 174.

idealer og tradisjon» var bakgrunnen for norsk skepsis til basepolitikken, og kritikk av styresettet i enkelte NATO-land.

Eriksen deler inn den norske utanrikspolitikken frå 1945–1965 i åtte deler der brubbyggingspolitikken og Noregs forhold til Norden, NATO og Vest-Europa er dei sentrale temaa. Eit interessant grep som Eriksen nyttar her, er at han stort sett snakkar om «norske interesser», «norsk holdning» og korleis «Norge» agerer i ulike situasjonar som oppstår i utanrikspolitikken. Denne omgrepsbruken er med på å byggja opp under hovudforteljinga om ein samla nasjon. Det er ikkje via mykje rom til den interne usemja i Noreg, og dei norske interessene står fram som samlande og nasjonale.

Som sideforteljing er historia om norsk vending vestover og om utanrikspolitikk med på å styrka hovudforteljinga i boka om brei politisk semje om dei store spørsmåla. Sjølv om det var reell opposisjon så var denne mykje svakare enn støtta bak dei store linjene. Dette konkluderer også Eriksen med i avslutninga i denne delen: «Et sentralt poeng i denne framstilling har vært understrekningen av den brede enigheten mellom Arbeiderpartiet og de ikke-sosialistiske partier.»⁴⁸

Ei anna sideforteljing som underbygger hovudforteljinga er kapittelet om dei meir radikale venstrekraftene i norsk politikk. Korleis Noregs kommunistiske parti (NKP) si rolle gradvis blir mindre og mindre i norsk politikk, etter eit veldig godt stortingsval hausten 1945. NKPs sovjetvennlege haldning utover etterkrigstida gjorde at partiet mista oppslutning både i fagrørsla og folket generelt. Samtidig knytte nasjonen seg tettare opp mot vestmaktene og opposisjonen frå venstresida vart svakare.

Den same sideforteljinga finn ein igjen om dei ikkje-sosialistiske partia på høgresida av politikken. Den politiske avstanden til Arbeidarpartiet var ikkje stor nok. Dette førte nærast til ein norsk konsensus og gjorde at høgresida i politikken ikkje klarte å stå fram som eit reelt alternativ til Arbeidarpartiet. Dette endra seg først ved Lyng-regjeringa i 1963. Etter dette og fram mot EEC-kampen stod dei borgarlege meir samla som eit truverdig styringsalternativ. Men denne samlinga slo også sprekker etter folkeavstemminga i 1972.

⁴⁸ Ibid: 266.

Siste del av boka er ein oppsummeringsdel av norsk politisk historie frå 1945-1965. Denne delen er førd i pennen av Geir Lundestad. Han peiker på fire hovudpunkt i denne perioden:

- 1) At det i de 20-25 første etterkrigsår rådde en enestående politisk stabilitet.
- 2) At norsk politikk ble påvirket langt sterkere enn tidligere av de internasjonale omgivelser.
- 3) At tilnærmingen mellom de store politiske partier og organisasjoner gikk betydelig lenger enn i mellomkrigstida, og at enigheten også var større enn den har vist seg å bli i de aller siste år.
- 4) At det fant sted en sentralisering som tiltok i et slikt tempo at den til slutt bidro til å skape nye politisk-økonomiske holdninger.⁴⁹

I tillegg tar han med eit femte, men unummerert punkt om ei brei politisk semje om rask økonomisk vekt.

Slik sett så understrekar Lundestad her det som er hovudforteljinga i heile denne antologien. At det politiske klimaet i Noreg i stor grad var konsensusorientert, og at den semja som oppstod i gjenreisingsfasen rett etter krigen, vart vidareført i både det politiske, økonomiske og utanrikspolitiske Noreg.

Noko av det som er overraskande med *Vekst og velstand* er kva som ikkje er via plass i boka. No står det rett nok i føreordet at boka konsentrerer seg om den politiske historia, men at ordet *velferd* berre er nemnd ein gong må nok seiast å vera relativt overraskande, i alle fall med moderne auge.⁵⁰ Då ordet velferd vert nemnt, så er det i samband med kva Arbeidarpartiet sine nye nøkkelord var i valkampen i 1953, i same andedrag som planøkonomi og økonomisk vekst.

Framstillinga av Noreg i *Vekst og velstand* er prega av tilfeldigheter. Mykje av det som skjer kunne blitt annleis, og det har aldri vore ei samanhengande utvikling frå 1945 til 1965. Mykje av den økonomiske politikken som har vore tonegejvande i Noreg, kunne blitt annleis om andre idear og metodar hadde stått sterkare under andre omstende. Den eineståande semja som pregar politikken, har alltid hatt sine motstemmar og kritikarar, men desse vart stort sett plasserte på sidelinja.

Ein finn i hovudsak ein viktige grunntrope i denne boka. Det er den tropen Aronsson kallar framstegstropen. På mange ulike område går det norske samfunnet framover. Motstanden vert marginalisert og ein eineståande konsensus gjev seg gjeldande på så mange politikk- og

⁴⁹ Ibid: 453

⁵⁰ Ibid: 476

samfunnsområde. Sjølv om det finst opposisjon så er det konsensusen som rår både i den økonomiske politikken og utanrikspolitikken.

Ein kan sjå på *Vekst og Velstand* som det Rösen kallar for ei «tradisjonsforteljing». Kor er det me kjem frå? Bokas hovudforteljing handlar i stor grad om at det Noreg som vert portrettert i 1977, har sitt utgangspunkt i tida rett etter krigen. Ei anna viktig forteljing her er det som Rösen kallar ei «kritisk forteljing». Den andre verdskrigen vert dregen fram som eit klart brot i norsk historie. Etter krigen kjem den økonomiske utviklinga som ein berre kunne drøyma om på 30-talet. Etter krigen må Noreg ta utanrikspolitiske val som bind landet tettare opp mot USA og vestmaktene. Bergh og Pharo (red.) må lesast som ei utviklingsforteljing som kjem som ein konsekvens av den kritiske forteljinga. Korleis framsteget kjem etter brotet som andre verdskrigen var.

3.3 Veggen mot velstandslandet

Ola Svein Stugu gav ut læreverket *Norsk historie - veggen mot velstandslandet* i 2018. Denne boka er ein del av Samlaget sin bokserie om norsk historie frå heilt frå vikingtida til i dag. Boka til Stugu tar føre seg perioden frå 1905 og fram mot våre dagar. Etterkrigstida er i denne boka delt i to kapittel. Kapittel fire, som heiter *Krig og gjenreising (1939–50)*, og kapittel fem som heiter *Industrivekst og velferdsstat (1950–1973)*. Grunnen til denne periodiseringa er at Stugu ser på året 1973 som eit klart brot i etterkrigshistoria der oljekrise, EF-avstemming og det påfølgjande stortingsvalet er indikasjonar på dette brotet.⁵¹

I innleiinga i kapittelet om etterkrigstida, er det to sentrale element Stugu skriv om. Det første er at rasjonering var det einaste reelle alternativet for ei rettferdig oppbygging av Noreg, det andre er utviklinga av ein velferdsstat. Også hjå Stugu er det Arbeidarpartiet som er den største drivkrafta og viktigaste aktør bak gjenreisinga, med fellesprogram, planøkonomi og rasjonering som viktige stikkord. Stugu forsøker å plassera den norske økonomiske politikken i etterkrigstida inn i ein europeisk venstre-høgre-akse. Han hevdar her at det er stor skilnad på statssosialismen i Aust-Europa og den norske økonomiske modellen.⁵² Då den norske staten kjøpte seg opp i Hydro «[...] var det privatkapitalistiske prinsipp som låg til grunn for

⁵¹ Stugu 2018: 174

⁵² Stugu 2018: 164

verksemda».⁵³ Stugu sin konklusjon i dette kapittelet er at Noregs økonomiske politikk, med landets blandingsøkonomi, ligg omtrent midt på høgre-venstre-aksen.

Stugu tar også føre seg vestvendinga Noreg har i utanrikspolitikken. Her skriv han mest om kvifor det nordiske forsvarssamarbeidet stranda, og at Noreg etter kvart gjekk inn i NATO, som etter kvart sto fram som det einaste reelle alternativet.

I kapitlet om industrivekst og velferdsstat skriv Stugu utfyllande om norsk industriutvikling og statens rolle i denne. Eit av hovudpoenga hans er at det var stor semje om kva prinsipp som skulle leggjast til grunn for «[...] den politiske og økonomiske utviklinga av landet».⁵⁴ Stugu er innom mange ulike sideforteljingar av den norske utviklinga. Han nemner alt frå Gerhardsen, gjennom «landsfaderen» og «noen har snakket sammen» til produktivitetsvekst, Norsk jernverk i Mo i Rana, til fiskarbonden og kommunereform.

Det som står fram som ei hovudforteljing hjå Stugu, handlar om utvikling, endring og politisk samarbeid. Dette finn ein også igjen i undertittelen av boka: *vegen mot velstandslandet*. Men denne framstillinga er ikkje prega av ei rein vekstforteljing. Det finst eksempel på tilbakeslag og usemje, mellom anna i spørsmålet om kor aktiv staten skulle vera i industripolitikken. Her er det òg fleire frampeik mot dei problemstillingane me kjenner igjen frå nyare politisk debatt, mellom anna om miljø, utdanning og urbanisering. Det som Stugu legg opp til her, er eit balansert uttrykk for den utviklinga Noreg fekk etter krigen. Sidan han tar med omtrent alle viktige samfunnsområde, fungerer nesten kvart avsnitt som ei eiga sideforteljing. Felles for desse små sideforteljingane er at dei alle på ein eller annan måte viser utvikling, og at dei eksemplifiserer denne perioden som Francis Sejersted har kalla for «sosialdemokratiets lykkelige periode».⁵⁵ I tillegg til alle desse sideforteljingane som ein finn hjå Stugu, så ser ein også fleire samfunnsområde som nok ikkje var så sentrale i si samtid, men som har blitt viktige i dag. Dei beste eksempla på dette finn ein i siste delen av kapittel fem, der han skriv om havretten og korleis Noreg kopierar islandsk strategi for å fastsetta grensene her. Stugu skriv også om at ein ser nokre av konsekvensane av industribygginga, med forureining og miljøproblem, mellom anna ved Jernverket i Mo og på Herøya.⁵⁶

⁵³ Ibid: 165

⁵⁴ Ibid: 176

⁵⁵ I Stugu, 2018: 175

⁵⁶ Stugu 2018: 237-238

Ein kan argumentera for at Stugu si framstilling av denne perioden er nærast teleologisk. Den historia som Stugu skriv er historia om korleis Noreg har blitt, og at alt heng saman. I perioden rett etter krigen finn me starten på dei prosessane og elementa som definerer Noreg i dag. Velstandsauken som startar med ei massiv industrialisering etter krigen og som har gjort Noreg til eit av dei rikaste landa i verda i dag. Eit anna eksempel er forureiningsproblematikken som denne industrialiseringa førte med seg, og eit tredje eksempel handlar om at den politiske semja vart utfordra når ein kjem eit stykke ut på 60-talet. Her finn ein ei klar utviklingsforteljing, der alle delane som til saman blir det norske samfunnet, går gjennom ei eller anna form for endring eller utvikling i perioden 1945–1965. Men ikkje all denne utviklinga er positiv. Slik sett er det to av Aronsson sine tropar som har stor plass i Stugu si forteljing. Den første er «framstegstropen» – at Noreg går gjennom ei rivande utvikling og at denne utviklinga gjeld nesten alle område i samfunnet. Den andre tropen er den Aronsson kallar «det finst ikkje noko nytt under sola». Hovudargumentet til Stugu her er at det som har skjedd tidlegare framleis er relevant for oss i dag. Dette argumentet vert underbyggja av at Stugu er så brei i kva samfunnsområde han tek med i framstillinga si.

Det siste delkapittelet hjå Stugu er ein diskusjon om kva forteljing som passar best når historia til Noreg skal skrivast. Her argumenterer Stugu sjølv for at framstegsforteljinga er den aller viktigaste når ein skal skriva om Noregs historie frå 1905 og utover.⁵⁷ Medan ei motstridande forteljing om forfall helst fungerer som ei «uunngåeleg vrangside ved framgangen».⁵⁸ Her ser me korleis framstillinga hans har to motstridande forteljingar. For å nytta Rösen sin typologi, så rangerer Stugu utviklingsforteljinga høgare enn den kritiske forteljinga. Framsteg og utvikling er viktigare enn brot og forfall.

3.4 Høyres historie

I 1984 skreiv Francis Sejersted bind tre av partiet Høgres historie. Boka heiter *Høyres historie 3 – Opposisjon og posisjon (1945–1981)*. Naturleg nok har denne boka eit litt anna utgangspunkt enn dei andre bøkene og tekstane eg har sett på i denne delen av oppgåva. Her vert etterkrigshistoria skriven frå Høgre sitt perspektiv. Sejersted har fem hovuddelar i boka si. Dei er (1) *Reetablering av partiet*, (2) *Ideologisk strid (1945–1953)*, (3) *Opposisjonell avmakt*

⁵⁷ Stugu 2018: 352

⁵⁸ Stugu 2018: 356

1953–1961, (4) *Kampen om initiativet 1961–1973*, og (5) *Mot en ny høyrebølge 1973–1981*). Allereie i indekseringa finn ein element frå mellom anna Bergh & Pharo, for eksempel at Høgre er prega av ideologisk strid og opposisjonstilværet sitt utover i perioden etter andre verdskrig var over.

Sejersted startar si framstilling med eit parti som ikkje har «[...] unge, nye folk som raskt og effektivt skjøyv de gamle til side og overtok ledelsen» slik som Arbeidarpartiet hadde i perioden rett etter andre verdskrigen.⁵⁹ Her teiknar Sejersted eit bilde av ein «fellesskapsfølelse» som krigen hadde skapt, og eit «fornuftsekteskap» mellom regjering og heimefront, der eit Høgre utan klar partileiing og retning, ikkje heilt fann sin plass. Kontinuiteten i Høgres leiging passar ikkje inn med det historiske brotet som krigen var. Fellesprogrammet etter krigen sette Høgre i eit dilemma mellom partipolitisk markering og fellesskapskjensle. I følgje Sejersted, blir Høgre nøydd til å godta Fellesprogrammet, men formulerte eit politisk program som tok klar avstand frå «all sosialistisk planøkonomi» og formulerte at ingen var betre i stand til effektivisering enn private aktørar. Det var med utgangspunkt i dette programmet at dei agiterte i valkampen 1945.⁶⁰ Vidare skriv Sejersted at mykje av grunnlaget for Arbeidarpartiets suksess rett etter krigen er at det gamle klassekamppartiet nok tok over høgresida sine ideal om «[...] fellesskap på tvers av klasseskiller».⁶¹ På den måten var mykje av det Arbeidarpartiet og Gerhardsen stod for, henta frå det som Høgre predikerte på 30-talet. Det politiske spelet og forhandlingane som føregjekk før Gerhardsen vart utnemnd til statsminister 25. juni handla i stor grad om kva parti som klarte å knyte seg opp mot fellesskapskjensla som krigen hadde skapt, og kva parti som klarte å vidareføra arva frå heimefronten. Det viste seg at det var Arbeidarpartiet som forstod dette best. Men det var Hambro som var arkitekten bak at det parlamentariske systemet vart innført etter krigen, sjølv dette noko paradoksalt førte til at det var Gerhardsen som vart statsminister.⁶²

Sejersted teiknar eit bilde av Høgre som den politiske motsatsen til Arbeidarpartiet. Der Arbeidarpartiet klarte å handtera sin interne opposisjon, var Høgre stadig splitta av fritt-næringslivstradisjonen og embetsmannstradisjonen.⁶³ Denne splittinga gjorde at det stadig vart

⁵⁹ Sejersted 1984: 9.

⁶⁰ Ibid: 27-28. Ein artig detalj her er når Sejersted skriv at Gerhardsen står fram som ein like naturleg leiar i Noreg i 1945 som Michelsen gjorde i 1905 og Hambro i 1940.

⁶¹ Ibid: 28

⁶² Ibid: 31.

⁶³ Ibid.,: 51f

vanskeleg å stabla eit stabilt og økonomiske fungerande parti på beina, og at partiorganiseringa gjorde ein reell kamp mot Arbeidarpartiet vanskeleg.

Ei av hovudforteljningane i denne boka er at Høgre til kvar tid agiterer for ein ideologisk motstand mot Fellesprogrammet og Arbeidarpartiets økonomiske politikk. Sjølv om denne linja ikkje får stor påverknad nasjonalt i åra rett etter krigen, ligg motstanden der likevel. Dette kjem for eksempel fram under debatten om underskot i statsbudsjettet i 1946. Her poengterer Sejersted at dei politiske måla og den politiske usikkerheita er lik hjå både Arbeidarpartiet og Høgre, men metodane er ulike. For eksempel er begge partia redde for inflasjon i Noreg etter krigen, men medan Arbeidarpartiet vil auka kjøpekrafta med meir produksjon, ville Høgre driva med «drenering av landets pengevesen» med ein kraftig eingongsskatt på formue.⁶⁴ Sejersted poengterer at diskusjonane internt i Høgre grovt sett enda opp med at partiet i stor grad la seg tett opp mot Arbeidarpartiet sin økonomiske politikk.

Sejersted forklarar også bakgrunnen til den strategien som Høgre stort sett hadde i heile etterkrigstida.⁶⁵ Hovudtanken i strategien var nemleg slik at partiet støtta dei moderate kreftene i Arbeidarpartiet når desse kom i konflikt med den meir radikale fløya. Strategien innebar også at dei samtidig låg lågt i terrenget. Dette var nok, i følgje Sejersted, ein bra strategi for å hindra at den radikale fløya i Arbeidarpartiet skulle få gjennom sitt syn, men om det var ein like bra strategi for eit opposisjonsparti som skal markera seg, er kanskje heller meir usikkert.

Eit anna viktig poeng ein finn hjå Sejersted, er at Arbeidarpartiet og Høgre ofte er einige om standpunkt, som for eksempel i saka om inflasjon, men at dei stort sett var ueinige i argumentasjonen for standpunkta sine. Eit eksempel her at ein i begge partia finn store grupperingar som er skeptiske eller direkte motstandarar av norsk NATO-medlemsskap. Der Hambro og Høgre nølte med å gå god for norsk medlemsskap i Atlanterhavspakta fordi Noreg ikkje burde involvera seg for tungt i ein storpolitisk allianse, var mange i Arbeidarpartiet skeptiske til NATO av ideologiske grunnar – dei ville ikkje knyta seg for tett opp mot «kapitalismens høyborg»⁶⁶. At Arbeidarpartiet skulle gå inn i vestalliansen, motta Marshallhjelp, sikra medlemsskap i OEEC, og på desse måtane distansera seg frå kommunismen og Sovjetunionen, var på ingen måte sjølvstøtt. I følgje Sejersted gjorde denne breie politiske semja at Noregs utanrikspolitikk nok var bortimot uendra fram til 1980, nokon vil kanskje hevda endå

⁶⁴ Ibid: 63-64.

⁶⁵ Ibid: 73

⁶⁶ Ibid: 93-94

lenger. Realpolitikken var viktigare for både Høgre og Arbeidarpartiet enn dei ideologiske standpunkta når det kom til forsvarssamarbeid.

Hovudforteljinga til Sejersted kan oppsummerast med eit sitat frå boka hans:

Det var simpelthen ikke noe særlig å angripe i Arbeiderpartiets politikk. 50-årene hadde budt på en tilnærming mellom de gamle hovedmotstandere når det gjaldt nasjonaliseringen, reguleringspolitikken, næringsprioriteringen og finanspolitikken, og går vi tilbake til slutten av 40-årene kan vi også i høy grad ta med forsvars- og sikkerhetspolitikken. Grunnlaget for å reise opposisjon var spinkelt.⁶⁷

Arbeidarpartiets posisjon var suveren i norsk politikk på 50-talet, og det kjem fram i hovudforteljinga til Sejersted, men han har ikkje heilt den same hovudforteljinga som Bergh. Sejersted får ofte fram at den politikken Arbeidarpartiet førte, ofte var inspirert av Høgre, og at Høgre ofte, om ein uuttala, støtta dei moderate kreftene i Arbeidarpartiet. Sejersted viser til ei rekkje med sideforteljingar som handlar om intern diskusjon, og eit parti som ofte må velja mellom å støtta Arbeidarpartiet eller om dei vil ta tunge ideologiske val, der sjansen for politisk gevinst er liten. For eksempel når Høgre ikkje klarar heilt å bestemma seg for om dei støttar Fellesprogrammet etter krigen eller ikkje. Men noko som Sejersted bringer til torgs er at han heile vegen i framstillinga si trekker inn kva som kunne ha skjedd. Hans forteljing er aldri i nærleiken av å vera teleologisk. Det er ikkje slik at den retninga Noreg tar i åra etter andre verdskrigen, er slik det måtte gå. Noko som knapt er overraskande med tanke på at denne boka fortel historia til det partiet som var det viktigaste opposisjonspartiet dei første 20 åra etter krigen, og kanskje endå lenger. Arbeidarpartiet la premissa etter krigen, men Høgre fekk påverka mykje av, spesielt den økonomiske, politikken i si retning.

Også Sejersted si framstilling er prega av den tropen Aronsson kallar for «framsteget». Likevel er tropen noko annleis enn hjå for eksempel Bergh. Arbeidarpartiet er den viktigaste aktøren, men eit hovudpoeng hjå Sejersted, er at den versjonen av Arbeidarpartiet som styrar Noreg etter krigen er den moderate delen av partiet. Denne delen av Arbeidarpartiet er i stor grad samd med Høgre, spesielt i den økonomiske politikken. Eller sagt med andre ord – Høgres økonomiske politikk er grunnlaget for Noregs økonomiske utvikling etter krigen.

⁶⁷ Ibid: 208.

3.5 De nasjonale strateger

Rune Slagstad stod bak boka *De nasjonale strateger* som kom ut i 1998. Her tar han føre seg eit litt annleis perspektiv på den moderne noregshistoria. Hans prosjekt er å fortelja Noregs moderniseringshistorie gjennom eit relativt breitt fokus på individa som var sentrale for moderniseringa. Han opnar del tre av denne boka med å fortelja om korleis Arbeidarpartiet endra ideologi på slutten av 1930-talet og at det vaks fram ein «ny samfunnsformasjon – velferdsøkonomien». Denne nye ideologien i Arbeidarpartiet var sett saman av det Slagstad kallar «korporativ-teknokratisk» og «parlamentarisk-demokratisk» sosialisme. Saman utgjorde desse den nye sosialismen som var ei blanding av det industrielle og det folkelege.⁶⁸ Slagstad skriv vidare at det er Ole Colbjørnsen og Halvdan Koht som står fram som dei to viktigaste ideologiske stemmene på kvart sitt av desse områda. Colbjørnsen har tre ideologiske element i eit dokument kalla *En norsk treårsplan*. Dei er (1) industrialisering, (2) planøkonomisk reformisme og (3) planstyre.

Eit av Slagstad viktigaste grep er at han heile tida prøver å forklara kva som ligg bak store ideologiske tankar i Noreg. Til dømes at både den norske stats sosialismen, fascismen i Italia, nazismen i Tyskland og den sosialliberale styreformenta i USA alle var ulike løysingar på same problem – avstand og skepsis mot den økonomiske liberalismen som stod så sentralt på 1920- og 1930-talet. Krakket på børsen i New York i 1929 og den påfølgjande globale økonomiske depresjonen gjorde at tilliten til den liberale marknadsøkonomien som ideologi var låg, i heile verda, i mellomkrigstida. Det dukka opp vidt ulike løysingar på same problemet i ulike land. Slik sett set Slagstad straumar i det politiske Europa i samanheng med kva som endrar seg i norsk politikk.

I denne delen av boka diskuterer han også ideane til leiaren av Fedrelandslaget Joakim Lehmkuhl og Arbeidarpartiets Ole Colbjørnsen, og ser at dei eigentleg er ganske einige. Begge to, sjølv om dei var å rekna som ideologiske motpolar, var einige i at ein korporativ økonomi var å føretrekka, hovudsakleg fordi mellomkrigstida viste at den økonomiske liberalismen hadde spelt fallitt. Men om dei to var einige i målet, var det totalt forskjellig ideologisk bakgrunn for tankane om korporativisme. Lehmkuhl var påverka av den nye industrirasjonaliseringa til Taylor i USA. Colbjørnsen fordi han var inspirert av sovjetisk planøkonomi.⁶⁹ Lehmkuhl og Colbjørnsen kom altså fram til same løysinga for norsk økonomi,

⁶⁸ Slagstad 1998: 191.

⁶⁹ Ibid: 186-197

sjølv om utgangspunktet og argumentasjonen bak var totalt ulik. Det Slagstad gjer her er at han fortel same historia som for eksempel Sejersted, men han drar linjene lenger tilbake enn andre verdskrigen. På den måten peiker denne samanlikninga av Lehmkuhl og Colbjørnsen mot til den breie politiske samlinga som fanst etter andre verdskrigen, men tolka med eit anna utgangspunkt, denne semja var tverrpolitisk og prega av kompromissets logikk. Motpolar i politikken er einige, men av totalt ulike grunnar. Ein kan lesa Slagstad som ei utdjuping av den politiske semja som mange andre har snakka om. Det same gjeld der Slagstad skriv om Arbeidarpartiet si omforming frå eit revolusjonært parti til eit breitt folkeparti. Denne transformeringa hadde lange forgreiningar i andre sosialistiske parti, og striden handlar om sosialisme berre kan oppnåast gjennom revolusjon, eller om det er mogleg med sosialisme gjennom parlamentariske metodar.⁷⁰

Slagstad skriv også om velferdsstaten. Høgsterettsjustitiarius Pål Berg sa i ein tale 9. mai 1945 at staten ikkje berre skal verna om liv og eigedom, men også «[...] være en velferdsstat som ser det som sin oppgave å gjøre livet verd å leve for oss alle».⁷¹ Igjen trekker Slagstad linjene tilbake til 30-talet og viser at spesielt på siste del av dette tiåret vart det innført mange ulike trygdeordningar i Noreg, og at desse i nesten alle høve hadde tilslutning frå alle partia på Stortinget. Slagstad skriv vidare om korleis velferdsstaten eigentleg då vert ei vidareføring av dei liberale ideane om universalisme:

Det var denne universalismen som hadde fått sitt liberale uttrykk i rettsstatens sivile rettigheter til vern om individets friheter overfor statsmakten, og sitt demokratiske uttrykk i arrangementet for valgfolkets makt over staten gjennom de politiske rettigheter, og som fikk sitt velferdsstatlige uttrykk i de sosiale rettigheter som offentlig garanterte den enkelte minimumsinntekt og trygghet.⁷²

Denne tanken heng saman med den nye økonomiske retninga *sosialøkonomi*, som kort fortalt går ut på økonomisk vekst gjennom auka produksjon.⁷³ Ein av hovudtankane bak denne retninga var at «sosialismeprojektet» vart erstatta av «velferdsstatsprosjektet», «[...] sosial rettferdighet garantert ved statlig organisert omfordeling av fellesgodet, basert på et kapitalistisk styrt produksjonsliv».⁷⁴

⁷⁰ Ibid: 199-200

⁷¹ Ibid: 209

⁷² Ibid: 210

⁷³ Ibid: 210

⁷⁴ Ibid: 212

Ei hovudforteljing hjå Slagstad er at dei endringane som skjedde i Noreg rett etter krigen, både når det gjaldt økonomi, industri og sosialpolitikk, ikkje kom som lyn frå klar himmel. Mange av dei sentrale politiske ideane frå gjenreisinga hadde gjenhøyr i fleire av dei politiske retningane i Noreg, sjølv om det ideologiske grunnlaget varierte. Dette gjeld både det korporative elementet og planøkonomien, reguleringspolitikken og rasjonering og det gjeld tanken om velferdsstaten. Dette kan lesast som ein kommentar og ei nyansering av den kritiske forteljinga som både Bergh og Sejersted fortel om – brotet som krigen var. Slagstads framstilling har meir preg av det Rösen kallar for tradisjonsforteljing. Opphavet til det moderne Noreg er å finna tidlegare enn andre verdskrigen. Opphavet til den norske velferdsmodellen og ideane som prega etterkrigstida vart lagt i mellomkrigstidas skepsis mot det liberale demokratiet.

Likevel fortel Slagstad at Gerhardsen-regjeringa i 1945 stod for noko nytt, ei statleg styrt modernisering av industrien og av samfunnet generelt. Det same gjeld dei viktigaste primærnæringane, jordbruk og fiske. Også her vart det sett i gang ei modernisering og rasjonalisering. Slik sett kan ein lesa Gerhardsen-regjeringa som eit brot med det gamle, men at dette brotet har utgangspunkt i tankar og idear som ein finn igjen før krigen. Denne moderniseringa og nytenkinga gjer seg gjeldande på mange ulike område i samfunnet, og det er ingeniøren og teknokratane sine tankar som gjennomsyrrer mykje av endringsprosessane. Denne delen av Slagstads framstilling har klare trekk av det Rösen kallar for «utviklingsforteljing».

Slagstad har også eit litt anna syn på den politiske utviklinga i Noreg utover på 50-talet. Han snakkar ikkje om avideologisering, men eit ideologisk hamskifte, «[...] sosialismens omforming til en reformteknokratisk styringsideologi».⁷⁵ Personval gjorde at sosialismen knytte til seg fleire ulike grupperingar i det norske samfunnet. Døme på dette er korleis valet av Erik Brofoss som finansminister knytte Arbeidarpartiet til sosialøkonomane og valet av Jens Chr. Hauge kopla Milorg direkte til Arbeidarpartistaten. På denne måten vart andre sentrale grupper tett knytt opp til Arbeidarpartiet og deira styringsideologi. Det er altså ikkje det at Arbeidarpartiet fekk total dominans, men heller at Arbeidarpartiet skifta ham og gjorde seg spiseleg for stadig nye grupper, og på den måten vart det breie alternativet som famna store deler av norsk opinion. På den måten skjedde det ikkje ei avideologisering, men heller at Arbeidarpartiet skifta ideologi.

⁷⁵ Ibid: 355f

3.6 Finst det ei norsk grunnforteljing?

Etter å ha undersøkt fire forskjellige framstillingar om norsk historie, skrive av ulike forfattarar, med ulikt utgangspunkt og med ulike innfallsvinklar, kan me då ana konturane av ei norsk grunnforteljing, ei forteljing som alle desse tekstane på eit eller anna nivå relaterer seg til, og som står hierarkisk over andre forteljingar?

Francis Sejersted og Trond Bergh sine framstillingar har hovudforteljingar som kan minna om kvarandre, men dei har vidt forskjellige utgangspunkt. Bergh understrekar likskapen og konsensusen i norsk politikk, medan Sejersted bryr seg mest om ulikskapane og diskusjonane. «Intet er meir feilaktig enn å betrakte årene etter 1945 som fredens og fordragelighetens år», skriv Sejersted.⁷⁶ Poenget med dette sitatet er ikkje å undervurdere den politiske og ideologiske debatten som fanst i Noreg i tida rett etter krigen. Poenget er heller å visa at det var reell politisk kamp om viktige spørsmål. Sjølv om også Sejersted poengterer at etter kvart vart det ganske så stor semje om store deler av norsk politikk, så hadde denne politikken utgangspunkt hjå dei mest moderate og liberale gruppene i Arbeidarpartiet. Denne gruppa i Arbeidarpartiet hadde også, i følgje Sejersted, mykje sams med Høgres politikk. På den måten har også Høgre vore delaktige i å leggja økonomisk politikk, næringspolitikk, utanrikspolitikk og finanspolitikk meir inn mot sentrum. Det same gjeld OEEC, NATO og den vestbindinga dette medførte. Denne politikken var i utgangspunktet ikkje sjølvsgatt for Arbeidarpartiet, men det var denne tvert i mot i Høgre. Sejersted bruker ikkje 1945 som starten på «fredens og fordragelighetens periode», men daterer denne starten heller til 1953, og med det året då striden om fullmaktslovene var omme. Så konkluderer også Sejersted med at me i starten på 50-talet finn ei «samling over et breitt politisk felt».⁷⁷ Ein kan bruka denne samanlikninga til å leggja ein grunnstein til ideen om ei norsk grunnforteljing her. Med utgangspunkt i Bergh og Sejersted ser me at den viktigaste aktøren i norsk historie er Arbeidarpartiet. Til og med høgremannen Sejersted må motvillig innrømme dette. Ein kan seia at forteljinga om at Arbeidarpartiet som lokomotivet i norsk politikk etter krigen står over forteljinga om at det same partiet eigentleg førte høgrepolitikk.

«Det er ingen tvil om at 50-årene, og kanskje særleg perioden 1953–1957, var en død tid for Høyre.»⁷⁸ Dette er ei skildring av «eittpartistaten» sett frå den andre sida av det politiske spekteret. Til og med Francis Sejersted innrømmer at det som fell saman med Arbeidarpartiets

⁷⁶ Sejersted 1984: 114

⁷⁷ Ibid: 115

⁷⁸ Ibid: 159

si stordomstid også fekk utslag for Høgre. Akkurat denne delen av Sejersted si bok nyttar ein trope den Aronsson kallar for «historia gjentek seg ikkje», eit klart historisk brot. På 50-talet var Høgre spelte fullstendig ut på sidelinja, for seinare å koma sterkt tilbake. Arbeidarpartiets stordomstid er samtidig botnpunktet til Høgre.

Den mest sentrale aktøren i grunnforteljinga er Arbeidarpartiet. Alle framstillingar av perioden frå 1945-65 er sentrert rundt Arbeidarpartiet. Om det er snakk om eittpartistaten, eller avideologisering, eller sosialismens høgdepunkt, eller andre skildringar varierer, men poenget er at det er Arbeidarpartiet som står fram som det statsbærande partiet i Noreg. Så vert sjølv sagt denne forteljinga også nyansert og utfordra, men likevel er det eit tydeleg forteljingselement ein finn igjen i alle dei undersøkte tekstane.

Nettopp *brot* er det neste stikkordet ein bør undersøka når det gjeld ei norsk grunnforteljing. Den forteljinga som Rüsen kallar «kritisk forteljing». Grunnen til at dette er så sentralt, ser ein på at alle fire framstillingane meiner at krigen er eit klart historisk brot med det som hadde vore tidlegare. Sjølv om Sejersted noko tilfeldig set dette brotet til 1953, og Slagstad insisterer på at mykje av det som var nytt etter krigen starta i mellomkrigstida, kjem det likevel fram i alle fire tekstane at krigen i Noreg utgjorde eit klart brot i historia. Så er det ikkje slik at brotet er totalt, ein finn mange spor på døme av kontinuitet òg. Sjølv om desse teikna på kontinuitet er ofte relativt små i omfang og påverknad. Spora til planøkonomi og planstyring før krigen, og kriseforliket i 1935 er døme på dette. Alle framstillingane peiker i større eller mindre grad på at det moderne Noreg står opp av oska etter 1945, og denne perioden er prega av stor politisk semje, og fleire snakkar om ei avideologisert tid, sjølv om akkurat dette med avideologisering kan nyanserast. Den kritiske forteljinga vert deretter erstatta av den forteljingstypen som er mest synleg i den norske grunnforteljinga – utviklingsforteljinga.

Eit element som går igjen i alle dei undersøkte verka, er modernisering og det som Rüsen kallar utviklingsforteljing. Korleis det norske samfunnet steg for steg, i bransje etter bransje, på område etter område og gradvis og over tid stadig endra seg til det betre. Her er stikkord statleg industrialisering, urbanisering, modernisering av primærnæringar, forsvaret, utanrikspolitikken, kort fortalt – alle samfunnsområde. I kjølvatnet av ei slik utviklingsforteljing skulle ein kanskje tru hadde parallelle forfallsforteljingar, eller det Rüsen kallar for kritiske forteljingar. Fråflytting frå bygdene, oppløysing av familiar og liknande har ikkje nokon stor plass i nokre av dei undersøkte verka, kanskje sett bort frå hjå Stugu.

Eit av hovudpoenga i Heiret, Ryymin og Skålevåg er at den norske grunnforteljinga ikkje er statisk, men at ho endrar seg hele tida.⁷⁹ Denne endringa handlar stort sett om at nye grupper finn sin plass i grunnforteljinga, eller at nye perspektiv kjem til. Eit eksempel på dette er minoritetar som skriv seg inn i den norske historia, slik som for eksempel har skjedd både med både samar og kvenar. Ikkje berre at dei skriv seg inn i historia, men dei har også ein rettmessig plass i denne historia. Denne utvidinga treng ikkje ha noko med kultur å gjera, det kan også handla om såkalla «bindestreks-historie», kjønn, rase, legning osv. Historiefaget handlar ikkje berre lenger om statsvitskap frå gamle dagar, men at mange ulike perspektiv gjev nye syn på historia. Dei verka som har blitt undersøkte i denne delen stadfestar i stor grad denne konklusjonen. Likevel er bildet meir samansett enn det det kan verka hjå Heiret et al. Desse fire verka fortel alle ulike historier om Noreg og prøver kvar på sin måte å utfordra og utvida det som kan stå fram som ei norsk grunnforteljing.

Ser ein på Bergh og Eriksen (red.) så finn ein her at hovudforteljinga i denne boka ikkje er så langt frå kva ei norsk grunnforteljing frå denne perioden må seiast å vera. Denne boka strekar under den politiske konsensusen, ein konsensus som i stor grad skuldast eit stort og mektig Arbeidarparti, men også at opposisjonen stort sett var einig i Arbeidarpartiet sin politikk. Boka legg også vekt på konsensus i utanrikspolitikken, og får på denne måten fram at «at den politiske enigheten» var ein situasjon som ein aldri har hatt i Noreg verken før eller sidan. Bergh og Eriksen (red.) ser også på andre verdskrigen som eit stort brot i norsk historie. Kort fortalt kan ein seia at denne boka i stor grad *sementerer* den norske grunnforteljinga, og stadfestar ulike sider ved denne forteljinga.

Ser ein på Stugu, så er det ein heilt annan innfallsvinkel på den norske historia. Tidsspennet er lenger, og Stugu si hovudforteljing er å visa kvifor Noreg har blitt det landet det har blitt. Stugu skriv ein del om velferdsstaten, om tiltakande miljøproblem, og ikkje minst tar han føre seg samfunnsområde etter samfunnsområde og viser korleis desse vart endra og forbetra. På den måten knyter også Stugu seg opp til den norske grunnforteljinga om endring og ikkje minst modernisering og utvikling. Denne utviklingsforteljinga kjenner vi igjen frå mellom anna politikken.⁸⁰ Det yter kanskje ikkje Stugu rettferd å trekka ut kva forteljingar som trer fram i boka hans, i og med at dette er eit oversiktsverk. Men den argumentasjonen kan også verta snudd på hovudet. Det er kanskje akkurat i slike oversiktsverk at det vert mest naturleg å knyta

⁷⁹ Heiret, Ryymin & Skålevåg 2013: 339-340

⁸⁰ Ryymin (red.) 2017:

seg opp mot grunnforteljinga. Hå Stugu er det lite nytt, men det som utvidar grunnforteljinga er utviklingsforteljinga og teleologien. Korleis spora til det Noreg vi har i dag, kan finnast i dei hendingane og politiske avgjerdslene som vert gjort i tida rett etter andre verdskrigen.

Francis Sejersted held seg til grunnforteljinga på ein annan måte enn dei to tidlegare nemnte. I hans *Høyres historie* gjer han noko av det som Heiret et al. skriv om – nemleg at han skriv eit politisk parti inn i grunnforteljinga. Slik sett er kanskje denne boka ei av dei meir interessante når det kjem til grunnforteljing. Dette av to grunnar. Den første er at Sejersted si hovudforteljing er at mange av dei politiske avgjerdene som vert fatta i Noreg etter andre verdskrigen, enten kom frå Høgre eller hadde i det minste stor tilslutnad i Høgre. På den måten utfordrar Sejersted forteljinga om at Arbeidarpartiet aleine utforma politikken i tida rett etter krigen. Høgres rolle var ikkje minst å stogga dei meir radikale kreftene i Arbeidarpartiet. Den andre grunnen er at i ein slik argumentasjon poengterer Sejersted kva heile den norske grunnforteljinga faktisk handlar om. Det er ei stort overordna forteljing som andre historiske tekstar må på eit eller anna nivå forhalda seg til. Sejersted utfordrar og nyanserer deler av denne forteljinga med å skriva partiet Høgre inn i henne. Sejersted *reviderer* delvis den norske grunnforteljinga, ved å seia at bildet av den politiske situasjonen etter andre verdskrigen, er meir komplekst enn ein ofte får høyra om. Samtidig så stadfestar Sejersted andre sider av forteljinga. At krigen var eit stort brot i norsk historie, og at Arbeidarpartiet var den viktigaste politiske faktoren er også han einig i.

Rune Slagstad har ein annleis innfallsvinkel til norsk historie. Han er oppteken av ideane, og korleis desse kjem til uttrykk. Også han utfordrar deler av grunnforteljinga, medan han stadfester andre. Det som Slagstad i hovudsak utfordrar er to element. Det første er at mange av dei ideane som prega norsk politikk i etterkrigsåra ikkje var noko nytt, men at desse tankane kan sporast tilbake til mellomkrigstida. Det same gjeld den politiske konsensusen som prega åra etter 1945, også denne finn ein spor av tilbake til 30-talet. Og paradoksalt nok, så hadde mange av dei ideane som fungerte godt i norsk politikk i etterkrigstida utgangspunkt i ein generell skepsis mot det liberale demokratiet og demokratiets måtar å handtera politiske og økonomiske kriser på. Både planøkonomi, statleg eigarskap av industri og mange marknadsregulerande grep som fanst i Noreg i fleire år etter krigen kan ikkje seia å vera særleg demokratiske i sin essens. Slagstad utfordrar den delen av den nasjonale grunnforteljinga som seier at krigen var eit stort brot, med argumentasjonen at mykje av det som andre har tolka som brot eigentleg berre var ei vidareføring av idear som allereie var høgst reelle på 1930-talet. Samtidig stadfester Slagstad andre sider ved grunnforteljinga. For eksempel at Arbeidarpartiet var det store lokomotivet i norsk politikk i åra etter andre verdskrigen.

3.7 Oppsummering

Det finst ei flytande, litt uklar, men likevel tydeleg norsk grunnforteljing. Korleis ho vert definert og fortalt, kjem an på mange variablar. Perspektiv, tidsaspekt, utgangspunkt, detaljrikdom og så vidare. Det som viser seg både hjå Aronsson et al. og Heiret et al. er at sjølv om konklusjonane ikkje er like, så finst det likevel ei overordna forteljing som ein tar utgangspunkt i. Somme gonger vert denne forteljinga stadfesta, somme gonger vert denne forteljinga utvida, revidert, kritisert eller nyansert. Men uansett kva, det ligg kanskje ikkje ei, men fleire underliggjande forteljingar der. Desse forteljingane er dynamiske og endrar seg med tid og menneske. Ser ein på nyare historieskriving så er velferd og velferdsstaten veldig sentralt, medan dette poenget ofte spelar ei mykje meir perifer rolle i litt eldre historieskriving. Denne litle undersøkinga av nokre ulike historieverk gjev på ingen måte eit totalt og oversiktleg bilde, men likevel gjev dette ein indikasjon på at det finst ei, eller fleire forteljingar som er utgangspunktet for historieskrivinga.

Det som skil desse forteljingane frå kvarandre kan ein finna i Rüsen sin typologi over forteljingar som «orienteringsverktøy i samtida». Denne typologien over forteljingar kan ofte brukast som eit teoretisk utgangspunkt for korleis ulike verk legg seg på den norske grunnforteljinga. Overordna historiske verk er ofte prega av ei type forteljing som gjennomsyrrer heile boka eller verket, sjølv om motstridande forteljingar også kan vera til stades. Dette er ofte ei forteljing om kontinuitet og kan ta utgangspunkt i opphavet til eit land eller ein nasjon. Sejersted sin versjon av den norske nasjonale forteljinga som vart referert til i innleiinga av dette kapittelet og Stugus *Norsk historie etter 1905* er døme på dette. Dette ligg tett på det som Rüsen kallar for tradisjonsforteljingar. Slike forteljingar stadfestar ein form for identitet og minner ein om kva som er opphavet til eit samfunn.

Noko av det som nok er mest interessant med definisjonen er at sjølve grunnforteljinga er så vanskeleg å få has på. Ein metafor på korleis grunnforteljinga fungerer kan ein henta frå geometrien – den norske grunnforteljinga står fram som ein *fraktal*. Det vil seia at ein ser noko på overflata, men til meir ein går inn i djupna om eit emne eller ein periode, så vert grunnforteljinga utfordra og nyansert. På dette viset blir grunnforteljinga eit felles referanseverk som skal utfordrast og nyanserst når ein skriv ny historie. Men likevel er ein i, den heller paradoksale, situasjonen at alle nyanseringane av grunnforteljinga på same tid er med på å stadfesta og sementera andre deler av same forteljing. Det som ulike historieverk gjer er at dei kjem ned ny kunnskap eller nye perspektiv på deler av grunnforteljinga, medan dei stadfestar

andre. På denne måten vert den norske grunnforteljinga kontinuerleg endra ved at nye grupper vert skrivne inn, og tidlegare oppfatningar av historia vert endra, men samtidig blir andre deler av ei stor grunnforteljing stadfesta.

Dersom ein nyttar Thijs, som eg har vist til i underkapittel 2.5, sine fem kjenneteikn på ei grunnforteljing som konklusjon i denne delen, korleis vil då den norske grunnforteljinga sjå ut basert på dei verka som har blitt undersøkte her? Det første kjenneteiknet er aktørane. Kven dei sentrale aktørane er, og på kva grunnlag nasjonen er etablert. Den aktøren som går oftast igjen er Arbeidarpartiet, gjerne representert ved Einar Gerhardsen, som sto i spissen for ein politisk konsensus. Denne generasjonen av politikarar måtte gjenoppbyggja landet etter krigen, og det er denne perioden som er opphavet til det moderne Noreg. Ulikskapane, klassekampen og uroa frå 30-åra vart gløymt i «det nye Noreg» som oppstår på nytt etter andre verdskrigen. Ulike historiske verk eller monografiar vil prøva og gjera andre aktørar meir relevant i denne fasen av norsk historie. Dette ser me mellom anna i det Sejersted skriv om Høgres historie.

Det andre kjenneteiknet er kven som er antagonistar eller fiendar i ei slik historie. I den norske grunnforteljinga er det fleire slike antagonistar. Det er reaksjonære krefter i Noreg, det er utanlandske makter som til dømes Sverige og Tyskland. Men det som er typisk for grunnforteljinga er at desse antagonistane berre spelar ei perifer rolle, spesielt etter andre verdskrigen. Ein kan kanskje argumentera for at norske kommunistar får rolla som antagonistar, men deira rolle er i det store bildet ganske liten. Så den norske grunnforteljinga har ikkje nokre konkrete antagonistar eller fiendar etter andre verdskrigen, dei vart sigra over i det som vert fødselen til det moderne Noreg i 1945.

Det tredje kjenneteiknet er ideen om korleis historia går framover. Det som kjenneteiknar omtrent alle forteljingar om Noreg etter 1945 er at historia er progressiv. Nasjonen går mot eit stadig betre og meir vellukka og velutvikla samfunn. Forteljinga om korleis perioden etter andre verdskrigen var ei tid med oppbrot av tradisjonelle sosiale strukturar er nesten heilt borte. Historia i Noreg går mot ei utvikling.

Det fjerde kjenneteiknet handlar om periodisering. Som nemnt så er det *krigen* (i bunden form eintal) som er startpunktet på den moderne norske nasjonen. Norsk historie vert inndelt i periodar som «mellomkrigstid», «krigen» og «etterkrigstida». Denne periodiseringa underbyggjer igjen kor stort brot krigen var.

Det femte kjenneteiknet er om ein gylden æra, og om dette har vore i fortida eller kjem til å koma ein gong i framtida. I den norske grunnforteljinga er denne gyldne æraen no i dag. I dag er me «verdas beste land å bu i», me er egalitære, rike, stabile, fornuftige og greie med kvarandre. Den historiske perioden som står fram som ein gylden æra er i dag.

Så kan ein jo alltid diskutera som det finst ei eller fleire norske grunnforteljingar. Eg trur kanskje at denne diskusjonen eigentleg handlar om semantikk. Kva er skilnaden på ei overordna forteljing som vert meir nyansert etter kvart som ho vert «zooma inn» på, og ulike store forteljingar som eksisterer parallelt?

Basert på lesinga av dei fire historiske framstillingane til Bergh og Pharo, Stugu, Sejersted og Slagstad finn me spor av ei norsk grunnforteljing. Kanskje ikkje på den måten at det står fram ei forteljing som dekkjer nasjonen frå start til slutt, men heller ei forteljing som legg rammer for akkurat denne delen av den norske historia.

Den neste delen av denne oppgåva skal ta føre seg den kanskje mest sentrale personen i norsk etterkrigstid – Einar Gerhardsen. Gerhardsen vert ofte trekt fram som sjølv symbolet på etterkrigstida i norsk historie, og i den neste delen av oppgåva vil eg ta for meg to verk som begge har Einar Gerhardsen som hovudperson. Dette er Mímir Kristjánssons bok *Hva ville Gerhardsen gjort* og Erling Borgens dokumentarserie *Einar – hele historien*. Korleis knyter forteljingane om Gerhardsen seg opp mot ei norsk grunnforteljing?

4.0 Analyse av *Hva ville Gerhardsen gjort?*

Journalist, forfatter, Raudt-medlem og noverande kommunestyrerepresentant i Stavanger kommune, Mímir Kristjánsson gav i 2018 ut ei lita bok, eller nærast ein pamflett, på om lag 160 sider. Boka har den religiøst alluderande tittelen *Hva ville Gerhardsen gjort?* med undertittelen *Veien videre for Arbeiderpartiet*. Kristjánssons bok startar med eit anslag: Einar Gerhardsen vaknar opp i Arbeidarpartiets lokale på Youngstorget i Oslo 12. september 2017, dagen etter at partiet med Jonas Gahr Støre i spissen, har tapt stortingsvalet, og regjeringa Solberg fekk fornya styringsmandat. Etter denne noko dramatiske innleiinga kjem Kristjánsson med sin analyse, vurdering og svar på eit spørsmål som mange andre med han har prøvd å svara på – kva er grunnane til at sosialdemokratia i Europa nå opplever tilbakegang som det ikkje finst sidestykke til i den moderne historia? Og endå meir spesifikt – kva er grunnane til at Det norske arbeidarparti også er ein del av denne utviklinga? Svaret frå Kristjánsson er klart og tydeleg og viser seg allereie i tittelen på boka hans. Nemleg at dersom Arbeidarpartiet skal ha noko som helst sjanse for å koma tilbake til gamle høgder må dei gå vekk frå den «nye» politikken som kom med høgrebølge og liberalisering frå 1980-talet og utover, og i staden venda tilbake til det som gjorde partiet så suksessrikt i tida etter andre verdskrigen.

At sosialdemokratiske parti møter kritikk i dag, er kanskje ikkje så rart. I eit politisk Europa som er sterkt prega av frammarsjen til høgrepopulistar og at dei tradisjonelle sterke arbeidarpartia og sosialdemokratiske partia generelt står svakt, er spørsmåla mange og svara få. Skal for eksempel sosialdemokratane samarbeida med høgrepopulistar, som for eksempel i Austerrike eller Danmark? Eller skal sosialdemokratane gå lenger mot venstre i politikken? Kristjánsson poengterer i innleiinga si at sjølv om Arbeidarpartiet i Noreg ofte vert rekna som ei motvekt til det generelle fallet dei tradisjonelle og sosialdemokratiske partia har hatt i Europa dei siste åra, så gjeld dette også i aller høgaste grad i Noreg. Skilnaden er berre at Arbeidarpartiet i Noreg hadde mykje høgare oppslutning før dei fall, enn tilfellet var for mange av dei europeiske systerpartia.⁸¹

Eit interessant utgangspunkt med Kristjánsson si bok er at kritikken mot Arbeiderpartiet og sosialdemokratiet, kjem frå ytre venstre i det politiske landskapet. Dette er sjølvsagt ikkje uvanleg, men kritikken hjå Kristjánsson dreier seg om noko anna enn tidlegare kritikk. Kjernen i Kristjánssons kritikk er at Arbeidarpartiet må sjå tilbake i eiga historie for å løysa sine problem

⁸¹ Kristjánsson 2018: 18-19.

i dag og ikkje slike ein kanskje kunne tru, at kritikken handla om ideologi eller praktisk politikk. Det Kristjánsson gjer i boka si er at han tar tak i det kanskje viktigaste symbolet som Arbeidarpartiet har, Einar Gerhardsen, og bruker Gerhardsen som utgangspunkt for kritikk forkledd som gode råd til Arbeidarpartiet sjølv. I eit historiefagleg perspektiv er det også sjølvsagt interessant at han nyttar historie så eksplisitt i denne kritikken. Her vert ikkje Gerhardsen nytta som analogi, men som eit utgangspunkt for kritikk og gode råd for Arbeidarpartiet om korleis dei bør tenka framover, for igjen å koma opp mot dei nivåa partiet hadde i glansperioden sin på 1940- og 1950-talet.

Premissen for heile boka er at dagens Arbeidarparti kan læra mykje av politikken som Gerhardsen og hans generasjon med Arbeidarparti-politikarar førte. Sjølv listar Kristjánsson opp tre hovudgrep der dagens Arbeidarparti kan læra av fortida og Gerhardsen. Det første er at det igjen må mobiliserast langs klasseskilja. Det er framleis ein stor arbeidarklasse i Noreg og dagens arbeidarklasse består av mange fleire yrkesgrupper enn berre industriarbeidarar. Her påpeiker Kristjánsson også at den norske arbeidarklassen alltid har vore meir enn berre industriarbeidarar. Funksjonærar, lærar, sjukepleiarar, kort fortalt dei som i dag identifiserer seg som mellomklassen, er eigentleg arbeidarklasse, skriv Kristjánsson. Men sidan klassekamp og diskurs om klasse ikkje treff desse gruppene lenger, må denne identiteten igjen vekkast, i følge Kristjánsson. Då kan Arbeidarpartiet nok ein gong stå fram som eit folkeleg og breitt alternativ.

Eit anna viktig poeng som Kristjánsson har, er at dei som i dag styrer Arbeidarpartiet har eitt sentralt trekk til felles, og det er at ingen av dei sjølve har bakgrunn frå arbeidarklassen. Samanlikna med Gerhardsen, Torp og Nygaardsvold til dømes, har ingen av dei som har toppposisjonar i dagens parti røtene sine i arbeidarklassen. Klassemedvitet må gjenoppstå. Kristjánsson skriv at det i dag er tvert om. I dag er det høgresida som klarer å mobilisera den tradisjonelle arbeidarklassen til å stemma på sine parti.⁸²

Det andre grepet dagens Arbeidarparti kan henta frå si eiga fortid, er at marknadskreftene må underleggjast folkestyret, for å bruka forfattarens eigne ord. Eller det Kristjánsson kallar styringsoptimisme: Sterkare statleg og derfor demokratisk, styre av økonomien. Resonnementet til Kristjánsson er som følgjer: Sidan staten i seinare år har blitt passive eigarar og gitt meir og meir kontroll over økonomien til marknaden, har denne delen av samfunnet blitt mindre

⁸² Ibid: 39-50

demokratisk. Statleg styring av økonomi, eller rettare sagt – planøkonomi, og regulering av marknaden, er eigentleg det same som eit meir demokratisk styresett. Med i dette ligg også at staten må engasjera seg i ny industri, til dømes oppdrettsnæringa og nye energiformer, som vind- og vasskraftutbygging. Berre på den måten kan staten kontrollera dei kapitalistiske kreftene som i stadig sterkare grad, påverkar Noreg.⁸³

Det tredje elementet som må vekkast til live, er at Arbeidarpartiet må mana fram «en drøm om sosialisme»,⁸⁴ for det handlar om «å redde vår jord» frå klimakatastrofe og høgrepopulisme, og ikkje nødvendigvis i den rekkefølga.⁸⁵ I siste delen av boka gjer Kristjánsson heile diskusjonen om til eit større spørsmål enn berre å handla om noko så trivielt som norsk politikk. At Arbeidarpartiet, og dei andre sosialdemokratiske partia i Europa igjen skal lukkast, er heilt essensielt for framtida i verdensdelen. Det handlar om å unngå at høgrepopulismen igjen skal få herja i Europa, og det handlar om at kloden skal reddast frå kapitalistisk utnytting.

Eit anna sentralt poeng som Kristjánsson kjem tilbake til fleire gonger i boka si, er at Arbeidarpartiet ikkje har hatt noko nytt prinsippprogram sidan 1981. Dette er, i følge Kristjánsson, eit glitrande høve til å finna tilbake til tankemønster og verdiane som Arbeidarpartiet har hatt tidlegare, og ikkje minst ein gylden sjanse til ei klarare ideologisk føring mot venstre. Her nyttar Kristjánsson valet i 2005 som historisk døme. Valet i 2005 gjekk godt, kvifor det? Jau, fordi i det valet hadde Arbeidarpartiet for første gong på fleire år ein profil som låg lenger til venstre enn den har gjort både før og sidan. Slik Kristjánsson ser det har det at Arbeidarpartiet har drifta så langt til høgre, gjort partiet framand for mange av dei veljargruppene som Arbeidarpartiet tradisjonelt burde ha stor oppslutnad, og ikkje minst mange av dei i gruppene der Arbeidarpartiet ikkje lenger er førsteval.

Dette er i fremste rekkje ei politisk bok, som nyttar historiske, om ikkje analogiar, så nærast ein historisk allegori for å analysera norsk politikk i dag. Denne bruken av historie er ikkje noko som er unikt for Kristjánsson, det har blitt brukt av mange andre med ulike utgangspunkt og politiske budskap. Eit eksempel er den tyske forfaren Timur Vermes som, i 2012, gav ut boka *Er ist wieder da*.⁸⁶ Denne boka, som også vart filmatisert i 2015, startar med eit liknande anslag som Kristjánsson gjer i si bok. I Vermes' bok er det Adolf Hitler som vaknar opp på ein

⁸³ Ibid: 79-88.

⁸⁴ Ibid: 123-133

⁸⁵ Ibid: 149.

⁸⁶ På norsk heiter boka *Han er her igjen*, og den norske omsetjinga kom ut i 2014. Regien på filmen som tar utgangspunkt i boka har regi av David Wnedt.

parkeringsplass i Berlin. Denne parkeringsplassen ligg same staden der førarbunkeren ein gong låg. Kort fortalt så er handlinga i romanen at Hitler gjer karriere som tv-stjerne, og at han nyttar stjernestatusen som springbrett for eit comeback i politikken. Vermes' hovudpoeng med boka er å fortelja at tyskarane aldri vert heilt ferdige med minna om Hitler. At Hitler framleis spelar er rolle i det tyske samfunnet. På same måte som Vermes nyttar Hitler til å seia noko om Tyskland i dag, nyttar Kristjánsson Gerhardsen til det same, men om Noreg.

Litterært og politisk er hovudpoenget med boka kritikk av kor langt dagens Arbeidarparti har gått frå det dei ein gong var, i glansperioden under Gerhardsen. Kristjánsson går heile tida tilbake til historia for å finna løysinga på konkrete politiske problem i dag. Alle problema som Noreg eller verda står ovanfor i dag, har historiske parallellar. Desse parallellane kan igjen gje løysinga på dei problema som pregar samtida. Kristjánsson samanliknar notida med fortida på ei rekkje område. Han samanliknar mellom anna finanskrisa i 2008 med mellomkrigstida, høgpopulisme med den politiske uroa på 30-talet, neoliberalismen med korleis verda såg ut før andre verdskrigen og statleg kontroll av oljebransjen med korleis staten burde tenkt om oppdrettsnæringa i dag. Kristjánsson ser på dei politiske problema Noreg står ovanfor i dag, før han ser tilbake i historia for å finna løysingane til desse problema. Kort sagt, Arbeidarpartiet i dag bør tenka som Arbeidarpartiet gjorde på 1940-, 1950- og 1960-talet. Slik sett nyttar ikkje Kristjánsson historia som analogi, men transplanterer tidlegare løysingar til å bøta på dagens problem. Arbeidarpartiet må heilt konkret sjå tilbake korleis partiet tenkte under Gerhardsen, og bort frå nye marknadstilpassa strategiar som ikkje er ideologisk forankra.

Med dette i bakhovudet ser ein korleis Kristjánsson uttrykker sitt eige historiemedvit. Her er linjene så lange og så tydelege at historiemedvitet vert eit av dei bærande elementa i heile boka. Eit konkret eksempel er det Kristjánsson skriv om planøkonomi. Kort fortalt er resonnementet at planøkonomi var det viktigaste grepet for Noreg sin vekst, si demokratiske styring av økonomien og sitt egalitære samfunn, som totalt sett la grunnlaget for den framgangen som prega Noreg i åra etter andre verdskrigen. I dag er planøkonomi nærast som eit skjellsord å rekna, men skal ein igjen få eit sterkt Arbeidarparti, og ei revitalisert venstreside er planøkonomien det viktigaste våpen ein har i kampen mot høgresida.⁸⁷

Slik kan ein fortsetja. Det same gjeld klassemedvit. Arbeidarpartiet, med Einar Gerhardsen og Håkon Lie i spissen, vann kvart val på løfte om ein ny reform og at dei tydeleg mobiliserte

⁸⁷ Kristjánsson 2018: 83-84

langs klasselinjene. På Gerhardsen og Lies tid hadde Arbeidarpartiet eit nettverk av partimedlemmer rundt om på arbeidsplassar som kunne mobiliserast på kort tid, medan no er denne partiorganiseringa erstatta av moderne framsteg som fokusgrupper og meningsmålingar. Klasseidentiteten er heilt ute av Arbeidarpartiets politiske retorikk om dagen, og dette kan også vera ein grunn til at partiet ikkje finn seg sjølv. Også her er konklusjonen til Kristjánsson at Noreg faktisk har ein stor arbeidarklasse som igjen kan mobiliserast, og at dette igjen er essensielt for at Arbeidarpartiet kan ta tilbake posisjonen sin.

Eit tredje eksempel på dette er då Kristjánsson samanliknar sjølvstendige lastebilsjåførar frå perioden rett før krigen, med dagens Uber-sjåførar. Det dei to gruppene har til felles er at dei begge er i ein beintøff konkurransesituasjon som gjer at dei ikkje har noko anna val enn lønsmessig å by under kvarandre og på den måten øydelegga for kvarandre. Einaste botemiddelet for dette er fast tilsetjing. Bemanningsbyråa av i dag og lausarbeidarane frå tidleg på 1900-talet er eigentleg akkurat det same fenomenet, men med eit århundre mellom seg.

Det verker noko kunstig at ein politiskar for partiet Raudt skal gje sin historisk sett største motstandar på venstresida i politikken, nokon vil kanskje til og med hevda rival eller fiende på venstresida i politikken, fornuftige politiske råd. Dersom ein tar utgangspunkt i Rüsen sin teori om historiske forteljingar som «orienteringsreiskap i samtida» – kva type forteljingar er det Kristjánsson nyttar i boka si om Einar Gerhardsen, og korleis passer det inn med at dette er ei politisk bok? Og korleis nyttar han ulike forteljingar for å få fram ein politisk bodskap?

Hovudforteljinga til Kristjánsson er å binda saman fortid, notid og framtid, med utgangspunkt i norsk politikk i etterkrigsåra, sosialismens gullalder og med utgangspunkt i Einar Gerhardsen og dåtida sitt arbeidarparti. Men dersom ein ser denne nærast sagt nøytrale hovudforteljinga opp mot at dette er skriva av ein politiskar, så får ein eit noko anna inntrykk av kva bok dette eigentleg er, og ikkje minst om kva historiske forteljingar som vert nytta her.

For det første så er den typen forteljingar som Kristjánsson helst nyttar, det Rüsen kallar for den eksemplariske forteljinga. Det handlar om kva ein kan læra av historia, at det er historisk lærdom som bind saman fortid, notid og samtid. Det ein kan læra av historia her, er at den sosialistiske politikken som vart førd i Noreg i åra etter andre verdskrigen, er den som har gjort Noreg til det landet det er i dag. Det er her Kristjánssons politiske vri kjem inn: Det partiet som ligg nærast den ideologien og den politikken som var så suksessrik for Noreg, er ikkje lenger Arbeidarpartiet, men partiet til Kristjánsson – Raudt. Det er dette partiet som liknar mest på det

Arbeidarpartiet som Gerhardsen styrte. Det er på denne måten at Kristjánsson knyter si bok opp mot den norske grunnforteljinga. Fortid, notid og framtid vert vevde saman av argumentet i boka om at ein kan løysa problema i dagens og framtidas politiske situasjon ved å sjå på løysingane frå fortida. Kristjánsson nyttar ikkje berre Gerhardsen som historisk analogi, men han vil transplantera ideane til Gerhardsen inn i dagens samfunn. Ikkje berre kan me læra noko av fortida, men me bør kopiera fortids sine løysingar.

I Kristjánssons forteljing vert Gerhardsen stilt fram som protagonist og viktigaste aktør. Antagonisten og motstandaren i forteljinga er høgresida i politikken, spesielt gjennom partiet Høgre. Gullalderen i denne forteljinga er i Gerhardsen og sosialdemokratiet sin glansperiode, og eit av dei mest sentrale poenga som Kristjánsson har, er at det er mogleg å gjenskapa denne gullalderen om ein går tilbake til dei løysingane som Gerhardsen sto for. Dette minner veldig om den «U-modellen» av tropar som Kayser Nielsen skriv om, og som er typisk for meir populistiske forteljingar. Før var me ei stormakt, eller i følgje Kristjánsson – hadde vår gullalder i etterkrigsåra. Så kom forfallet, hjå Kristjánsson – høgrebølgja. Men dersom me gjer det rette no, orienterer oss mot Gerhardsen sine løysingar, kan me igjen koma tilbake til denne gullalderen.

Måten Kristjánsson bygger opp hovudforteljinga er mellom anna ved hjelp av mange ulike sideforteljingar. Desse forteljingane har alle til felles at dei viser til eit politisk problem i dag. Det kan på ein eller annan måte løysast slik Gerhardsen ville gjort, og i tillegg som partiet Raudt ville gjort. Boka blir i så måte eit slags oppgjer, eller ein redefinisjon av dei forteljingane som eksisterer om Gerhardsen og Gerhardsen-epoka i Noreg i dag.

Dei viktigaste sideforteljingane i *Hva ville Gerhardsen gjort?* verker på overflata som ein gjennomgang over dei sidene ved Gerhardsen sin politikk som norske politikarar og spesielt Arbeidarpartiet, kan læra noko av. Då kan ein formulera dei viktigaste sideforteljingane som dette: Skal Arbeidarpartiet igjen vinna tilbake sin posisjon som det viktigaste partiet i Noreg må dei sjå tilbake til korleis dei løyste politiske problem på Gerhardsen si tid. Slik sett kjem historiemedvitet klart fram i Kristjánsson si bok.

Ein kan kanskje seia at det denne boka vil fortelja, kall det gjerne ei alternativ hovudforteljing, er at Raudt er det «eigentlege» Arbeidarpartiet, og derfor fortener ein viktigare plass i både historia og politikken enn partiet har i dag. Denne forteljinga ligg ikkje tydeleg oppe i dagen, men er noko ein kan tolka eller resonnera seg fram til. Boka er ikkje noko partipolitisk skriv,

og Raudt er nesten ikkje eksplisitt nemnt i boka i det heile. Likevel er dette eit retorisk grep som Kristjánsson nyttar seg av. Resonnementet hans er at dagens Arbeidarparti ikkje lenger kan kalla seg for eit ekte sosialdemokratisk eller sosialistisk parti, av den enkle årsak at partiet dei seinare åra har orientert seg meir mot sentrum og til og med mot høgre i politikken. Sjølv om det ikkje er nemnt direkte, så vert den underliggjande forteljinga i boka at i dagens politiske klima, så er Raudt det partiet som best tar vare på arva frå Gerhardsen.

Eit moment som openbert er problematisk med å knyta partiet Raudt så sterkt mot Arbeidarpartiet si fortid og Gerhardsen, finn me i at dei to partia tradisjonelt sett er bitre rivalar. Sjølv om det ikkje herskar noko usemje om at Gerhardsen i sin ungdom var kommunist, så tok han likevel eit knallhardt oppgjær med kommunismen og kommunistane i den mykje omtala Kråkerøy-talen i 1948. Dette problemet løyser Kristjánsson på følgjande måte: Gerhardsen var ikkje sosialdemokrat, han var demokratisk sosialist, med trykket på siste ordet. Dette var ikkje noko han gjekk vekk i frå i løpet av livet sitt. Kråkerøy-talen skuldast ikkje Gerhardsen si politiske overtyding, men element som låg utanfor hans eigen kontroll. Då spesielt Moskvaprosessane og Stalins invasjon av Tsjekkoslovakia i 1948. På den måten tar ikkje Gerhardsen eit oppgjær med kommunismen og sosialismen som idé, men eit oppgjær med terrorveldet og overgrepa som Stalin stod for. Tradisjonen for bruken av omgrepa *sosialist*, *sosialdemokrat* og *demokratisk sosialist* er ikkje statisk og endrar seg heile tida.⁸⁸ Derfor vert dei konnotasjonane desse omgrepa gjev i dag kunstige. Også dette passar inn i forteljinga om at Raudt er det partiet i dag som best representerer det Gerhardsen står for.

Kristjánsson føyer seg eigentleg inn i rekkja av korleis ulike forfattarar og ulike verk som nyttar historie, nyttar og plasserer seg med tanke på den norske grunnforteljinga. Hjø Kristjánsson ser ein også at det moderne Noreg oppstod i 1945. Eit Noreg med Gerhardsen i spissen som var prega av planøkonomi, gjenoppbygging, dugnad og samhald. Problema og kampane frå 20- og 30-talet var over. Ein samla nasjon, under Arbeidarpartiet og Gerhardsen, leia Noreg mot modernitet og velstand. Denne versjonen av grunnforteljinga finn me at fleire stader, krigen var eit klart brot i norsk historie og tida etter var prega av Arbeidarpartistyre, vekst og politisk konsensus.⁸⁹

Sjølv om Kristjánsson stadfestar nokre sider av grunnforteljinga så er det andre element som han utfordrar. Det kanskje viktigaste som skil *Hva ville Gerhardsen gjort?* samanlikna med

⁸⁸ Kristjánsson 2018: 132

⁸⁹ Jamfør mellom anna Bergh og Eriksen (red.) 1977 og Stugu 2018.

andre tekstar er korleis ein plasserer ein norsk gullalder i tid. Medan den vanlege forteljinga plasserer den norske gullalderen i dag, så plasserer Kristjánsson denne gullalderen dei første tjue åra etter krigen. Den norske grunnforteljinga handlar ofte om kva som har skjedd i fortida som gjer at Noreg i dag er «verdas beste land å bu i».⁹⁰ Men denne framstillinga deler ikkje Mímir Kristjánsson. Han ser på utviklinga i Noreg meir som ei forfallsforteljing enn ei utviklingsforteljing. Den kritiske forteljinga er viktigare enn utviklingsforteljinga, for å nytta Rūsen sin typologi. Den norske forteljinga er ikkje berre om velstand og velferd, men også om aukande skilje og ei dyster framtid. Tropen han nyttar her kan forklarast slik at ein gong hadde me ein gullalder, men så kom forfallet.⁹¹ Dette forfallet kjem også til å verta endå større om ikkje noko vert gjort. Får høgresida fortsetja å styra, vil me igjen møta mange av dei problema som me kvitta oss med under Gerhardsen, men nå i ny ham. Lausarbeidarsamfunnet som me løyste med betre arbeidsvilkår og industrireiseing, står i dag i fare for å koma ende med nye «moderne» arbeidsplassar som Uber og Amazon, der arbeidsstokken ikkje har fast arbeid, men må ta på seg oppdrag frå desse arbeidsgjevarane.

Kven som er antagonist i den norske grunnforteljinga er ikkje lett å seia. Spesielt om ein ser på perioden frå 1945 og mot i dag. Mange framstillingar er utan ein klar motstandar, men motstanden vart vunne over i løpet av krigen. På denne måten skil også Kristjánsson seg frå grunnforteljinga. Først og fremst fordi han teiknar opp høgresida i norsk politikk, nærare bestemt partiet Høgre, som antagonist i si forteljing. Denne måten å skriva på må ein igjen lesa opp mot den som denne boka eigentleg handlar om – at det er Raudt som tar vare på arva frå Gerhardsen, ikkje Arbeidarpartiet. Eit av Kristjánssons viktigaste argument er at dagens Arbeidarparti har flytta seg meir mot sentrum i politikken, og at partiet jaktar på dei såkalla «lilla-veljarane» i staden for å mobilisera den arbeidarklassen som faktisk finst i Noreg.⁹² I ei slik forteljing vert høgresida ein logisk antagonist, mest fordi det er den sida av politikken som Raudt står lengst i frå ideologisk. Raudt har også bygd opp store deler av sin politiske retorikk på å gjera det totalt motsette av det høgresida vil.⁹³ I denne forteljinga vert då høgresida av

⁹⁰ Dette er jo etter kvart blitt eit uttrykk, men har sitt opphav i Sameinte Nasjonars sin levekårsindeks (<http://hdr.undp.org/en/content/2019-human-development-index-ranking>). (Henta 4.2.2020) Denne tankegangen om korleis Noreg har fått denne posisjonen finn ein igjen i mange historieverk som fortel om den norske historia, mellom anna Stugu (2018) og Ohman Nielsen (2011).

⁹¹ Aronsson 2004: 80-81

⁹² Kristjánsson 2018: 58-59

⁹³ Slik det står i det politiske programmet til partiet: «Samfunn bygget på samarbeid og likeverd er mer rettferdige enn samfunn basert på kapitalistisk konkurranse. Fordi fellesskap fungerer. Derfor er kampen mot forskjells-Norge Rødts aller viktigste sak.» <https://roedt.no/forskjells-norge> (Henta 4.1.2020)

politikken den naturlege antagonisten, sjølv om dette ikkje er like naturleg for dagens Arbeidarparti.

I Kristjánsson si hovudforteljing er utan tvil Kayser Nilsen si femte trope om u-modellen mest aktuell.⁹⁴ Først var alt bra, så kom forfallet, men no eller i framtida, vil alt verta bra gjennom gjenreising eller vekking. Alt var bra i Noreg etter andre verdskrigen. Noreg hadde eit planøkonomisk system, Noreg hadde politisk konsensus, sjølv om Sejersted vil vera ueinig i dette, og Noreg hadde sterkt statleg eigarskap. Noko som Kristjánsson ser på som mykje meir demokratisk enn den marknadsliberale styringa som staten har i dag. Staten eig i dag store mengder med aksjar, men er ein heilt passiv eigar. Forfallet i følgje Kristjánsson kom med Willoch-regjeringa, med liberaliseringa på 80-talet og når telefonar og bustadmarknad var slept fri. Det økonomisk liberale 80-talet flytta Arbeidarpartiet så langt til høgre i politikken at partiet aldri vil finna tilbake til der det starta. Men, i det som er Kristjánsson sitt hovudpoeng, dersom venstresida, og då spesielt Arbeidarpartiet finn tilbake til røtene sine. Dersom Arbeidarpartiet finn tilbake til det partiet eingong var. Tilbake til den tida då dei var sosialistiske, og ikkje jakta dei lilla veljarane med fokusgruppene sine, vil alt sjå mykje lysare ut. Kristjánsson er partipolitkar og legg sjølv sagt ikkje skjul på det. Han seier eigentleg at Raudt i dag er det partiet som liknar mest på det gamle Arbeidarpartiet, og at nøkkelen til framtidig Arbeidarpartiet-suksess dreier seg om å finna tilbake til røtene sine. Så eigentleg er dette ei klassisk nostalgiforteljing.

Til sist i denne delen vil eg trekka fram to deler av *Hva ville Gerhardsen gjort?* som fortener å verta omtala. Det første er korleis Gerhardsen vert skildra som politkar, korleis han vert karakterisert. Det andre er kva rolle Gerhardsen vert tilskriven av Mímir Kristjánsson.

For å skildra kva type politkar Einar Gerhardsen faktisk var trekker Mímir Kristjánsson fram ein anekdote.⁹⁵ Denne anekdoten handlar om Gerhardsen sin 80-årsdag og den talen han heldt på denne festen, som nok heller var eit politisk seminar enn ein fest. Her reflekterte «landsfaderen» over kva han hadde oppnådd etter mange år i arbeidarrørsla og regjeringa. Noko av det viktigaste var «fridom, likskap og brorskap» for arbeidarklassen. 8-timars arbeidsdag, gode bustadar og det å kunna eta seg mett kvar dag, trekte han òg fram. «Men», forsette han, det han ikkje hadde oppnådd var «drømmen om et sosialistisk samfunn».⁹⁶ I det perspektivet

⁹⁴ Kayser Nielsen 2010: 54-55

⁹⁵ Kristjánsson 2018: 123-134

⁹⁶ Ibid: 124

konkluderer Kristjánsson at Gerhardsen sitt politiske prosjekt faktisk var mislukka – sosialismen hadde ikkje kome til Noreg. Poenget med denne anekdoten hjå Kristjánsson er å visa at Einar Gerhardsen var ein politikar som var ideologisk medviten. Etter denne anekdoten tar Kristjánsson lesaren med på ei rask historisk gjennomgang over Gerhardsen sitt ideologiske liv. Her kjem det tydeleg fram at Gerhardsen heile tida er overtydd sosialist, og at han alltid ser opp til kommunismen, revolusjonen og Sovjetunionen. Sjølv etter Kråkerøy-talen forlet ikkje Gerhardsen heilt synet på kommunistar, sjølv om Kristjánsson ikkje klarar å forklara kvifor i boka. I følgje Mímir Kristjánsson så var Gerhardsen ein politisk særst medviten politikar, og at han sto fast på den same ideologien frå ungdomstida til grava. Det einaste som endra seg var synet på revolusjon kontra gradvise endringar som metode for å innføra sosialismen.⁹⁷

Kva rolle er det så Kristjánsson gjev til Gerhardsen? For å svara på dette spørsmålet må ein faktisk gå tilbake til eit av poenga som Rune Slagstad har i *De nasjonale strateger*. Slagstad sitt poeng her er at mange av dei nye politiske retningane som Noreg og Gerhardsen, tok i tida etter andre verdskrigen, eigentleg var eit uttrykk for ein generell mistillit mot liberale og demokratiske idear som gjorde seg gjeldande i heile Europa i mellomkrigstida, og at denne mista trua til liberalisme låg til grunn for at norsk økonomi fekk klare trekk av korporativisme.⁹⁸ Denne korporativismen, saman med rein planøkonomi, vert rekna som ein av grunnane til at Noreg har gjort det såpass bra økonomisk som landet faktisk har.

Men kva har dette med Gerhardsen og Kristjánsson å gjera? Svaret handlar om korleis Kristjánsson bruker Gerhardsen. For det første vert Gerhardsen nytta som ein *metonymi* på norsk politikk generelt og Arbeidarpartiet spesielt, i perioden rett etter krigen. Grepet Kristjánsson tar er at han lar Gerhardsen personleg stå som representant for ei rekkje ulike politiske grep og ei utvikling som var essensielle for Noreg i denne perioden. Han hyllar personen og politikaren Gerhardsen, og ikkje det politiske klimaet i Noreg som fanst på denne tida. Det han oppnår med dette grepet er at knyter seg opp mot den norske grunnforteljinga i frå etterkrigstida, og den som står fram som noko av det mest sentrale i denne, er nettopp Gerhardsen sjølv. Når Kristjánsson i tillegg skriv at Raudt er det partiet i dag som ligg tettast på dei ideane som Gerhardsen sto for er det for å kopla partiet sin politikk opp mot grunnforteljinga. Grepet som Kristjánsson gjer her er noko av det same som Francis Sejersted gjer med Høgre. Både Sejersted og Kristjánsson prøver å skriva sine parti inn i grunnforteljinga,

⁹⁷ Ibid: 129-130

⁹⁸ Slagstad 1998: 186-197

sjølv om perspektiva deira er ulike. Sejersted skriv at Høgre haldt Arbeidarpartiet i taumane og gjorde at norsk politikk ikkje vart endå meir radikal i tida etter krigen. Kristjánsson på si side vil visa at Gerhardsen eigentleg var Raudt-politikar og ikkje Arbiedarpartimann.

Gjennom å nytta Gerhardsen som metonymi så gjev Kristjánsson Gerhardsen og nasjonen same mål, eller agency. Det som Gerhardsen ville oppnå, ville nasjonen oppnå, og det desse aktørane begge ville oppnå gjorde Noreg så vellukka. Men no er denne idyllen truga av andre politiske retningar som vil føra Noreg tilbake til ein posisjon landet ikkje har vore i på mange år. Alt det Gerhardsen fekk gjennom basert på fellesskap og nasjonens beste, er nå er truga av profittjaget til høgresida.

Eit siste poeng her er at gjennom å nytta Gerhardsen som metonymi, så gjev Kristjánsson historisk tyngd bak mange av dei forslaga som Raudt har i dag, men som nok ikkje heilt vert sett på som liberale og derfor demokratiske. På denne måten nyttar Kristjánsson Gerhardsen som historisk analogi og som argument for mykje av den politikken som Raudt vil innføra. Dette gjeld for eksempel statleg eigarskap i industrien og meir planøkonomi. Analogien er at akkurat desse politiske måla vart innført i Noreg under Gerhardsen og at det då fungerte godt. Men no er desse måla eigentleg ute av takt med tidsånda og derfor lite populære. Det Kristjánsson seier då er at dette har blitt gjort før og at det fungerte utmerka, så det bør me faktisk gjera igjen.

4.1 Oppsummering

Kristjánsson har skriva ei politisk bok, der han prøver å knyta personen Gerhardsen og politikken Gerhardsen førte til partiet Raudt. Den viktigaste tropen, som går igjen i fleire ulike sideforteljingar er det som Kayser Nielsen kallar for U-modellen. Kristjánsson nyttar Gerhardsen som ein metonymi for den norske nasjonen. Nasjonen og personen har same politiske mål og det er desse måla som har forma «verdas beste land å bu i». Men liberalisering og høgresidepolitikk trugar nasjonen, i følge Kristjánsson og den einaste måten å stoppa desse trugsmåla er å transplantera Gerhardsens politikk inn i dagens samfunn. Ein kan nesten hevda at den revolusjonære Kristjánsson i denne boka står fram som reaksjonær?

5.0 Analyse av *Einar – hele historien*

Hausten 2019 viste NRK dokumentarserien *Einar – hele historien*. Opphavsmannen til serien er den politisk medvitne Erling Borgen. Gjennom sitt produksjonsselskap har han laga mange, og til tider kontroversielle, dokumentarfilm. Det kanskje mest kontroversielle Borgen har laga var filmen *Et lite stykke Norge* som handla om bruken av norske våpen i krig. Han har også stått bak meir historiske dokumentarar, mellom anna *Hakekorsets profitører* som i hovudsak handla om korleis norske firma og statsbedrifter tente store pengar for å arbeida for okkupasjonsmakta og Organisasjon Todt under den andre verdskrigen.⁹⁹ Borgen har aldri lagt skjul på at han høyrer til på den politiske venstresida.¹⁰⁰

Serien om Einar Gerhardsen tar utgangspunkt i ein del velkjende framstillingar om Gerhardsen og memoarar skrivne av Gerhardsen sjølv eller folk i hans omgangskring, og i tillegg eit par nyare biografier om Gerhardsen.¹⁰¹ Sjølv skriv Borgen dette om bakgrunnen for serien:

Vi føler det som svært viktig å få fortelle historien om hvem vi står på skuldrene til i dagens velferds-Norge. Einar Gerhardsen og hans medarbeidere hadde et politisk prosjekt. Det måtte bli en slutt på at arbeidstakerne sto med lua i hånda og ba om almisser fra arbeidsgiverne. Einar representerte samtidig drømmen om det nye, frie og lykkelige Norge.¹⁰²

Kvifor tittelen på dokumentarserien er *Einar*, utan etternamn, kan ein kan ein sjølv sagt berre spekulera i. Men eit nærliggande poeng er nok forsøket på å knyta band mellom dagens publikum for dokumentaren og fortida. På denne måten vert publikum til serien allereie i tittelen medvitne på samanhengen mellom fortid og notid. Å kalla serien opp etter førenamnet er med på å minka avstanden mellom fortida og publikum. Borgen vil fortelja historia til kven vi står «på skuldrene til i dagens velferds-Norge».

Då dokumentaren først vart vist på NRK1 medio september 2019, vart serien møtt med stort sett positive meldingar frå pressa.¹⁰³ Ein som ikkje var like nøgd var professor emeritus i filosofi

⁹⁹ Erling Borgen på wikipedia, https://no.wikipedia.org/wiki/Erling_Borgen (Henta 22.1.2020)

¹⁰⁰ Jamfør mellom anna Johnsen (2018, 21.4) «Barnet Borgen» og Fyhn (2005, 2.4) «Rød ridder».

¹⁰¹ Fullstendig kjeldeliste for Borgens prosjekt finn ein på denne nettsida:

<http://landsfaderen.no/materiale/seriens-rulletekst> (Henta 22.1.2020)

¹⁰² Filmskapar Erling Borgen fortel som sitt eige prosjekt. <http://landsfaderen.no/om-prosjektet> (Henta 22.1.2020)

¹⁰³ Jamfør Hans Olav Lahlum si melding i Morgenbladet 20.0.2019: <https://morgenbladet.no/ideer/2019/09/pa-fornavn-med-gerhardsen>. Eller Tom Stalsberg si melding i Dagbladet 14.9.2019: <https://www.dagbladet.no/kultur/pensum-for-en-splittet-nasjon/71593483>

Jon Hellesnes. Hellesnes omtalar problematiske sider ved Borgens serie i ein kommentar i *Dag og Tid* 4. oktober 2019.¹⁰⁴ Her kritiserer Hellesnes Borgen for to sentrale sider i dokumentarserien. For det første seier Hellesnes at den «yttarleggåande» venstresida med denne dokumentaren gjer eit forsøk på å «gjera Gerhardsen til sin eigen», først og fremst for å legitimera egne radikale politiske standpunkt. Det andre Borgen vert kritisert for er å skjønsmåla bildet av Gerhardsen. Hellesnes er spesielt oppteken av omfanget av den ulovlege overvakinga, måten Gerhardsen kom til makta på i 1945 og han kallar Gerhardsens ideologi for «den halverte leninismen». Ved ikkje å forholda seg skikkeleg til desse episodane, meiner Hellesnes at dokumentarserien ikkje fortel den versjonen av historia som er verdt å fortelja. Kritikken til Hellesnes må lesast som to hovudinnvendingar mot serien. For det første at Borgen nyttar historiene om Gerhardsen med eit bestemt politisk formål. Og for det andre at bildet av Gerhardsen vert skjønsmåla, at ein del problematiske sider ved Gerhardsen sitt liv og verke ikkje vert omtala i den grad det kanskje fortener. Sett bort frå Hellesnes si kritiske røyst vart serien ikkje mykje diskutert, og ein kan vel seia at serien førte vel ikkje akkurat til at den offentlege politiske diskursen vart endra. Einar Gerhardsen vart sundagsunderhaldning i beste sendetid på NRK1.¹⁰⁵

Det som denne delen av oppgåva skal prøva og svara på, er i hovudsak korleis dokumentarserien knyter seg opp til den norske grunnforteljinga. For å kunna drøfta det på ein gjennomgåande måte vil eg først gå gjennom kvar episode for seg, og så sjå på serien med eit meir overordna blick. Ulike typar forteljingar vil vera berande i drøftinga. Dette gjeld hovudforteljinga for heile serien, men også om kvar episode har ei hovudforteljing. Eg vil også sjå på kva sideforteljingar som vert fortalde og kva funksjon nokre av dei har. Samtidig vil Rösen sin typologi for forteljingstypar som orienteringsverktøy og Aronssons grunntropar vera sentrale for drøftinga av denne dokumentarserien.

¹⁰⁴ Dag og tid 4.10.2019, s. 10-11

¹⁰⁵ Borgen, Erling 29.11.2019: Innlegg på Facebook. Her skriv Borgen at kvar episode av Einar – hele historien har hatt over 500 000 sjåarar. (Henta 22.1.2020)

5.1 Episode 1. *Fattiggutten*

Episode 1 av dokumentarserien *Einar – hele historien* har undertittelen *Fattiggutten* og tar føre seg tida frå Gerhardsen vert fødd i 1897 og tida fram til Noreg vert okkupert av tyskarane og Gerhardsen sjølv vert tatt til fange av tyskarane 11. september 1941. Måten serien vert fortalt på er ei blanding av Gerhardsens eiga røyst, ein kommentarstemme, intervju med ulike personar og ulike arkivbilde. Første episoden er nok prega av at det ikkje er så mange levande bilde å få fatt i.

Heile serien startar med at Arbeidarpartiveteranen Martin Kolberg fortel at «Einar er opphøgd», og tidlegare statsminister Gro Harlem Brundtland som seier at Gerhardsen var ein person ein hadde tillit til. Det neste me får sjå i denne episoden er korleis det var i Kristiania rundt førre hundreårskifte: «Fattigdommen var ein naturleg tilstand» og Kristiania rundt førre hundreårsskifte vart av mange kalla for «dei elendiges hovudstad». Her vaks Einar opp, der ein tredjepart av innbyggjarane var fattige. I anslaget til dokumentarserien vert det fortalt kva denne dokumentarserien skal handla om. Einar Gerhardsen si forteljing frå armod og fattigdom i barndom og oppveksten – gjennom hardt arbeid – til velstand og eit godt samfunn i alderdommen. Eller som filmen sjølv seier: «Einar sitt liv og verke varte gjennom heile 1900-talet». Allereie i innleiinga knyter Borgen saman forteljinga om Noreg med forteljinga om Einar Gerhardsen. Hans liv er forteljinga om «fattigguten og barnearbeidaren», som vart «landsfaderen» til ein heil nasjon. På same måte som nasjonen gjekk frå eit fattig land med store skilje til eit av dei rikaste i verda. Nasjonen Noregs suksesshistorie er ofte parallell til Gerhardsen si historie.

Den første episoden av *Einar – hele historien* følger biografien til Gerhardsen kort fortalt denne måten: Foreldra var arbeidsfolk, med fast arbeid. Faren arbeidde i vegvesenet, mora var tenestejente, men sjølv om dei hadde fast arbeid hadde dei dårleg råd, og dei måtte til pantelånaren fleire gonger. Vidare får me ei skildring av Kristiania, det er byen som gjer at Einar vakna politisk. Kristiania var prega av stor tilflytting i åra før førre hundreårskifte og store skilnadar mellom folk. Byen gav så mange arbeid, men likevel så mange arbeidsfolk dårlege forhold å bu i.

Vi får høyra om då Einar Gerhardsen var urmakarlærling. Han var glad i friluftsliv og han arbeidde frå femteklasse av med ulike småjobbar og strøjobbar. 1905 og folkeavstemminga om monarkiet vert også nemnd. Faren, Gerhard Olsen, stemde for republikk. Men unge Einar var

ikkje særleg einig. Gerhardsen likte at kongen kom og var ikkje, som ein kanskje skulle tru, republikanar. Unge Gerhardsen er pragmatikar, han er ikkje ideologisk blind.

Serien fortel vidare om livet til Gerhardsen som ung. Han fekk seg fast jobb som 18-åring, og at det var gjennom jobben i Vegvesenet han for alvor kom med i arbeidarrørsla. Gerhardsen vart tidleg medlem i Arbeidarungdomslaget. Denne organisasjonen, leia av Martin Tranmæl, høyrde til den revolusjonære delen av Arbeidarpartiet. Eit av dei store diskusjonsspørsmåla i Arbeidarungdomslaget på denne tida var spørsmålet om korleis Arbeidarpartiet skulle koma til makta? Var dette gjennom væpna revolusjon eller gradvise, stadige endringar. Tranmæl vart ein stor inspirasjon for Gerhardsen. Gjennom turar i marka kom Gerhardsen inn i Tranmæl sin indre krets. Dei gjekk på turar, overnatta på hytter i Nordmarka og diskuterte politikk. Det vart denne kretsen som skulle driva fram revolusjonen og etter denne, ta over sentrale funksjonar i det nye kommunistiske Noreg.

Første verdskrigen gjorde sterkt inntrykk på arbeidarrørsla. Totalt sett var dei skuffa over dei sosialistiske kreftene i dei europeiske landa. Det viste seg når alt kom til stykket at den internasjonale klassesolidariteten var svakare enn lysta til å gå i krig for nasjonen. Arbeidarklassen i dei krigande nasjonane tok til våpen mot sine klassebrør av annan nasjonalitet. Men så kom den russiske revolusjonen. I kjølvatnet av revolusjonen kom ein optimisme for arbeidarklassen si makt. Filmen fortel lite om bakgrunnen kvifor Arbeidarpartiet vart revolusjonært, forutan linken til den russiske revolusjonen. Gerhardsen var revolusjonær, og Gerhardsen reiste til og deltok på Den tredje internasjonale. Under reisa til Petrograd haldt Gerhardsen på å døy då toget han sat på brann. På grunn av innreiseforbod i Russland måtte nemleg reisa til Petrograd gjerast via Vardø, og med tog sørover gjennom Russland. Turen til Petrograd vart ei pilegrimsferd for Gerhardsen. Einar Gerhardsen vert i denne delen av filmen ein representant for ein radikal og revolusjonær del av arbeidarungdommen i Noreg. I alle fall den delen av norsk ungdom som fann sitt tilhaldsstad på ytre venstre i det politiske landskapet.

Hytta i Bærum, med det noko snodige namnet «Kristi rolighet» spelar også ei rolle i denne episoden. Det vart ein politisk klubb på denne hytta, ein samlingsplass for den revolusjonære delen av Arbeidarpartiet. Også Håkon Lie kom etter kvart inn i denne kretsen. Arbeidarpartiet vart ein plass der unge som ikkje fekk utdanning kunne verta skolerte. På landsmøtet i 1923 var det store stridsspørsmålet om Arbeidarpartiet skulle styrast frå Sovjet eller ikkje. Tranmæl leia arbeidet for sjølvstende. Dei moskvatru medlemmane forlét partiet og stifta NKP. Dette førte til at det i 1924 var to revolusjonære parti i lite Noreg.

Einar Gerhardsen måtte i fengsel over 20 gonger. Dette var for mellom anna å oppmoda til tjuveri av mat for fattigfolk. Dette er eit frampeik på at Gerhardsen var så sterk i trua på kva som var rett at han gjorde «ulovlege» ting for å få dette gjennomført. Noko av det same finn me igjen i seinare episodar. Spesielt dette med overvakinga av norske kommunistar, men også i den maktkampen og «statskuppet» som Gerhardsen gjorde i Noreg etter krigen. Men denne filmen framstiller denne viljen til å gjera ulovlege ting, eller til å ta i bruk ekstreme verkemiddel som eit positivt karaktertrekk. Målet heilaggjer middelet, og at dei store spørsmåla er viktigare enn dei kortsiktige reaksjonane.

Mykje av det som vert skildra i første episoden må sjåast på som frampeik til seinare sentrale episodar i Gerhardsen sitt liv. Kva var det som forma Gerhardsen som politiskar og menneske? Her er Borgen sitt hovudpoeng at det var byen, med sine skilje, og deretter Martin Tranmæl som påverka Gerhardsen mest i sine formative år.

Anslaget i serien presenterer sjåaren for nokre sentrale tropar. Den første tropen som vert presentert er den Aronsson kallar «ikkje noko nytt under sola». Denne tropen legg vekt på at det som har skjedd i fortida er viktig for notida. Sjølv om hendingane er eit stykke unna i tid, så skjer desse hendingane innan same «menneskelege erfaring». I serien vert dette konkretisert ved hjelp av livet til Einar Gerhardsen. Han vert den «menneskelege erfaringa» som knyter dagens sjåarar til fortida. Akkurat dette poenget vert endå meir konkretisert ved at det Kristiania som Gerhardsen vaks opp i var ein mykje fattigare by enn Oslo er i dag. Gerhardsen måtte jobba frå han var 8-9 år gammal, familien kunne gjerne ønska seg meir mat på bordet. Sjølv om faren hadde fast jobb måtte han pantsetja giftingen for å dekkja utgiftene.

Dei første minutta av første episoden nyttar også ein annan trope. Det er tropen om framsteget. Slik byen vert skildra og fortalt om i Gerhardsens barndom blir implisitt sett opp mot kor «bra» me har det i Noreg i dag. Allereie i dei første minutta av serien er det to av Aronsson tropar som er viktige grep i forteljninga om Gerhardsen.

Eit anna sentralt forteljargrep i serien er at det er tre nivå av handling. Det første nivået er om Gerhardsen sitt liv, frå fattiggut i Kristiania til landsfader. Det andre nivået er forteljninga om nasjonen Noreg, og det tredje nivået, som mest fungerer som referanserammer og kontekst, er den internasjonale storpolitikken med revolusjon, verdskrigar og kald krig.

Eit eksempel på dette første nivået er scenen der alle etterkomarane hans er samla for å sjå på gamle bilde av Gerhardsen. Her vert det fortalt at «utad hadde Einar ei mild form, men innad

var han kontant og nådelaus». Han vert også skildra som snill, beskjeden og hjelpsam. Barnebarnet Marte Gerhardsen forklarar at bestefaren var meir oppteken av «komfort enn stil». Han laga middag, men ikkje noko gourmetmåltid. Maten, og alt anna måtte sparast på, og det gjorde ikkje noko om det var litt mugg på brødet eller syltetøyet. Denne skildringa av dei personlege eigenskapane til Einar Gerhardsen viser på ein måte tilbake til den mentaliteten som «alle» meiner prega Noreg i tida etter andre verdskrigen. Måtehold, ikkje noko ekstravagant, men likevel vert Gerhardsen skildra som «knallhard» om dei tinga som verkeleg var viktige. For eksempel meinte Gerhardsen at noko av det viktigaste han fekk til i si politiske karriere var at arbeidsfolket, vanlege menneske, følte seg friare enn før. «Dei treng ikkje lenger gå med lua i handa og med bøygd hovud». Heilt tidleg i serien får sjåarane vita om nokre av dei verdiane Gerhardsen hadde som person medan han levde. Desse verdiane er vel heller ikkje langt i frå verdiar som publikum vil kjenna igjen frå personar dei sjølve kjenner som høyrde til Gerhardsens generasjon. Personen Gerhardsen sine verdiar liknar på nasjonen sine verdiar.

Episoden er relativt opprømsande i stilen og er mellom anna innom protestane arbeidarungdommen hadde mot overklasse og politi. Her kjem det fram korleis Gerhardsen og dei fleste i kretsen hans, var antimilitære og det vert fortalt om den store arbeidsløysa som fanst i Noreg på 20- og ikkje minst 30-talet. Litt seinare dette året fekk Arbeidarpartiet 37 prosent av stemmene ved stortingsvalet, som etter ei tid gjorde at den første arbeidarpartiregjeringa vart skipa. Johan Nygaardsvold fekk oppdraget, men nekta. Dette førte til at Christopher Hornsrud tok jobben, men regjeringa hans sat berre i 18 dagar. Gerhardsen var ikkje med på dette arbeidet, fordi han sat i fengsel. Men dette var eit teikn på kva som skulle kome. Det norske arbeidarpartiet hadde kome til makta for å bli.

Samtidig som Arbeidarpartiet gjer sitt første skikkelege inntog i rikspolitikken treff Einar Gerhardsen Werna Christie i eit «barnelag», som var ein organisasjon som kan samanliknast med speidaren. Werna var «lausunge» og vaks opp i fattigdom, sjølv om faren var frå «den stolte Christie-slekta». Werna vert skildra som kraftfull og sjølvstendig og som ei som klarte seg godt på trass av tilhøva. Einar var etter kvart ein vaksen mann, med stadig viktigare posisjon i arbeidarrørsla. Dei to gifta seg i 1932, utan noko stor fest og familiefearing. Etter seremonien hadde dei nygifte ei nøktern feiring framfor peisen på Frognerseteren. Werna måtte seia opp arbeidet når ho gifta seg med Einar. Dette skuldast at ein familie kunne ikkje ha to inntekter, når så mange ikkje hadde noko. Sjølv om ho treivst i arbeidet sitt var klassesolidariteten viktigare enn noko anna.

Følgjer av det store børskraket i USA i 1929 kom for alvor til Noreg i 1930, og dette førte til naud og fattigdom i mange arbeidarheimar. Det var tøffe tilhøve i Noreg i 30-åra, og tiåret var prega av arbeidskonfliktar i Noreg; store streikar som vart møtte med lockout. Høgdepunktet for desse arbeidskonfliktane kan nok seiast å vera Menstadslaget i 1931. Gerhardsen var ein sentral aktør i desse konfliktane. Han held tale i Porsgrunn under Menstadslaget og sto fram som ein klar motstandar av forsvarsminister Quislings avgjerd om å setje inn soldatar mot dei streikande arbeidarane.

I 1933 fekk Arbeidarpartiet over 40 prosent av stemmene ved stortingsvalet. Dette var grunnlaget for det såkalla «kriseforliket» med Bondepartiet i 1935, der var målet auka produksjon og økonomisk vekst. Det gav resultat og førte til færre arbeidslause for kvart år.

Hitler kjem til makta i Tyskland. Borgarskapet representert ved avisa Aftenposten var stort sett nøgde med dette. Under stadig aukande uro i Europa vart Gerhardsen nestformann i Arbeidarpartiet, og etter kvart varaordførar i Oslo. Poenget med denne delen av episoden er at i eit bakteppe av uro i Europa fortsette Gerhardsen si klatring i partiet. Då Noreg var komme med i krigen var Einar Gerhardsen blitt ein av dei viktigaste i personane i Arbeidarpartiet. Krigen snudde opp ned på Einars liv. Han vart med i motstandskampen, og følgde kongen nordover. Han var med på bombinga av Nybergsund, til Tromsø og reiste seinare til Sverige. Likevel reiste Gerhardsen etter kvart tilbake til Oslo for å ha kontroll på partiet. Han vart ordførar i Oslo, men fekk etter kvart ikkje lov av okkupasjonsmyndigheitene å fortsetja med verken parti- eller kommunearbeid. Det enda med at Gerhardsen gjekk tilbake til arbeidet sitt i vegvesenet.

Tidleg om morgonen 11. september 1941, vart Gerhardsen arrestert av tyskarane. Det var dagen etter at okkupasjonsmakta hadde erklært unntakstilstand i Noreg. Nazistane såg på LO som den best organiserte motstandsrørsla i Noreg. Gerhardsen vert arrestert og han får bank i Møllergata 19, før han vert sendt til Tyskland i konsentrasjonsleir.

I denne første episoden av *Einar – hele historien* står Einar Gerhardsen fram som ein ekte nordmann. Han var pragmatisk. Prinsipielt sett var han mot monarkiet, men han såg at monarkiet kunne vera nyttig for nasjonen. Han var heller ikkje pasifist, sjølv om store deler av arbeidarrørsla var dette. Han var ein «moderne» mann som laga mat og passa ungene. Han gifta seg med ei kvinne som var fødd utanfor ekteskapet. Werna var ei moderne dame fordi ho var politisk aktiv og gjorde mykje meir enn å laga mat og stelle heime, spesielt etter kvart. Ho vart

ein av leiarane i den nye barne- og ungdomsorganisasjonen som vart etablert i arbeidarrørsla – den såkalla «Framfylkingen» som eigentleg var arbeidarrørsla sin versjon av speidaren. Dei to vert hugsa som var eit veldig moderne ektepar. Werna var også «framleiar» for Gro Harlem. Kort fortalt så vert personen Einar Gerhardsen stil fram som meir moderne, enn tida han var ein del av.

I denne første episoden er det to grep som er veldig sentrale. Det første grepet er korleis perioden frå Gerhardsen vert fødd i 1897 til han vert arrestert av tyskarane i 1941 heile tida implisitt vert samanlikna med Noreg i dag. Det som vert understreka er på kva område samfunnet i Noreg var klart dårlegare stilt enn det Noreg sjåarane kjenner i dag. Fattigdommen er allereie nemnt, den politiske uroa og kampane på 20- og spesielt på 30-talet er eit anna viktig moment her. Det begge desse har til saman er at dei handlar om klassekamp og eit meir rettferdig Noreg. Dette minner veldig om tropen til Aronsson som han kallar for «historia gjentek seg ikkje». Samtidig som episoden minner sjåarane om at dette er ein del av vår felles fortid – tropen «ikkje noko nytt under sola».

Hovudforteljinga i denne første episoden er at Noreg frå omlag 1900 og i perioden fram til krigsutbrotet var eit heilt anna land enn Noreg i dag. Noreg i mellomkrigstida vert portrettert som eit land med store skilje mellom ulike klassar, og som eit land prega av stor uro både økonomisk og politisk. Hovudforteljinga viser også kva forhold det er mellom notid og fortid. Borgen bruker dette medvite forholdet mellom fortid og notid, mest for å visa kva utvikling og framsteg nasjonen har hatt. På den måten vert første episode starten på ei framstegsforteljing. Dei mest sentrale aktørane i denne forteljinga er nasjonen og arbeidarrørsla – og det som knyter desse to aktørane saman er Einar Gerhardsen. Arbeidarrørsla og nasjonen vert også stilt fram med same mål i følge denne dokumentaren.¹⁰⁶ Dei som ser på serien veit at Noreg er eit heilt anna og betre samfunn enn det som vert skildra i denne episoden. Arbeidarrørsla vert stilt fram som aktøren som gjennom mange år med kamp er arkitektane for desse endringane. Men denne kampen har ikkje blitt vunne av seg sjølv. Noreg har blitt «verdas beste land å bu i» som eit resultat av gradvise endringar som ofte har utgangspunkt i arbeidarrørsla. Her vert Gerhardsen brukt som ein metonymi (representant) på både nasjonen og arbeidarrørsla. Eit eksempel på dette er kva metonymien Gerhardsen møter av motstand i denne første episoden. Det er

¹⁰⁶ Her kunne det vore naturleg å nytta det engelske omgrepet *agency*, som ikkje har noko god omsetjing til norsk. Men for den språklege purismens del så nyttar eg heller *utvikling* eller *mål* som norsk omsetjing av *agency*, sjølv om det ikkje alltid er heilt dekkande.

motstand i dei økonomiske skilja i Kristiania. Det er motstand mot første verdskrigen i Europa. Det er motstand internt i arbeidarrørsla i spørsmålet om forholdet til Moskva tidleg på 1920-talet og det er motstanden mot Quisling under Menstadslaget.

Skal ein nytta Rūsen sin forteljingstypologi på denne episoden så er det me finn mest av her ei tradisjonsforteljing. Slike forteljingar legg vekt på kontinuitet mellom fortid og notid og på samanhengane i tid. Denne episoden dekker den delen av livet til Gerhardsen som forma han til den han vart. Kva var det som forma han, var det først og fremst byen han vaks opp i og dei store ulikskapane han såg? Eller var det sosialismen og kommunismen i Russland, og den politiske oppvakninga i arbeidarklassen? Sjølv om Gerhardsen var uttala kommunist i åra etter første verdskrigen var han, i følgje Borgen, mykje heller ein pragmatikar enn ideolog. Denne første episoden fortel kor Gerhardsen kjem frå, og kva som påverka han i sin ungdom. Ein finn også spor av det Rūsen kallar utviklingsforteljing her. Dette vert understreka av kva utvikling som var bra for Noreg og korleis denne utviklinga sto i motsetning til utviklinga i Europa. Medan Europa vart kasta ut i det kaoset som etter kvart enda med andre verdskrigen, så var situasjonen mykje meir avklart i Noreg. Kriseforliket gjorde at ein endeleg fekk politisk stabilitet i landet.

Som forteljing har også denne første episoden klare aktørar. Den meste sentrale er sjølvsgatt Gerhardsen sjølv, og kretsen rundt han i arbeidarrørsla. Som aktør vert Gerhardsen skildra som ein progressiv mann med verdiar som liknar meir på dagens verdiar enn samtida. Kven som er antagonistar i denne forteljinga er ikkje så tydeleg, og vert ikkje via mykje plass i episoden. Men ein kan sjå konturane av kven som er motstandarar i forteljinga. Dei som er antagonistar i forteljinga om Gerhardsen er dei same som er antagonistar i forteljinga om nasjonen. Det er kapitalistar på 20- og 30-talet, det er den noko diffuse nemninga «høgresida» i politikken og det er Quisling.

Oppsummert så er hovudforteljinga i den første episoden av *Einar- hele historien* er å visa kor store skilnadar det er mellom Noreg i starten av Gerhardsen sitt liv og Noreg i dag. Eit anna viktig grep er å visa at fortida er relevant for notida. For å forstå kor bra me har det i dag, må me forstå kor dårleg dei før oss hadde det. Men det aller viktigaste med denne første episoden er å presentera ein del problemstillingar og personar som vert viktige for forteljinga seinare.

5.2 Episode 2. Statsminister

Den andre episoden i Borgens dokumentarserie startar med at journalist, redaktør og tidlegare statssekretær Arne Strand fortel følgjande: «Gerhardsen gjorde «statskupp» då han avsette Torp som partileiar og Nygaardsvold som statsminister. Gerhardsen kunne nytta makt når det var nødvendig». Her refererer Strand til dei motstandarane som Gerhardsen måtte utmanøvrera for å få posisjonen som Arbeidarpartileiar og seinare statsminister i Noreg.

Denne episoden dekkjer perioden i Gerhardsen sitt liv frå opphaldet i konsentrasjonsleiren i Sachsenhausen via gjenreisninga og industrialiseringa i etterkrigsåra, fram til midt på 1950-talet. Det vert igjen fortalt ulike forteljingar på tre nivå. Det eine er det reint personlege nivået. Her treff me «Einar» og familien, born og kjente. Det andre nivået er det partipolitiske og nasjonale, med konflikhtar med LO-leiar Nordahl og andre sentrale personar i norsk politikk i etterkrigsåra. Det tredje nivået er eit makronivå der me følgjer utvikling i storpolitikken ute i verda. Mellom anna konkretisert gjennom Sovjetunionens invasjon av Tsjekkoslovakia i 1948. Det verker som at hovudpoenget med denne måten er å visa eit breiare bilde av statsminister Gerhardsen og den noko spekulative øvinga det er å seia noko om kva hendingar i hans eige liv som låg til grunn for den politikken han sto i spissen for då han var statsminister.

Meir kontroversielle tema som korleis Gerhardsen kom seg ut av konsentrasjonsleiren vinteren 1944, vil ikkje Borgen spekulera for mykje i, men det vert i episoden hinta til at den finske finansministeren Väinö Tanner fekk Gerhardsen ut som ei personleg teneste, men her er lar filmen ein del andre interessante forklaringar liggja.¹⁰⁷

Då Gerhardsen vart overført til Grini trefte han mange likesinna. Det vart etter kvart oppretta eit slags politisk sentralstyre for Arbeidarpartiet inne i sjølve fangeleiren, og at desse politiske fangane la mykje av grunnlaget for «den nye arbeidsdagen» som prega norsk politikk i perioden rett etter krigen.

Ungane til Gerhardsen, spesielt sonen Truls, likte seg ikkje på den nye skulen som sokna til statsministerbustaden. Historia til Truls står fram som ein liten anekdote om klassemedvit og identitet. Noko av det same gjeld om å flytta frå den «altfor store» og «rotteinfiserte», i bokstavleg og truleg metaforisk forstand, statsministerbustaden til ei ny leilegheit på Tøyen på austkanten. I denne delen av dokumentaren fungerer borna Torgunn og Truls som forteljarar av

¹⁰⁷ Jamfør Finn Olstad sin biografi (1999). Her argumenterer Olstad for at det ikkje var finnane, men heller ein SS-soldat som fekk frigjort Gerhardsen i 1944.

konkrete episodar som viser korleis Gerhardsen tenkte. Heilt i avslutninga av episoden følgjer me Gerhardsen på den daglege spaserturen frå Tøyen, gjennom botanisk hage, til statsministerkontoret.

Episoden fortel også om eit par hendingar som balanserer forteljinga me får om Gerhardsen. Det er spesielt to hendingar som viser dette. Det eine er det «eineveldet» som Arbeidarpartiet hadde i to generasjonar på industristaden Årdal i Sogn. Det andre er at landsfaderomgrepet vert utfordra. Det var ikkje slik at Gerhardsen vart sett på som den store «landsfaderen» før lenge etter han var ferdig som statsminister. Kor dette omgrepet kjem frå, og kven som først nytta dette, seier heller ikkje serien noko om.

Mot slutten av episoden får me sjå litt meir av det politiske prosjektet til Gerhardsen. Her er dei viktigaste endringane starten på utdanningsrevolusjonen, bustadbygginga, og starten på det som etter kvart blir det moderne velferdssamfunnet. Episoden viser korleis den spartanske, norske statsministeren trygt forankra i sosialismen, men likevel gjorde kapitalistiske grep der det trengtest. Gerhardsen og Arbeidarpartiet styrde landet på eit politisk program som i stor grad vart konstruert i luftegarden på Grini. Dette var starten på det nye Noreg etter andre verdenskrigen, dette er dette arbeidet og desse verdiane som me nyter godt av i dag.

Dersom ein ser på Aronsson sine grunntropar, så er denne episoden utan tvil prega av det han kallar framsteg og utvikling. Dette gjeld ikkje minst det faktum at Gerhardsen personleg hadde ei sær sentral rolle i gjenreisinga av Noreg. Her vert forteljinga om Gerhardsen igjen vevd saman med forteljinga om nasjonen. Her legg Borgen seg på eit spor som me kjenner i frå andre framstillingar om same tida. Rune Slagstad skriv mellom anna at mange av dei ideane som prega norsk politikk etter krigen, var baserte på idear og ideal som ikkje var demokratiske, som mellom anna planøkonomi og korporativisme.¹⁰⁸ På same måten nyttar Gerhardsen udemokratiske verkemiddel for å koma i maktposisjon. Både Torp og Nygaardsvold vart spelte ut på sidelinja. No seier denne episoden nesten ingenting om korleis dette maktspelet fungerte i praksis, eller kva som faktisk skjedde. Korleis det kuppet som Arne Strand nemner i anslaget av episoden faktisk gjekk føre seg, får me aldri vita meir om. At detaljane rundt dette ikkje vert meir utbrodert, er også eit poeng i kritikken frå Hellesnes. Denne kritikken gjekk ut på at dei meir problematiske sidene ved Gerhardsens liv som statsminister ikkje blir skikkeleg handtert i Borgens serie.¹⁰⁹ Parallellen er likevel slåande mellom Gerhardsens «statskupp», og nasjonens

¹⁰⁸ Slagstad 1998: 196-197

¹⁰⁹ Hellesnes 2019: 10-11

verkemiddel for vekst etter andre verdskrigen. Einar Gerhardsen nytta, på same måte som nasjonen, udemokratiske verkemiddel for å løysa ulike problem etter krigen. Og dette kan me, i følgje Borgen, på ein måte tilgje fordi resultatet vart så bra som det vart.

Som sagt er det ei interessant hending som denne episoden av *Einar – hele historien* ikkje gjer noko nummer ut av. Det gjeld korleis Gerhardsen kom seg ut av konsentrasjonsleiren i Sachsenhausen og heim til Noreg. Ikkje til fridom, men til fangeleiren på Grini. Filmen seier berre at dette er ukjent, men at den finske ministeren Väinö Tanner kan ha hatt ei rolle å spela i dette. Akkurat korleis Gerhardsen kom seg ut av Tyskland er noko Som Finn Olstad skriv utfyllande om i sin politiske biografi om Gerhardsen (1999). Her konkluderer Olstad med at vi ikkje veit kvifor og korleis Gerhardsen kom seg til Noreg, men at det finst to motstridande teoriar.¹¹⁰ Den eine teorien er ein litt meir detaljert forklaring på korleis Gerhardsen kom heim som ein del av eit storpolitisk spel som involverte både finske ministrar og den svenske statsministeren Per Albin Hansson. I følgje denne teorien «måtte» Gerhardsen heim for å førebu freden som ikkje var langt unna. Nygaardsvold og hans regjering trengde avløysing, og einaste naturlege kandidaten var då Gerhardsen. Derfor måtte han reddast, før livet i Sachsenhausen tok knekken på han.

Den andre teorien som Olstad lanserer er at Gerhardsen fekk hjelp at ein gestapooftiser, Herbert Paul, og den tyskvennlege norske forretningsmannen Sven Dysthe. Dysthe fekk instruksar frå professor Torleif Dale, som samarbeidde tett med leiinga i heimefronten. I følgje biograf Olstad er dette den mest plausible teorien – at grunnen til at Gerhardsen kom seg til Noreg var ikkje eit samarbeid mellom nordiske politikarar for å rå grunnen for norsk sjølvstende etter krigen, men heller eit resultat av «godhjertige» gestapistar og nordmenn med ein fot i kvar leir. Olstad skriv også at det er stor sjanse for at Gerhardsen hadde blitt avretta om ikkje han kom seg ut frå Sachsenhausen då han gjorde. Eit par dagar etter at han vart send tilbake til Noreg vart fleire av dei politiske fangane avretta eller sende til utryddingsleiren Mauthausen.

Ein kan sjølvst sagt ikkje seia definitivt kvifor denne hendinga ikkje er gjort noko større nummer ut av i episode 2. Ein openberr grunn kan vera plassmangel, og at filmskaparane må ta eit utval av hendingar og episodar for å fortelja historia si. Men ei mykje meir interessant forklaring kan vera at korleis Gerhardsen kom seg ut av Sachsenhausen, i alle fall i Olstad sin versjon, ikkje stemmer overeins med den hovudforteljinga som denne episoden har. Det blir gjort eit stort

¹¹⁰ Olstad 1999: 164-172.

nummer ut av at Gerhardsen jobba illegalt, han vart fengsla og sendt til Tyskland, før han kom tilbake til Noreg og jobba vidare med å «planlegga freden». Denne sideforteljinga passer mykje betre inn med tanke på at Gerhardsens forteljing er parallell med nasjonens forteljing. Som Noreg vert Gerhardsen fengsla. Som Noreg vert Gerhardsen slept fri etter hjelp frå andre land, og som Noreg står Gerhardsen fram som fri, sterk og uavhengig etter krigen. Ser ein nøkternt på det, er det heilt irrelevant kva som var grunnen til at Gerhardsen kom seg til Noreg, men i ei forteljing av denne typen er det sjølv sagt viktig i og med at historiene til individet Gerhardsen, er så tett knytt mot nasjonen Noreg.

Hovudforteljinga i denne episoden er at Einar Gerhardsen tar i bruk dei verkemidla han må for å kjempa mot formidable motstandarar. Denne hovudforteljinga vert slik bygd opp av ei rekkje med sideforteljingar. Mellom anna med forteljingane om maktspelet mellom Gerhardsen og Torp, og seinare Gerhardsen og Nygaardsvold. Me får også ei sideforteljing om korleis Gerhardsen leid under fangenskap i Tyskland og korleis han etter kvart kjem seg heim og står klar for å overta styringa av landet. Noko som kan virka ganske merkeleg i denne andre episoden er korleis anslaget der Arne Strand seier at Gerhardsen gjorde «statskupp» ikkje vert utbrodert noko meir. Etter anslaget i episoden følgjer vi dottera Torgunn familien hennar på besøk i Sachsenhausen. Det vert ikkje fortalt eksplisitt, men hinta til at opphaldet i konsentrasjonsleirane var grunnlaget for at Gerhardsen gjorde dette såkalla «statskuppet» i 1945.

Krigen vert skildra som eit klart brot i Noreg, og ikkje minst starten på noko nytt. Bustadbygginga, industrireisinga og utdanningsrevolusjonen blir nemnt som eksempel på det nye som prega Noreg i åra rett etter krigen. Slik sett finn ein tropen som Aronsson kallar for framsteget også i denne episoden. Dette vert spesielt tydeleg om ein ser dei to første episodane i ein heilskap. Etter krigen skulle det nye Noreg skapast, og det viktigaste var å ta eit oppgjær med dei motkreftene som dominerte i tida fram til krigen. Den einaste måten å vinna over formidable motstandarar som kapitalismen og nazismen var å gjera det som var nødvendig for at sosialismen skulle vinna fram i Noreg.

Høgresida vert også her stilt fram som antagonistar i forteljinga. I alle fall i den grad at dei ikkje vert via nokon plass i forteljinga i det heile. Eit eksempel på det er episoden med sonen Truls som vert mobba på skulen av dei som budde lenger oppe på Frogner. Det vert også fortalt at det ikkje var så stor politisk semje i Noreg som «mange trur». Ikkje alle var einige i den politiske retninga som Gerhardsen sto for, og då spesielt høgresida i politikken.

På det meir personlege planet vert Gerhardsen framstilt som ei blanding av ideologisk medviten og pragmatisk politisk, men hovudvekt på det siste. Filmen fortel mellom anna at personar som Jens Chr. Hauge og Erik Brofoss fekk plass i den første regjeringa Gerhardsen, ikkje fordi dei hadde partiboka i orden, men fordi dei hadde viktige idear om forsvar og økonomi.

5.3 Episode 3. *Fra fred til kald krig*

Episode 3 – *Fra fred til kald krig* er ein episode som nok tar føre seg litt fleire kontroversielle tema enn den førre. Her er me mellom anna innom kva forsvarssamarbeid Noreg skal gå inn for i kjølvatnet av krigen, Kråkerøy-talen, Werna Gerhardsen sitt påståtte forhold til KGB-agent Beljakov, Gerhardsen sin nedrustningstale i Paris, Noregs rolle i U2-nedskytinga og den norske basepolitikken. Gjennomgangstemaet i denne episoden er storpolitikk og kald krig, og Noreg og Gerhardsens rolle i dette.

Borgen har ei kausal forklaring på kvifor Gerhardsen gjennomfører Kråkerøy-talen, og dermed tar avstand til norske kommunistar og store delar av den norske radikale venstresida. Ei venstreside som Gerhardsen sjølv i stor grad identifiserte seg med. Kjeldegrunnlaget for denne forklaringa er i stor grad henta frå Eirik Wig Sundvalls bok *Gerhardsens val* (2016). Den korte forklaringa er at USA ikkje stoler på «den raude» Gerhardsen, sjølv om dei ikkje direkte mistenker han for å vera kommunist. For å visa til USA at dei kan stola på den politiske leiinga i Noreg tar derfor Gerhardsen dette noko uventa oppgjeret med norske kommunistar. Konklusjonen til Borgen på dette temaet er den klassiske tropen om at målet heilaggjer middelet. Denne forklaringa på kvifor Gerhardsen gjer som han gjer går igjen fleire stader i dokumentarserien, mellom anna om «statskuppet» Gerhardsen gjer då han manøvrerer seg sjølv i stilling som Arbeidarpartileiar og statsminister. For å skaffa Noreg sårt tiltrengde økonomisk midlar, og for å styrka bandet med USA må Gerhardsen ta eit oppgjer med kommunistane i Noreg. Pragmatikaren Gerhardsen vinn over ideologen Gerhardsen.

Deretter er episoden litt innom overvåkingsregimet som mange norske kommunistar vart utsette for, men her vert det ikkje nemnt nokre direkte band mellom statsminister Gerhardsen og den overvakinga som han til sjuande og sist var politisk ansvarleg for. Kva Gerhardsen sjølv visste, og kva rolle han faktisk spelte seier episoden veldig lite om. Sjølv om det kjem fram at mange sentrale personar i kretsen rundt Gerhardsen visste veldig mykje om det som skjedde, mellom anna broren Rolf og Håkon Lie. Det kan altså ikkje vera nokon som heslt tvil om at Gerhardsen

må ha visst kva som gjekk føre seg. Dette er også ei kontroversiell side av den norske historia, som det blir gjort relativt lite ut av i dokumentarserien. Eller sagt meir presist, kva rolle Gerhardsen personleg spelte i denne overvakinga, vert det ikkje spekulert i. Om det skuldast mangel på kjelder, på bevis eller andre ting det er vanskeleg å seia. Men det viser seg gjennom heile serien at dei meir kontroversielle episodane som Gerhardsen i siste instans var ansvarleg for, underspeler kva rolle Gerhardsen faktisk spelte her. Dette gjeld ikkje berre om overvakinga, men også til dømes «statskuppet» i 1945, og korleis han vart flytta frå Sachsenhausen til Grini.

Denne episoden dekker også forholdet som Gerhardsen hadde til Sovjetunionens leiar Nikita Khrusjtsjov, og den uoffisielle bak-kanalen som Gerhardsen fekk etablert med Moskva. Cuba-krisa vert også via litt merksemd, men mest for å få fortalt kor «norsk» Gerhardsen var. Han sat på hytta i Gudbrandsdalen, utan telefon, når dette skjedde.

Felles for fleire deler av denne episoden er at storpolitikk og viktige hendingar under den kalde krigen vert vist fram, men det er nesten påfallande kor lite me som sjåar, får vita om kva Gerhardsen tenker eller gjer under desse hendingane. Det blir nærast teikna eit bilde av ein statsleiar som ikkje meiner noko, eller endå verre – ikkje veit noko, om U2-nedskytinga, eller at amerikanarane nyttar Bodø flyplass til militære oppdrag. Det er påfallande kor lite desse meir kontroversielle hendingane vert knytte opp mot Gerhardsen personleg. Samtidig som me ser ein handlekraftig og sjølvstikker statsminister når det kjem til at hans sjølv vel å gå av. Det som sonen Rune omtalar som å «ta ein pause» frå statsminsiterjobben, for så å koma tilbake. Eller der Gerhardsen snakkar om nedrusting på NATO-toppmøte i Paris, utan at generalsekretæren i Arbeidarpartiet Håkon Lie eller utanriksminister Hallvard Lange er informerte. Me vert servert eit noko anna bilde av Gerhardsen i denne tredje episoden. Der han tidlegare sto fram med ein klar plan for korleis Noreg skal styrast, kjem det i denne episode lite fram om kva han faktisk visste, og kva ansvar han har hatt.

Skal ein trekka inn Aronsson igjen så ser me her at dette er ei slags blanding av brot-tropen og utviklingstropen. Det går betre med Noreg, men utviklinga har ein pris og det er å knyta landet tettare opp mot vestmaktene. Dette vert konkretisert med Gerhardsen-regjeringa sitt ambivalente forhold til atomvåpenlagring på norsk jord i fredstid. Offisiell politikk var eit klart nei til dette, medan i realiteten så var mykje av militær infrastruktur og modernisering i Noreg tilrettelagt for ein eventuell atomkrig.

Kva er så hovudforteljinga i denne episoden? Me får sjå litt om Kråkerøy-talen, om U2-krisa, om Cuba-krisa og den illegale overvakinga av norske kommunistar. Men kva Gerhardsen personleg viste, eller burde ha vist, får me vita veldig lite om. Som symbol metonymi på Noreg så kan dette fungera ganske godt. Noregs rolle i utanrikspolitikken etter andre verdskrigen vart etter kvart som ein liten, men lojal støttespelar for USA. Men sjølv om Noreg var strategisk viktig, og låg tett på Sovjetunionen, så var forholdet mellom dei to landa ikkje så aller verst, dersom ein ser det heile i kontekst av spenninga i resten av verda. Litt av det same verkar å gå igjen om den illegale overvakinga. Det var mange som viste kva som gjekk føre seg, men dette vart ikkje noko stor sak før mange år etterpå. Nasjonen, landet gjorde aldri noko stort nummer ut av dette.

Eit av hovudpoenga i Borgen si framstilling av denne perioden er at det var stor uro i Noreg om utanrikspolitikken. Dette vert ikkje gjenspegla av til dømes Bergh. Hjø Bergh er hovudpoenget det motsette, nemleg at det var omtrent konsensus i den norske utanrikspolitikken etter krigen. Kvifor dei to kjem fram til ulik konklusjon om dette, handlar om protagonistar og antagonistar i forteljingane. Hjø Borgen vert det gradvis klarare kven som er antagonist i forteljinga – høgresida i politikken, medan Bergh ikkje har nokon klar antagonist i si framstilling.

I denne episoden vert alt som handlar om at Gerhardsen tar avstand frå venstresidepolitikk og kommunisme stilt fram som vanskeleg. For eksempel oppgjeret med Sovjet på 20-talet og vegen mot NATO-medlemsskap. Heile vegen ligg draumen om sosialisme som eit bakteppe hjå Gerhardsen. Borgen framstiller det slik at der er pragmatikken og realitetane som er viktigare enn det reint ideologiske. Det var Bratteli som var ideologen i Arbeidarpartiet, ikkje Gerhardsen. Slik vert Gerhardsen alltid stilt fram i ei spenning mellom ideologi og pragmatikk. Dessutan vart Gerhardsens rolle i kontroversielle tema alltid tona ned. Her vert Gerhardsen og resten av venstresida, skildra som protagonistar, eller dei mest sentrale aktørane i forteljinga. Medan, igjen, høgresida vert stilt fram som antagonistar. Heller ikkje i denne episoden vert dette gjort noko stort nummer ut av, men det ligg som oftast underforstått.

Kontroversane rundt NATO-medlemsskap og overvakinga av kommunistane førte til, i følgje Borgen, at Gerhardsen i 1951 ønska å gå av som statsminister. Slik Borgen fortel historia er det underforstått at brotet med kommunistane ligg til grunn for dette. Då peika Gerhardsen på Torp som arvtakar, og ikkje den yngre og sterkare Trygve Bratteli. På slutten av 1954 måtte Torp gå av, etter Gerhardsen sitt ønske, og Einar Gerhardsen kom tilbake som norsk statsminister.

Ein interessant detalj i serien er følgjande. I episode to fortel Borgen at Noreg var det første vesteuropeiske landet som hadde val til nasjonalforsamling etter freden i 1945. I episode tre fortel han at Noreg var det første vesteuropeiske landet som reiste på statsbesøk til Sovjetunionen etter Stalins død. Noko som sjølv sagt irriterte høgresida. Noreg vert slik stilt fram som eit eksempel på demokrati og normalisering av forholda til Sovjetunionen.

Kva som er hovudforteljing i episode tre er altså ikkje så enkelt å påpeika som i dei tre andre. Men ser ein på summen av sideforteljingane så kan ein kanskje seia at hovudforteljinga er vestvendinga av den norske utanriks- og tryggleikspolitikken og at den ikkje var enkel for Gerhardsen. Borgen nyttar mellom anna mykje plass på forholdet mellom Gerhardsen og Khrusjtsjov, og forholdet mellom Noreg og Sovjetunionen. Dette forholdet vert ofta omtala i positive ordelag. Men når det er snakk om NATO og vestmaktene, så er Gerhardsen skeptisk til opprusting, og ikkje minst at amerikanarane kan nytta Noreg til utplassering av troppar og våpen.

På slutten av 50-talet hadde verda blitt ein kaldare stad. Mellom anna Cuba-krisa, oppstanden i Ungarn og Suez-krisa bidrog til det. Kva gjorde Noreg og kva gjorde Gerhardsen i denne situasjonen? Den kalde krigen og atomopprustninga plaga Gerhadsen. NATO ville plassera atomvåpen i Noreg, men dette stod i strid med den norske basepolitikken. Men forholda vart likevel lagt til rette med oppbygginga av den militære infrastrukturen. Denne oppbygginga var i stor grad initiert av amerikanarane og hadde ein eventuell atomkrig som ramme. Dette må Gerhardsen visst om. Det vil seia at han offisielt var mot opprusting, men visste at det likevel var på gang. Eller som sonen Rune forklarar i episoden. Det er skilnad mellom lojalitet og servilitet. Gerhardsen stilte lojalt, om ein kritisk opp for utbygginga av forsvarsverk i Noreg, sjølv om det streid mot hans ideologiske syn. Pragmatikken vinn over ideologien. Eit anna døme på dette er den såkalla «U2-saka». At amerikanarane nytta den militære flyplassen i Bodø til sine U2-fly var eit klart brot på den norske basepolitikken. U2-saka førte til trugsmål om atomvåpenbruk frå Khrusjtsjov. Kva visste Gerhardsen om korleis amerikanarane nytta Noreg som base under den kalde krigen? Akkurat det poenget vil ikkje Borgen undersøka meir av, men det er vel lite truleg at Noregs statsminister ikkje visste noko som helst om eit så sentralt spørsmål i norsk forsvarspolitik.

5.4 Episode 4. *Evig makt*

Anslaget i episode 4, som har undertittelen *Evig makt*, er at Rolv Wesenlund introduserer «Einar» på eit tv-show. Gerhardsen får spørsmål av Wesenlund. «Hva slags formulering skulle det helst stå i en historiebok om dem?» «Nei, det får andre greie.» Einar milde lynne blir nemnt, men dette protesterer Gerhardsen mot. Ein kan ikkje berre vera snill og grei, svarar han. Denne episoden handlar mest om kva ettermæle til Gerhardsen skal vera. Korleis vil ettertida skriva historia om Gerhardsen?

Me er innom mange ulike sideforteljingar i denne episoden. Mellom anna yngstesonen Rune Gerhardsen som fortel at han i stor grad var pappadalt. Kva bukse tok Gerhardsen på seg? «Møtebuksa» eller «kaste-ball-buksa»? Einar Gerhardsen vert stilt fram som familiekjær, som genuint oppteken av barna sine, og eigentleg som ein moderne far.

Barnebarnet Ruth Liungh fortel også om bestefaren. Einar Gerhardsen var ein tvilar, som var deprimert, og jobben kosta han mykje. At russarane starta med prøvesprenging på Novalja Semlja var ikkje enkelt å forhalda seg til, verken for Gerhardsen eller Noreg. Dette førte til nærast panikk i landet og vart starten på det som seinare vart antiatomrørsla.

Vidare tar denne episoden føre seg uro og splitting av norsk politikk generelt og venstresida spesielt. I påska 1958, då det politiske Noreg har påskeferie kjem det såkalla «påskeopprøret» mot norsk atompolitikk. Dette var ein protest mot opprustinga av Vest-Tyskland. Mange i Arbeidarpartiets stortingsgruppe og LO signerte opprøret, men Gerhardsen sjølv kalla dette for «lurendreieri». Gjennom partipisken tvang Arbeidarpartiet mange til å trekka støtta til påskeopprøret. Likevel fungerer dette opprøret som eit frampeik på den seinare splittinga mellom Arbeidarpartiet og Sosialistisk Folkeparti. Episoden fortel vidare om grupperinga rundt vekeavisa «Orientering 1953», om NATO-protestar, og korleis desse protestane gjekk langt inn i korridorane til Arbeidarpartiet. Partisekretær Håkon Lie tolererte ingen opposisjon rundt dette, og Rune Gerhardsen seier direkte at «Håkon Lie hata AUF». Statsminister Gerhardsen prøvde intenst å hindra splittinga, men måtte gje opp i 1961. Grupperinga rundt orientering vart kasta ut av Arbeidarpartiet og danna Sosialistisk folkeparti. Borgen seier at dette var: «[...] begynnelsen på slutten av Einars og Arbeiderpartiets storhetstid». Det heile toppa seg då Arbeidarpartiet mista fleirtalet ved stortingsvalet denne hausten. Sosialistisk folkeparti fekk inn to på tinget, og hamna på denne måten på vippen. Deretter kom Kings Bay-ulukka og regjeringskrisa som følgde i kjølvatnet av denne. Denne ulukka gjekk sterkt inn på Gerhardsen.

Han hadde sjølv vore på Svalbard og sjekka at tryggleiken i gruva var god nok. SF, med Finn Gustavsen i spissen, stemmer for mistillitsforslaget mot regjeringa Gerhardsen, og regjeringa må då gå av. Noreg får eit intermezzo med Jon Lyng som statsminister. Etter tre månader er Gerhardsen tilbake ved makta. I følge Borgen er dette «starten på slutten» for Gerhardsenspoka i norsk politikk.

Ein annan viktig episode som vert grundig dekkja er då Sovjetunionens leiar Nikita Khrusjtsjov besøker Noreg i 1964. Gerhardsen sjølv seier om dei to landa: «Vi veit for lite om kvarandre». Dei to reiser til gamle bygardar. Men Gerhardsen viste også nybygginga som går føre seg i stor stil i Oslo. For å visa fram kor bra det er går dei to statsleiarane opp i eintilfeldig leilegheit og ringer på-. Gerhardsen inviterer også Khrusjtsjov og kona inn i si eiga leilegheit. Dette får Khrusjtsjov til å utbryta: «kor er det du eigentleg bur?»

I 1965 tapte ein «sliten Einar» valet. Tjue år tidlegare representerte Gerhardsen noko nytt, unge framandstormande menn, med klare idear og visjonar om korleis Noreg burde styrast. Regjeringa Gerhardsen var mot slutten prega av gamle karar og regjeringa måtte gå av. Likevel går ikkje Gerhardsen av som ein slagen mann, og uttalar: «Intet nederlag har knekket arbeiderbevegelsen» og «vi kommer igjen».

Einar Gerhardsen er personleg letta for å ikkje vera statsminister lenger og kjenner seg som eit friare menneske. Martin Kolberg seier at Gerhardsen er «opphøyet», at han har blitt namnet på ei epoke. Ei epoke som gjenspeglar oppbygginga av heile det norske samfunnet slik me kjenner det i dag. Kolberg seier vidare at me, i dag, står på skuldrene til det som Gerhardsen-epoka representerte: Fellesskap, sterk stat, velferdsstat, pensjonsordningane. Alle desse tinga som har gjort Noreg til Noreg. Arbeidarpartiveteranen Kolberg konkluderer med at: «Opphøyselsen er fortent».

Resten av episoden handlar av det som skjer etter at Gerhardsen går av som arbeidarpartiformann og stasminister. Det første som vert skildra er spørsmålet om kven skal overta som statsministerkandidat. Bratteli som hadde vore nestleiar sidan krigen, og var av dei fleste sett på som den naturlege arvtakaren. Bratteli var visstnok ikkje nokon strålende kommunikator, og på det grunnlaget ville ikkje Gerhardsen ville ikkje ha Bratteli som sin etterfølgjar. Men Gerhardsen tapte kampen om sin etterfølgjar. Filmen fortel lite om kvifor Gerhardsen tapte denne kampen. Kolberg seier at det Gerhardsen gjorde her var illojalt og at Gerhardsen braut eit viktig prinsipp i arbeidarrørsla, nemleg at det finst ei slags arverekke.

Vidare får me høyra om «generaloppgjeret» med Håkon Lie. Som i følgje Gerhardsen måtte stoppast. Dette leiar fram til den famøse «Jeg skal knekke deg som en lus»-kommentaren. Men kven av dei to som skulle knekka kven har vel verda aldri ennå fått eit klart svar på.

Etter dette, og utover på 1970-talet, kretsar episoden stort sett rundt kva som skjer i det personlege livet til Gerhardsen. Werna døyrr av kreft, og det var terapi for Gerhardsen å gå Nordmarka på kryss og tvers. Så var han «ferdig med det». Dottera Torgunn med familie flytter inn til Gerhardsen. Gerhardsen hadde ingen formell rolle i partiet, men han var likevel populær i partiet, skreiv memoarar og haldt talar.

Den siste, reint politiske saka, Gerhardsen involverte seg i var i spørsmålet om kven som skulle overta etter Oddvar Nordli som statsminister. Reiulf Steen var partileiar, og naturleg arvtakar. Men den då 84 år gamle Gerhardsen kasta seg inn i leiarstriden. Han vart valt til delegat til landsmøte, og gjekk tungt inn for at Gro Harlem Brundtland skulle bli ny partileiar. Men Gerhardsen vart sjuk før landsmøtet og innlagd på sjukehus. I sjukesenga fekk Gerhardsen fatt i Arbeiderbladjournalist Per Brunvand, og fekk han til å intervjuja seg. I dette intervjuet, som aldri vart publisert, sa Gerhardsen at Reiulf Steen ikkje var rett mann for partiet og at det var Brundtland som måtte verta partileiar og statsminister. Det heile enda med at Steen trakk seg, for å unngå ein splittande leiarstrid i partiet. Intervjuet vart aldri trykka, fordi dei avventa Steens reaksjon – og då han trekte seg, då var alt gjort.

Heile episoden og dermed serien vert avslutta med dei siste åra i Gerhardsen sitt liv. Der han går tur med barnebarnet Marte og ser på høgspenteleidningar. «Framskrittet», som han kallar det. Landsfaderen Gerhardsen døyrr midt i valkampen i 1987. I gravferda si vart Gerhardsen køyrd i open bil til Youngstorget. Denne æra ved gravferda var det berre Kong Håkon og Frithjof Nansen hadde opplevd tidlegare i Noreg. Slik vert Gerhardsen plassert heilt på toppen av kven som er viktige nordmenn. Dokumentarserien avsluttar med Håkon Lie sin kommentar «Dette vart faen meg så bra», som vel kan seiast å gjelda både om sjølve gravferda og i eit noko større perspektiv.

Hovudforteljinga i denne episoden kan forklarast som at Gerhardsen si påverknad ikkje slutta sjølv om han gjekk av som statsminister, og at Gerhardsen er landsfaderen i denne nasjonen. Det kanskje viktigaste han gjorde var å leggja til rette slik at Gro Harlem Brundtland vart sett inn som statsminister. Frå landsfaderen til landsmoderen. Sjøarane får vita mykje om den personlege historia til Gerhardsen. Atommotstanden, splittinga av Arbeidarpartiet og Kings

Bay-saka blir via mykje merksemd i denne episoden, det same gjeld dei siste åra av livet hans. Gerhardsen er personleg tropen som Aronsson kallar for «det finst ikkje noko nytt under sola». Der er Gerhardsen personleg som er den store kontinuitetsberaren i Noreg. Det er han som viser at fortida er knytt saman med notida, og parallelt med nasjonen har sett så store endringar og framsteg i løpet av si tid. At Borgen knyter Gerhardsen så tett opp mot Gro Harlem Brundtland og korleis ho vert vald til formann i Arbeidarpartiet er ennå ein kontinuitetstrope. Stafettspinnen vert levert frå «landsfaderen» til «landsmoderen».

5.5 Hovudforteljinga i *Einar – hele historien*. Ei oppsummering

Det som står fram som hovudforteljinga i heile dokumentarserien sett under eitt, er at den personlege historia om Gerhardsen, også er historia om Noreg på 1900-talet. Gjennom heile serien vert historia til Noreg sidestilt med historia til Gerhardsen. På denne måten vert Gerhardsen ikkje berre eit symbol, men heller ein metonymi av kva Noreg var, er, og har utvikla seg til å bli. Historia til nasjonen vert fortalt og konkretisert gjennom personen Gerhardsen. Nasjonen og personen vert begge framstilt som sentrale aktørar i forteljinga, og står fram med same mål. På den måten vert Gerhardsen stilt fram som ein aktør som får gjennomført mykje av dei viktigaste politiske endringane som kjenneteiknar Noreg i dag.

Denne parallelle forteljinga startar då Gerhardsen vert fødd. Litle Einar vart fødd i ein arbeidarfamilie i Kristiania. Sjølv om dei hadde fast arbeid, var det vanskelege kår. Det same gjeld både byen og nasjonen. Klassekilje og fattigdom prega nasjonen. Desse parallellane vert gjentekne også i ungdommen til Gerhardsen. Impulsar frå Sovjetunionen og kommunisme prega både Gerhardsen og det norske samfunnet i mellomkrigstida. Klassekamp og uro er ikkje ukjende overskrifter for å forklara Noreg i mellomkrigstida.

Under krigen var både Gerhardsen og Noreg i fangenskap og etter krigen tok Gerhardsen dei grepa han måtte for å koma til makta, og på den måten leia gjenreisinga av Noreg og starten på moderniseringa av landet. Som statsminister måtte han forholde seg til nasjonale spørsmål, til USA, til kald krig og utanriks- og forsvarspolitik. Dei situasjonane som Gerhardsen måtte forhalda seg til var dei same som nasjonen måtte forhalda seg til. Krona på verket i desse parallelle forteljingane er når Borgen fortel at det var Einar Gerhardsen, som nesten på eiga hand, fekk sett inn Gro Harlem Brundtland som Noregs første kvinnelege statsminister. Kort fortalt så fortel denne dokumentarserien at Einar Gerhardsen *er* Noreg på 1900-talet. Fødd inn

i fattigdom, turbulente og søkande år mellom verdskrigane, vestvending og velstandsauke etter andre verdskrigen, og likestilling på slutten av perioden.

Den viktigaste parallellismen i serien handlar er om personen og målet for nasjonens utvikling.¹¹¹ Dette kan kort oppsummerast med «pragmatikk framfor ideologi». I forteljinga om Gerhardsen sitt liv viser dette seg fleire gonger i for eksempel om folkeavstemminga om kongedømme eller republikk, om oppgjeret med kommunistane, og tilknytninga til USA og NATO og ikkje minst den leiarstridane som Gerhardsen var del av etter han sjølv gjekk av. Den same pragmatikken finn ein igjen i dei store linjene i noregshistoria. Kongedøme i 1905, helst for å knyta band til England. Om kompromissløysinga «kriseforliket», som sikra stabilitet i norsk politikk inn mot andre verdskrigen. Om brubyggingspolitikken som feila etter krigen, men der Noreg og Norden, i det minste ein periode, sto fram som ein tredje veg i ei todelt verd. Om korleis ideologiske og demokratiske prinsipp vart lagt til side for å sikra ei rask gjenoppbygging etter krigen. Gjennomgangstonen i både Noreg og hjå Gerhardsen er at det pragmatiske alltid går føre det ideologiske. På same måte som nasjonen, var Gerhardsen ved hundreårskiftet fattig, sjølv om faren og seinare Einar sjølv fekk fast jobb. Gerhardsen var skeptisk til monarkiet som institusjon, men vart i dei seinare delane av livet sitt nært knytt til kongen personleg. På same måte som nasjonen som også lar pragmatikk gå føre ideologi. Vidare var Gerhardsen ein viktig skikkelse i dei politisk urolege 30-åra, der han gjekk i fengsel for agitasjon, og han samtidig stod opp mot nasjonalisme og Quisling. Etter krigen var han nesten personleg arkitekten bak den norske gjenreisninga, og ikkje minst den politiske konsensusen som prega Noreg i etterkrigstida. I eit slikt perspektiv, der nasjonen og personen vert framstilt med same agency, blir Gerhardsen som ein metonymi på nasjonen. På denne måten underbygger Borgen myta om «landsfaderen», og samlingspunktet Gerhardsen.¹¹² Dei to av Aronssons tropar som Borgen vender tilbake til fleire gonger. Det er «det finst ikkje noko nytt under sola» og «framstegstropen». Korleis Gerhardsen representerer kontinuitet har er

¹¹¹ Her kunne det vore naturleg å nytta det engelske omgrepet *agency*, som ikkje har noko god omsetjing til norsk. Men for den språklege purismens del så nyttar eg heller *utvikling* eller *mål* som norsk omsetjing av *agency*.

¹¹² Akkurat kor og kva tid Gerhardsen fekk tilnamnet «landsfader» er ikkje lett å seia. Det som er sikkert er at bruken av dette omgrepet sat mykje lausare tidleg på 1900-talet og vart nesten brukt synonymt med statsminister eller monark. Søk på avisdatabasen på nasjonalbiblioteket sine nettsider viser mellom anna at i Arbeiderbladet 9. januar 1933 (side 4) blir både Mowinckel og Knutsen omtala som «landsfader». Første gong ein kan sjå at Gerhardsen vert omtalt som landsfader finn me i Christianssands Tidende 15.9. 194 og i Gudbrandsdølen 18.8.1950. Her blir Gerhardsen omtala som «landsfader» i samband med kritikk at regjeringa ikkje er demokratisk nok og at tobakksprisane har stige. Det kan sjå ut som om at i starten vart landsfaderomgrepet brukt ironisk eller nedsetjande. Det er først då Gerhardsen går av og Torp overtar at «landsfader» vert nytta slik me kjenner det i dag. Men her trengst det nok endå djupare undersøkingar.

drøfta ovanfor, og framstegstropen har også blitt nemnt nokre gonger tidlegare. Eit viktig poeng her er at framsteget er så sentralt i alt Gerhardsen tar føre seg. Den store tanken om nasjonens framsteg er viktigare enn personleg overtyding.

At ein person blir gjort til metonymi på ein nasjon er ikkje noko nytt grep. Den amerikanske kognitive lingvisten George Lakoff snakkar om korleis metaforane [og metonymiane] er med på å styra måten med forstår verda på. Han nyttar sjølv eit døme frå amerikansk utanrikspolitik:

One of the most central metaphors in our foreign policy is that A Nation Is A Person. It is used hundreds of times a day, every time the nation of Iraq is conceptualized in terms of a single person, Saddam Hussein. The war, we are told, is not being waged against the Iraqi people, but only against this one person. Ordinary American citizens are using this metaphor when they say things like, "Saddam is a tyrant. He must be stopped." What the metaphor hides, of course, is that the 3000 bombs to be dropped in the first two days will not be dropped on that one person. They will kill many thousands of the people hidden by the metaphor, people that according to the metaphor we are not going to war against.

The Nation As Person metaphor is pervasive, powerful, and part of an elaborate metaphor system. It is part of an International Community metaphor, in which there are friendly nations, hostile nations, rogue states, and so on. This metaphor comes with a notion of the national interest: Just as it is in the interest of a person to be healthy and strong, so it is in the interest of a Nation-Person to be economically healthy and militarily strong. That is what is meant by the «national interest»¹¹³

Det same grepet finn ein også igjen i andre typar av tekstar. Eit eksempel er jo spelefilmen Forrest Gump, som fortel om USA sin etterkrigshistorie sett gjennom auga til ein karakter. Dette vert ein kraftfull, empatisk og forenkla måte å betrakta verda på.

Hovudforteljinga i Borgens dokumentarserie vert bygd opp av mange ulike sideforteljingar, og det som bind saman dei tre ulike nivåa i dokumentarserien, er dei parallelle handlingstrådane. Men det er likevel nokre sideforteljingar som er meir sentrale i serien. Den kanskje største og viktigaste sideforteljinga som handlar om det personlege livet til Einar Gerhardsen, korleis han

¹¹³ Lakoff, George (2003) *War and metaphor, Again:*
http://www.ugr.es/~jsantana/ies/metaphor_and_war_again.htm (Henta 16.12.2019)

er som menneske og privatperson. Det viktigaste poenget i denne sideforteljinga er at han vert framstilt som ein mann av den meir «moderne» typen, spesielt i kva rolle han spelar som far. Dette kjem mellom anna fram i korleis han tar vare på ungene, at han leiker med dei og at Gerhardsen nok er meir involvert i ungene si oppvekst enn det som var vanleg i samtida. Men sjølv og Gerhardsen vert framstilt som ein moderne far, har han også andre sider som kanskje ikkje er like moderne. Han er nøysam, han sløser ikkje, og han stiller ikkje store materielle krav. Hytta er spartansk innreia. Han lagar mat, men ikkje noko avansert. Me ser noko av det same når det kjem til familien. Einar og Werna Gerhardsen har ein familie som liknar meir på ein typisk norsk familie i dag, enn det som var typisk for 1940-, 1950- og 1960-talet. Werna er med i bystyret i Oslo, og er i tillegg veldig viktig for Einar som politisk diskusjonspartnar. Dette er igjen Aronssons trope om at fortida er viktig.

Måten Einar Gerhardsen og familien hans vert skildra i Borgens dokumentarserie kan igjen samanliknast med nasjonen si forteljing. Gerhardsen har med seg noko av dei gamle verdiane, samtidig som han er progressiv på måten han tenker familie på. Mykje av det som kjenneteiknar meir moderne familiar finn me igjen i familien Gerhardsen. Ein aktiv far og likestilte foreldre vitnar om ein familie som nok må seiast å vera forut si tid. Sidan serien nyttar så mykje plass på Gerhardsens private liv som serien gjer, vert denne sideforteljinga ein av dei viktigaste, og hovudtanken i denne er at den følgjer same sporet som hovudforteljinga gjer.

Ei anna av dei mest interessante sideforteljingane som Borgen serverer, er at det i praksis var Einar Gerhardsen som gjorde at Reiulf Steen trakk seg på landsmøtet til Arbeidarpartiet i 1979, som igjen bana vegen for at Gro Harlem Brundtland vart Arbeidarpartileiar og derfor også norsk statsminister. Liksom at nasjonen vart klar for ein kvinneleg statsminister, så var også Einar Gerhardsen det. Denne sideforteljinga er ikkje berre viktig for å byggja opp under filmens hovudforteljing, men også for å byggja opp under ei anna viktig sideforteljing – nemleg den at pragmatikk er viktigare enn ideologi. Så sjølv om Gerhardsen for lenge sidan formelt sett var ute av politikken så måtte han ty til noko for å få det som han ville. Han vert framstilt som ein «klok eldste» eventuelt ein «sjuande far i huset» som må inn å ta kontrollen når «ungdommen» ikkje heilt veit korleis dei skal løysa kriser som oppstår. Den same sideforteljinga finn ein igjen når Gerhardsen går av som statsminister i 1951 til fordel for Oscar Torp. Det vert framstilt som om Gerhardsen eigentleg berre tok seg ein pust i bakken på tre år, før han igjen måtte inn å styra skuta.

Ei tredje sentral sideforteljing handlar om dei storpolitiske hendingane og korleis desse påverkar Noreg. At Einar Gerhardsen var sentral politikar, og seinare statsminister i Noreg, plasserer Gerhardsen midt oppe i sentrum av hendingane på norsk side. Grepet dokumentarserien tar her er at rolla til Gerhardsen ofte understrekar kva den politiske debatten i Noreg gjekk ut på, eller kva politiske dilemma Noreg sto i. Her er det fleire konkrete døme. Det mest påfallande er i spørsmålet om kor Noreg skal venda seg i forsvars- og utanrikspolitikken etter andre verdskrigen. Som nasjonen er ikkje Gerhardsen sikker på kva som er best for landet. Når det til slutt endar opp med NATO og USA er det i første rekkje eit utslag av taktiske behov, heller enn ideologiske. Noreg, og Gerhardsen ender opp med at valet nærast vert tatt for dei fordi at det nordiske forsvarssamarbeidet etter kvart står fram som lite aktuelt.

Eit av Rüsens viktigaste poeng om historiske forteljingar som orienteringsverktøy i samtida er at alle historiske verk inneheld alle forteljingstypene i større eller mindre grad. Den mest sentrale forteljingstypen i *Einar – hele historien* er nok det Rüsens kallar for tradisjonsforteljing. Hovudpoenget med slike forteljingar er å visa kontinuitet og opphavshistorier. Det er fleire grunnar til dette:

For det første er mykje av det vi i dag kjenner igjen som sentralt med Noreg i dag, omtalt i filmen. Det gjeld alt frå økonomisk utvikling, via kva spor krigen sette, til vestvending, til eu-kamp, til kvinneleg statsminister og liberale familieverdiar. Alt dette har Gerhardsen hatt noko med å gjera. Sjølv om filmserien ikkje drar linjene helt til vår tid eksplisitt, så vert desse linjene dregne implisitt. Borgens dokumentarserie bringer ikkje inn noko veldig ny kunnskap om Gerhardsen, og har ikkje gjort noko eiga forskning.

For det andre er det både Gerhardsens historie, men også like viktig – historia til nasjonen som vert fortald. Slike forteljingar om nasjonen har som oftast til felles at dei viser fram kontinuitet og kor sentrale element ved dagens samfunn kjem i frå. Hå Borgen vert nasjonens forteljing heile tida sidestilt med Gerhardsen si forteljing. Dei to forteljingane er, i følgje Borgen, nærast heilt parallelle.

For det tredje viser dokumentaren linjene frå «landsfaderen» til «landsmoderen». Og at Gro er på mange måtar symbolet på norsk historie og politikk 1980- og 1990-talet, på same måten som Gerhardsen er dette for tida etter andre verdskrigen.

For det fjerde fortel dokumentaren at politisk pragmatikk er viktigare enn ideologi. Ideologi er i Noreg ikkje eit ord med særskilt positive konnotasjonar. Det blir heller nytta som synonym til det som er håplaust romantisk eller som bryt mot det sunne vitet. Borgen bruker kontrasten mellom Gerhardsen og Khrusjtsjov som konkretisering av dette. Der Gerhardsen, og Noreg har vendt seg vestover, vil dei likevel ikkje bryta banda til Sovjetunionen heilt.

Kva kan me så læra av historia, eller den forteljningstypen Rösen kallar «eksemplariske forteljingar»? Dette er ikkje så sentralt i Borgens dokumentarserie. Ein kan nok hevda at dette kjem fram i den pragmatiske tanken som i følgje dokumentarserien pregar tankegangen til Gerhardsen og hans nære samarbeidspartnarar. Dei gjorde det dei måtte gjere, men ideologien måtte alltid vika for pragmatikken. I staden for å visa kva me kan læra av historia gjennom eksempelforteljingar direkte, så viser Borgen heller fram korleis store politiske spørsmål ofte ikkje har noko enkelt svar.

Den tropen som går oftast igjen i forteljinga om Gerhardsen er den som Aronsson kallar for framsteg og utvikling. Dette er også den tropen som oftast går igjen i forteljingar som tar føre seg historiske perspektiv som går over mange år, slik som i denne samanhengen opp mot eit hundreår. Dette er nok også den tropen som pregar mest av historieskrivinga om nettopp denne tidsperioden. Det ein oftast møter i norsk historieskriving om tida etter andre verdskrigen, er som ei forteljing om vekst, framsteg og utvikling¹¹⁴. Ofte kan dette verta kontrastert med forteljingar av den tropen som Aronsson kallar «historia gjentek seg ikkje», som viser skilje mellom fortid og notid. Dette finn ein ikkje mykje av i Borgens sin dokumentarserie. Her er det til stadig ein trope om framsteg og utvikling som rår. Denne tropen er nok som sterkast i dei episodane som viser til omdiskuterte eller kontroversielle politiske avgjersler. Det kanskje beste eksempelet frå Borgens serie er då vi kjem til Kråkerøy-talen. Her lar Gerhardsen følelsar vera følelsar, historie vera historie og revolusjon vera revolusjon. Eit oppgjør med dei norske kommunistane er nødvendig for å skaffa oss goodwill frå USA, og på den måten sikra oss økonomisk støtte som igjen skulle vera med å gjenbyggja lande etter krigen.

Ein finn også spor av tropen «ikkje noko nytt under sola», spesielt på dei linjene som går på kor mykje av det som pregar Noreg i dag oppstår. Ei av sideforteljingane i dokumentarserien er at grunnlaget til det Noreg me kjenner i dag, vart lagt av Gerhardsen i perioden etter andre

¹¹⁴ Jamfør Ryymin (red.) 2017

verdskrigen – då ein gjeng unge, ivrige og nytenkande politikarar snudde Noreg på hovudet og fekk pressa gjennom idear som skulle forma Noreg heilt til «evig tid».

Slik sett er dokumentarserien si hovudforteljing av den tropen som Aronsson kallar for framsteg og utvikling. Dette er ikkje noko revolusjonerande nytt i forteljingar om Noreg i det tjuande hundreåret. Men det er også mange brot her. At Gerhardsen går av fordi han er sliten, at han kjem tilbake når han sjølv vil. At Kong Håkon døyr er eit anna brot. Men det som er det kontinuerlege er Gerhardsen sjølv. Sjølv om Noreg vert betre, og etterkrigstida er full av brot, så er dette i det store og heile ei forteljing om framsteg og utvikling, og at Gerhardsen ikkje berre er eit symbol på dette, men faktisk nærast ansvarleg for Noregs vekst og utvikling, som igjen vert understreka av dette grepet at Gerhardsen vert presentert som metonymien på norsk historie.

Sideforteljinga om Gerhardsens personlege liv følgjer mange av dei same spora. Også denne sideforteljinga har framsteg og utvikling som den viktigaste tropen. Einar og Werna Gerhardsen var så føre si tid i måten dei delte ansvaret i familien på, og på måten dei sto fram som moderne menneske, at det skulle nesten berre mangle at resten av Noreg kom etter og løyste kvardagens små utfordringar på same progressive måte som Gerhardsen-familien gjorde. Dei klarte dei som mange småbarnsfamiliar slit med i dag, nemleg å realisera ein karriere samtidig som dei skapar trygge og omtenksame familiar. Denne sideforteljinga med tropen om framsteg viser igjen at den mannen som, i følge Borgen, har vore viktigast for Noregs etterkrigshistorie var langt føre på andre område enn berre det politiske.

6.0. Drøfing

Problemstillinga i denne oppgåva er korleis vert forteljingar om Einar Gerhardsen brukt i dag og korleis knyter forteljingar om Gerhardsen seg opp mot den norske grunnforteljinga? Sjølv om Borgens TV-dokumentar og Kristjánssons bok er to vidt ulike verk, har dei i utgangspunktet eit særst sentralt element til felles – og det er at begge nyttar Einar Gerhardsen som protagonist for å fortelja historier om Noreg. I denne delen av oppgåva vil eg gjera ei samanlikning av desse to tekstane. Er det noko i historiebruken i dei to tekstane som har same funksjon? Eller er det slik at det berre er namnet Gerhardsen som knyter verka saman? Og kan dette seia noko meir generelt om korleis historie vert nytta for å fremja politiske standpunkt eller påverka publikum til bestemte måtar å forstå historie på?

I dette kapittelet skal eg trekka linjene vidare frå dei tidlegare diskusjonane om grunnforteljing, Kristjánssons bok og Borgens dokumentarserie. Først vil eg drøfta korleis *Einar – hele historien* relaterer seg til den norske grunnforteljinga. Deretter vil eg sjå litt meir på *Hva ville Gerhardsen gjort* og sjå om det finst fellestrekk i korleis Kristjánsson og Borgen framstiller Gerhardsen. I siste delen av dette kapittelet vil eg løfta blikket ut i verda og drøfta på korleis det er relevant med ei grunnforteljing.

6.1 Korleis relaterer *Einar – hele historien* seg til den norske grunnforteljinga?

Det er ingen tvil om at Erling Borgens sin dokumentarserie er tett knytt opp mot den norske grunnforteljinga. No kan ein nok argumentera for at dei delane av Noregs historie som Borgen viser fram her, ligg i kjernen av kva denne grunnforteljinga er. Likevel er forholdet mellom denne noko abstrakte grunnforteljinga og forteljinga ein finn hjå Borgen ikkje så enkel som ein kan tru ved første augekast.

Kven som er dei mest sentrale aktørane i dokumentarserien finst det to svar på. Det opplagte svaret er sjølvsagt Gerhardsen, det andre svaret er nasjonen. Skal ein leggja til eit tredje svar her så vil det vera arbeidarrørsla spesielt og venstresida i norsk politikk generelt. Det er alltid Gerhardsen som står i sentrum av forteljinga, men mange av dei mest sentrale medlemmane på venstresida i politikken spelar ei rolle i serien. Ein kan nemna i fleng; Martin Tranmæl, Oscar Torp, Johan Nygaardsvold, Erik Brofoss, Trygve Bratteli og Gro Harlem Brundtland. Alle desse

speler ei slags birolle i forteljinga. Men det som stikk seg mest ut er kor få frå den andre sida av politikken som vert nemnde med namn. C. J. Hambro er omtrent den einaste. Slik sett kan ein seia at Borgen fortel historia den dominerande gruppa i samfunnet. Det er elitens forteljing som vert skildra, eit klart trekk frå det Thijs kallar «master narrative».¹¹⁵

Det Borgen prøver å gjera med Gerhardsen, er mykje av det same som Francis Sejersted prøver med partiet Høgre, eller Mímir Kristjánsson prøver å gjera med partiet Raudt – at dei vil knyta «si» gruppe tettare inn som sentrale aktørar i den norske grunnforteljinga. I Sejersted og Kristjánsson sine tilfelle så er det lett å forstå kva som er motivasjonen for ei slik historieskriving, nemleg å gje si gruppe handlingsrom, eller ei meir sentral rolle i den store grunnforteljinga. Kva som er motivasjonen til Borgen for å gjera det same må ein sjølvsgt berre spekulera i, men det kan verka som om hovudgrunnen til dette kan vera at hovudforteljinga her er metonymien og at for at den hovudforteljinga skal forsterkast og dermed stå fram som mest mogleg truverdig, så vert dei parallelle tilfella understreka og underbyggja hjå Borgen. I den forteljinga som Borgen konstruerer, så verker det truverdig å skriva personen Einar Gerhardsen klarare inn i forteljinga.

Kven er så antagonistane i Borgens dokumentarserie. Også her opererer motstandarane på to nivå. Det øvste nivået er eit abstrakt, andletslaust nivå. Motstandarar som kapitalismen og nazismen er døme på dette. Framsteget og utviklinga til nasjonen har ikkje kome lett. Men også «høgresida» vert trekt fram som antagonist. Mellom anna i arbeidslivskonfliktane på 30-talet og forholdet til Sovjetunionen etter Stalins død. Høgresida vert ikkje lemna særleg plass i forteljinga. Hjå Borgen er historia til Noreg, historia til Gerhardsen, som igjen er historia til venstresida.

Framsteget er ein viktig del av dokumentarserien. Heile serien kan reknast som ei progressiv framstegsforteljing. Medvitne grep frå Gerhardsen og venstresida gjer at Noreg går frå fattigdom og armod ved inngangen av 1900-talet til det landet Noreg er i dag. Eit siste moment om kva som kjenneteiknar ei slik grunnforteljing er tanken om ein gylden æra. I denne serien ligg denne æraen i notid, hjå dei som ser på serien. Serien seier lite om framtid, men nyttar mykje energi på å knyta notid med fortid.

¹¹⁵ Thijs 2008: 71

Tidlegare har eg hevda at ei grunnforteljing best kan forståast ut i frå om ein samanliknar ho med ein fraktal.¹¹⁶ Det vil seia at alle historiske forteljingar vert meir komplekse jo meir ein går i djupna på dei. Ofte gjev dette seg utslag at det vert lagt til grunn nye tolkingar eller nye perspektiv i grunnforteljinga. Det ein kan seia om Borgens dokumentarserie er at denne utfordrar lite av grunnforteljinga. Det verkar heller motsett, slik at Borgen lener seg tungt på og forsterkar denne. I staden for å utfordra ei forteljing som allereie ligg der, går denne serien langt å forsterka det som allereie ligg der. Det einaste nye er at serien nok overvurderer rolla som Gerhardsen personleg har hatt, samanlikna med dei fleste andre som viser eit breitt oversyn over den norske historia. Men eit viktig aspekt i denne samanhengen er at historia til Noreg er historia til venstresida og Arbeidarpartiet. Ingen andre aktørar får plass i denne forteljinga. Borgen stadfestar den dominerande aktøren si forteljing.

Kvifor serien heiter *Einar* med førenamn kan nok forklarast på same måten. Å tiltala ein mann av Gerhardsens «stand og stilling» med førenamn er vel neppe noko som hadde gått føre seg i Gerhardsens eiga tid. Men det som ligg i førenamnet er jo det personlege. Sjøaren skal vera dus med statsministeren og landsfaderen. Dette understrekar filmen gjennom å bruka mykje tid og plass på Gerhardsen si personlege historie. Det er nett som om det Borgen vil med serien er at vi skal bli kjent med Gerhardsen gjennom hans forteljing, og at vi gjennom å verta kjent med Gerhardsen skal verta kjent med nasjonen. Sett i eit slikt lys passar også dei sideforteljingane som kritiserer Gerhardsen personleg eller profesjonelt. Klart det kunne vera tøft å hamna på utsida av samfunnet i arbeidartastionen Årdal. Klart det var vanskeleg for dei som vart overvaka som mistenkte kommunistar. Men dette var noko av den prisen som nasjonen måtte betala for å verta det nasjonen er i dag, og dette er eksempel på den prisen nokon i nasjonen må betala for det nasjonale framsteget.

Eit anna interessant poeng når det gjeld Borgen, Gerhardsen og grunnforteljing er den sideforteljinga som ein finn i Borgen at pragmatikk trumfar ideologi. Dette gjeld både for sosialdemokratiet og demokratiet generelt. Den einaste ideologien som aldri vert sviken i serien er den som alltid har nasjonens beste i tankane. Kva ein eventuelt skal kalla ein slik ideologi er ikkje heilt klart, men nasjonalisme, eventuelt nasjonalpatriotisme, er vel ikkje hundre prosent feilaktig? No påstår ikkje verken Borgen eller nokon andre at Gerhardsen var nasjonalist, men det er påfallande kor mange gonger Gerhardsen og regjeringa hans har Noregs beste som einaste bekymring. Det er nasjonens beste som er grunnen til at ein innfører planøkonomi, streng

¹¹⁶ Side 39 i denne oppgåva.

prisregulering og store statlege industriinvesteringar etter krigen. Det var for å trygga statens økonomi. Det same gjeld om utanrikspolitikken. Det var å sikra tyggeleiken til nasjonen som gjorde at Noreg vende seg vestover mot USA, eller som gjorde at kommunistane vert overvaka. På lik linje med dei andre framstillingane som har blitt handsama i denne oppgåva, så står nasjonen fram som noko som ikkje vert diskutert. Sjølv om Gerhardsen ikkje vart stilt fram som nasjonalist, er det påfallande kor viktig rolle nasjonen spelar i forteljinga.

Ryymín, Heiret og Skålevåg drøftar i innleiinga av *Fortalt fortid* at ein av tendensane i nyare historieskriving at nasjonen ikkje lenger var det mest sentrale, men at perspektivet nedanfrå, og variablar som kjønn, rase og klasse var vel så viktig som nasjon.¹¹⁷ Dei verka som har blitt undersøkte i denne oppgåva viser i hovudsak at nasjonen framleis står sterkt. Hjø Borgen handlar mykje av Arbeidarpartiets kamp på 1920- og 1930-talet om at Arbeidarpartiet går frå eit klasseparti, til eit breitt nasjonalt parti. I den grad Borgen stadfestar element i grunnforteljinga, så er nok dette noko av det viktigaste. Det er nasjonen som har hatt det som Rūsen kallar for utviklingshistorie, og det som Aronsson kallar for framsteg og utviklingstroe. Dokumentarserien ser lite på andre variablar enn nasjonen. Klasse, kjønn, sentrum-periferi eller andre variablar vert ikkje nemnt av Borgen – det er heile tida nasjonen som er mest sentral.

Ser ein i Kristjánssons bok, så finn ein ikkje at fokuset der ligg på det same som hjå Borgen. Kristjánsson og Borgen er for eksempel ikkje samde i korleis ein skal tidfeste ein norsk gullalder. Hjø Borgen ligg gullalderen i dag, hjå dei som der på serien hans. Gullalderen hjå Kristjánsson ligg i fortida, men me kan koma tilbake til denne gullalderen dersom me gjer dei rette politiske vala nå. Felles for begge er at framtida er uviss. Kristjánssons hovudpoeng er at ein ny gullalder er mogleg om ein ser tilbake på løysingane til fortida, medan Borgen ikkje seier mykje om kva framtida vil bringa, men heller understrekar at fortida og den norske utviklinga er venstresida sin forteneeste.

Det bringer oss fram til neste poeng. Kva vert oversett i Borgens dokumentarserie og kvifor? Somme stader vert det historiske bakteppet, nasjonalt eller internasjonalt i beste fall noko forenkla framstilt. Dette gjeld mellom anna i første episode der det vert understreka kor fattig Noreg var som nasjon. Dette har mellom andre professor Jan Eivind Myhre avvist.¹¹⁸ Kor fattig var Noreg eigentleg ved hundreårsskiftet? Noreg var ikkje fattig, men var derimot prega av

¹¹⁷ Heiret, Ryymín & Skålevåg (red.) 2013: 11f.

¹¹⁸ Havelin, Gro (2019) Intervju med Jan Eivind Myhre <https://www.dnva.no/detskjer/2019/11/en-feiloppfatning-norge-var-fattig-rundt-1900> (Henta 21.1.2020)

store forskjellar, og dette at Noreg, saman med Portugal, var dei fattigaste landa i Europa er berre ei myte. Borgens poeng her minner ein del om dei opphavsmytane som Bo Stråth skriv om, som definerer det moderne Sverige.¹¹⁹ Ein viktig del av den svenske opphavsmysten er fattigdom. Borgen nyttar også fattigdommen i Kristiania som eit nærast mytisk utgangspunkt for si parallelle forteljing om Gerhardsen og Noreg.

Andre utviklingstrekk som Borgen ikkje er inne på, handlar om nordmenns privatøkonomi etter krigen og kva Noreg tente på okkupasjonen. Mykje av den norske industrireisninga vart gjort på grunnlag av det tyskarane bygde i landet under krigen, blir ikkje via særskildt mykje merksemd. Det var ikkje mykje å kjøpa under krigen med det resultatet at mange nordmenn sparde seg rike. Mange unge familiar venta med giftarmål til krigen var slutt, noko som nok la grunnlaget for dei høge fødselstala. Summen av dette gjorde at Noreg hadde eit heilt anna økonomisk utgangspunkt for gjenreisning enn berre nokre få år tidlegare. Alle desse spørsmåla kan seiast å vera viktige for å forstå bakteppet til mykje av det som Borgen prøver å fortelja i sin serie om Gerhardsen, men det er nok rimeleg å seia at mange av desse spørsmåla vert vel kort handsama. Om dette skuldast plassmangel eller berre at ein stad må faktisk forteljingane slutta, kan nok diskuteras. Det er meir truleg at desse sideforteljingane ikkje passer inn med den framstillinga som Borgen har.

Eg meiner at summen av alle desse manglane nok er dokumentarseriens største svakheit reint historiefagleg. For det første fordi dette er ein glitrande sjanse til å nyansera deler av den grunnforteljinga som pregar norsk etterkrigshistorie. For det andre fordi den også gjev eit mykje meir korrekt bilde av «*hele historien*», som dokumentarserien hevdar å presentera. I staden nyttar Borgen høvet til å stadfeste grunnforteljinga slik me kjenner ho.

Eit siste poeng her, som dokumentarserien ikkje nemner i denne samanhengen er kvifor Gerhardsen ikkje gjorde noko med at kommunistane si rolle i motstandskampen under andre verdskrigen, fekk sin fortente plass i den norske krigsforteljinga. Borgen argumenterer i filmen for at den einaste grunnen for at Gerhardsen tok eit oppgjær med dei norske kommunistane var etter press frå Amerika og CIA. Den amerikanske etterretninga stolte ikkje heilt på Gerhardsen på grunn av dei kommunistiske sympatiane han hadde i ungdomstida si. Så for at Noreg skulle verta medlem av NATO, og få den tryggleiken landet ville ha, måtte Gerhardsen ta dette oppgjæret. Men kvifor gjorde ikkje Gerhardsen noko for å gje kommunistiske motstandsgrupper

¹¹⁹ Jamfør kapittel 3.0 i denne oppgåva.

i alle fall noko av den æra dei burde ha? Dette seier Borgen ingenting om. Dette er også eit paradoks hjå Kristjánsson, dersom Gerhardsen alltid var kommunist, kvifor gjorde han ikkje noko for ettermælet til dei norske kommunistiske motstandsgruppene? Eller som Hellesnes påpeiker – kvifor tok han ikkje ansvaret for overvakinga når han formelt sett var ansvarleg for denne? Begge desse momenta kan nyttast som argument mot Borgen si kausale forklaring om at det var press frå USA som var rota til oppgjeret med kommunistane i Noreg.

Eit siste eksempel for å visa korleis ulike forfattarar og filmskaparar tenker om Gerhardsens liv, kan ein finna i det ein kan kalla Gerhardsens formative år. Det vil seia tida fram til om lag 1930. Det som er vanskeleg for dei som skal fortelja historia til Gerhardsen i desse åra, er at kjeldetilfanget er lite. Det fører til at denne viktige delen av historia nok vert tillagt visse kvalitetar som ein finn igjen seinare i historiene. Her kan ein til dømes sjå på Finn Olstad sin biografi om Gerhardsen: *Einar Gerhardsen: ein politisk biografi* og Erling Borgens *Einar – hele historien*. Felles for dei begge er at denne delen av Gerhardsens liv er dårleg belagt av kjelder, og dei to biografane, om ein kan nytta dette omgrepet om Borgen, er stort sett einige om dei faktiske forholda. Men dei to har ulike forklaringar på kva som forma Gerhardsen mest. I følge Borgen var det samfunnet han opplevde og var ein del av, og den urettvisa og nauda han såg der. Eller var det, som hjå Olstad, Martin Tranmæl og andre sentrale sosialistar i Noreg som påverka den unge, politiske Gerhardsen mest. Det er jo påfallande korleis dei to kjem til ulik forklaring som passar godt med kva historie dei prøver å fortelja. Borgen om korleis Gerhardsen er Noreg. Olstad om det politiske livet til Gerhardsen.

Treff så Jon Hellesnes med kritikken sin om denne serien? Forsøker ytre venstre, representert ved Erling Borgen å gjera Gerhardsen til sin eigen? Svaret på det er vel nja. Den historia som vert fortalt i denne dokumentarserien er historia til Gerhardsen, historia til venstresida, og historia til nasjonen. Det kjem ikkje tydeleg fram at ytre venstre vil «kidnappa» Gerhardsen. Men alt som Gerhardsen og nasjonen må ta stilling til, som venstresida er ueinige i, vert framstilte som veldig vanskelege. Då spesielt at Borgen meir enn impliserer at grunnen til at Gerhardsen gjekk av i 1951 var NATO og Kråkerøy-talen. Om ikkje ytre venstre vil gjera Gerhardsen til sin eigen, så vil dei i alle fall understreka at den del av den norske grunnforteljinga som handlar om kor viktig rolle venstresida hadde, ikkje kan overdrivast. Målar dokumentarserien eit forskjønnande bilde av Gerhardsen. Svaret på dette er også nja. Dokumentaren trekker fram mange av dei mest kontroversielle sakene som Gerhardsen var involvert i, mellom anna korleis han kom til makta i 1945 og overvakinga av norske kommunistar. Utan å forklara heilt kva Gerhardsen si rolle i dette var. Ein del kontroversielt

vert nemnt, men det blir ikkje gjort noko stort nummer ut av dette. Gerhardsen vert metonymien på nasjonen, men han får også ei rolle etter han går av som statsminister som ein slags pater familias som held seg i bakgrunnen, men trør til då han må. Og dei gongene han må trø til, er dei gongene som nasjonen kallar på han.

6.2 Den norske grunnforteljinga som politisk diskurs

Det finst ei eller fleire grunnforteljingar i norsk historieskriving i dag, det kjem an på kven du spør og kva perspektiv ein har. Eit av dei elementa som er mest interessant med den norske grunnforteljinga, er grunnforteljinga sin plass i den historiske diskursen i dag. I konklusjonen til *Fortalt fortid* konkluderer Heiret, Ryymin og Skålevåg med at den norske grunnforteljinga er plastisk og endrar og utvidar seg ettersom nye grupper skriv seg inn i historia.¹²⁰ Eit viktig poeng her som ikkje Heiret et. al. er inne på er korleis alle dei ulike historieverka på same tida utfordrar og nyanserer nokre sider ved grunnforteljinga, medan dei stadfester andre. Eit anna viktig poeng hjå Heiret, Ryymin og Skålevåg er at nye grupper prøver å skriva sin plass i grunnforteljinga. Eller sagt endå meir presist, prøver å knyta seg opp mot grunnforteljinga. To eksempel frå denne oppgåva er Francis Sejersted og hans *Høyres historie*, og Mímir Kristjánssons *Hva ville Gerhardsen gjort?* Hovudforteljingane deira er at Høgre har ein større plass i den norske grunnforteljinga enn det dei normalt får, og at Gerhardsen eigentleg høyrer til lenger til venstre enn Arbeidarpartiet. Det same gjeld den typen «bindestrekshistorie» som vert nemnt i Heiret et. al.

Det kan verka påfallande at Einar Gerhardsen vert aktualisert av to politisk medvitne personar, som begge to er å finna på venstresida i norsk politikk. Begge to har også til felles at dei nyttar Einar Gerhardsen til å fortelja noko om korleis Noreg ser ut i dag. Det Mímir Kristjánsson gjer at han har ei forteljing der me har mykje å læra av Gerhardsen og måten han dreiv politikk på, så vil heller Borgen visa at Gerhardsen kan forståast som den enkeltpersonen som best gjenspeglar kva som har skjedd i Noreg sidan 1900. Det viktigaste forteljargrepet som dei begge nyttar, er at dei nyttar Einar Gerhardsen som metonymi på noko anna, og noko større enn personen. Her vert Einar Gerhardsen trekt fram som metonymien på den ekte og opprinnelege venstresida, før marknadstenking og fokusgrupper vart ein del av politikken. Gerhardsen vert

¹²⁰ Heiret, Ryymin, Skålevåg 2017: 140

hjá Mímir Kristjánsson brukt som eksempel på kor ideologisk basert den politikken som arbeidarpártiet styrte med i ára etter andre verdskrigen eigentleg var. Erling Borgen gjer det same grepet, men med ein viktig nyanseskilnad. Hjå Borgen er Gerhardsen nytta som metonymi på ein heil nasjon. Men Gerhardsen vert endå meir sentral, ikkje berre fordi han fungerer som metonymi for venstresida i politikken, men Gerhardsen var formannen då heile landet vart bygd, han var sosialist og sosialistane bygde på den måten landet.

Eit anna felles grep som ein finn at hjå både Kristjánsson og Borgen, gjeld kven som er antagonistar i forteljingane deira. Her kjem dei to fram til same svaret: det er høgresida i norsk politikk som har rolla som antagonistar. Høgresida flørta med autoritære og antidemokratiske rørsler på 30-talet. Høgresida ville ikkje ha ei sterk statleg styring av industri og økonomi etter krigen. Høgresida ville privatisera oljebransjen, når denne kom til Noreg. «Mot høgresida sine stemmer...» er ledemotiv i både Kristjánsson og Borgens framstillingar. Det er to ulike måtar å lesa denne antagoniseringa på. For det første kan det lesast som ein politisk bruk av historie, der hovudpoenget er å visa at venstresidas idear og policyar er betre for Noreg enn høgresida sine. Men det kan også lesast på ein annan måte, og det er ein kamp om kva historiske forteljingar som er sentrale – nærare bestemt kampen om kven som høyrer til den norske grunnforteljinga. I det perspektivet kan ein seia at mykje av den politiske historiebruken eigentleg handlar om eit eigarskap eller innpass i grunnforteljinga. Slik vert grunnforteljinga ei plastisk forteljing der dei gruppene med tilstrekkeleg høve kan krevja sin plass i forteljinga.

Med dette utgangspunktet vert historiebruken og grunnforteljinga noko meir enn berre ei slags abstrakt forteljing som alle tekstar om historie må forhalda seg til. Då vert grunnforteljinga ei politisk forteljing som det går an å krevja sin plass i. Grunnforteljinga er forteljinga til den dominerande gruppa, men kven som faktisk er den dominerande gruppa i eit samfunngår det an å diskutera. Den norske grunnforteljinga må, i følgje både Kristjánsson og Borgen, nyanserast slik at det er venstresida som står fram som den viktigaste aktøren. Eit tidlegare nemnt eksempel er hjå Sejersted i *Høyres historie*. Høgres rolle i etterkrigstida var å halda dei radikale kreftene i Arbeidarpártiet i øyrene slik at den økonomiske politikken som faktisk vart førd, likna på Høgre sin eigen politikk.¹²¹ Slik plasserer Sejersted Høgre midt inne i kjernen av ein sentral del av den norske grunnforteljinga, nemleg om økonomisk vekst og grunnlaget for den moderne velståande staten. Og ikkje minst noko endå viktigare for mange nordmenn i dag – velferdsstaten. Det som både Sejersted, Kristjánsson og Borgen er samde om er at forteljinga

¹²¹ Sejersted 1984: 112

om Noreg som nasjon etter andre verdskrigen er i all hovudsak er framstegsforteljing, men kven som kan ta æra for dette, og kva som vil skje i framtida er dei ikkje samde om.

Sidan det er få aktørar som utfordrar den norske grunnforteljinga, og at ho til stadig vert fornya og implementerer nye aktørar og perspektiv, handlar mykje av diskursen rundt denne forteljinga om kven som har gjort kva. Det er ikkje mange grupper eller aktørar som vil påstå at dei har jobba *mot* utvikling, eller mot demokratisering. Derfor er diskursen i Noreg i høg grad prega av kven som skal ha æra for, eller eigarskap til, viktige hendingar i norsk historie. Eit godt eksempel på dette er diskusjonen mellom Arbeidarpartiet og Høgre om kven som eigentleg har æra for den norske velferdsstaten. Denne debatten må sjåast i lys av kven som er den dominante gruppa i det norske samfunnet. Kven har æra for at Noreg i dag er eit så velfungerande samfunn?

Det er nærast politisk konsensus i Noreg i dag når det gjeld rolla til velferdsstaten.¹²² Det er ofte velferdsstaten som vert trekt fram som kroneksempelen på kva i det norske samfunnet som fungerer best. Men kor velferdsstaten kjem i frå, og kven som har æra for han er eit spørsmål som det ikkje er semje om i norsk politikk. Er det Arbeidarpartiet og venstresida, med sin kontroll over den norske politikken i dei første tjue åra etter 1945? Eller er det høgresida, nærare bestemt partiet Høgre, som kan ta æra for innføringa av velferdsstaten? Då gjennom ulike private initiativ som var forløparen til at velferda vart statleg organisert. Ketil Knudsen har undersøkt ulike forteljingar og diskursar rundt den politiske bruken av innføringa av velferdsstaten i Noreg.¹²³ I Arbeidarpartiet si forteljing er det dei tidlegare leiarane Gerhardsen og Bratteli som er heltane. I Høgre si forteljing er det samanhengen mellom verdiskaping og velferd som er det viktigaste. Ein treng ikkje ha lese mykje White og Rösen for å forstå at dette eigentleg ikkje handlar om velferdsstaten i det heile, men om noko mykje større og meir politisk signifikant – kva parti som har æra for det Noreg me kjenner i dag? «Velferdsstaten» vert i denne samanhengen nærast ein metafor, eller symbol på sjølve nasjonen. Slik kan også eigarskapet til velferdsstaten som fenomen, lesast som kva parti som står bak det moderne Noreg slik me kjenner det. Eller sagt på ein annan måte, kven som den dominerande aktøren den norske grunnforteljinga. Dette er endå eit døme på korleis historie vert brukt i ein politisk diskurs, som eit politisk argument i dag. Ideen om velferdsstaten står så sterkt i Noreg at ingen vil røra denne politisk. Då er det meir interessant å gå til historia og til grunnforteljinga med eit

¹²² Mange har skrive om dette. Eit døme er frå NOU 1997:7 Der står det mellom anna: «Den politiske konsensus om velferdsstaten er utviklet gjennom en lang historisk-politisk prosess»:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-1997-7/id140767/?ch=5> (Henta 12.5.2020)

¹²³ Knutsen 2012: 179-193

forsøk på å skriva seg sjølv som aktør endå meir inn i denne. Det er dette både Arbeidarpartiet og Høgre og for så vidt også Framstegspartiet, jamfør Knutsen, gjer i denne konkrete politiske diskusjonen.¹²⁴ Kven kan knyta seg opp til forteljinga om velferdsstaten? Dette eksempelet beviser to ting. Det første er at historie kan nyttast politisk på mange ulike måtar. Det andre er at grunnforteljinga står veldig sterkt, og at det er her det politiske handlingsrommet ligg – i å knyta seg og si gruppe inn mot grunnforteljinga.

Eit anna eksempel på den same diskursen kan me finna i Sverige. No skal ikkje eg påstå at verken den politiske eller historiske situasjonen er den same i Noreg og Sverige, men det kan vera sterke grunnar til å tenka at den politiske situasjonen er nokså lik i begge landa. Sverige har som Noreg ein tradisjon for sterke sosialdemokratiske regjeringar, og ein sentral velferdsstat, og begge landa snakkar om ein nordisk modell.¹²⁵

I samband med valet til den svenske riksdagen i 2018 laga Klassekampen-journalist Yngvild G. Torvik ein reportasje frå Gøteborg, der ho mellom anna følgjer leiaren av Sverigedemokraterna Jimmie Åkesson på eit valmøte i byen.¹²⁶ I artikkelen kjem det fram at Åkesson nyttar mykje av den same retorikken som ein kan kjenna frå den norske diskursen om velferdsstaten. Torviks artikkel tar utgangspunkt i det svenske «folkhemmet» og korleis den svenske arbeidarklassen no har vendt ryggen til Socialdemokraterna, og i større og større grad stemmer på Sverigedemokraterna. I denne reportasjen møter me Åkesson i Gøteborg der han står på Järntorget i Göteborg, ein historisk stad for arbeidarrørsla. Symbolikken er overtydeleg. Sverigedemokraterna ønsker å stå fram som det nye arbeidarpartiet i Sverige.

På same måten som debatten har vore i Noreg mellom Høgre og Arbeidarpartiet om kven som innførte velferdsstaten, har andre parti i Sverige gjort forsøk på å få sin plass i det som berre kan kallast ei svensk grunnforteljing. Dette gjeld spesielt partia Sverigedemokraterna, og høgrepartiet Moderaterna. Åsa Linderborg som er historikar og kulturredaktør i Aftonbladet seier det slik at «Svenskenes historie er intimt knyttet til sosialdemokratiets modernitet og velferdsstat i etterkrigstida». «Ved å kapre ideen om folkhemmet gjør Åkesson det samme som tidligere statsminister Fredrik Reinfeldt fra Moderaterna gjorde i sine beste valgkamper». «Reinfeldt innså at velgerne faktisk liker velferdsstaten og likestilling.» «Nylig har alle partier

¹²⁴ Knutsen 2012: 188-189

¹²⁵ Jamfør mellom anna Brandal, Bratberg & Thorsen 2013.

¹²⁶ Klassekampen 1.9.2018: 18-23.

forsøkt å legge beslag på sosialdemokratiets historie. Alle bortsett fra sosialdemokratene selv.»¹²⁷

I prinsippet nyttar Sverigedemokraterna og Åkesson same tropen som Kristjánsson nyttar i si bok, men med nesten totalt motsett ideologisk forteikn. Begge to prøver å knyta seg, og sitt parti, opp mot ei grunnforteljing. I staden for gå inn i ein reell diskusjon om kva som har skjedd, så vil dei begge to visa at dei respektive parti høyrer heime som sentral aktør i grunnforteljninga. No har nok denne oppgåva eit i overkant tynt grunnlag for å meina noko om ei svensk grunnforteljing, men det verker på overflata som om den kan minna mykje om den norske, jamfør Stråth om opphavsmymar til dømes. Det som også er eit poeng her er at det kan verka som om populistiske parti har eit noko anna syn på gullalder og nyttar andre tropar enn dei meir etablerte partia. Populistiske parti ser ut til å ta utgangspunkt i Keyser Nielsens U-modell. Gullalderen til samfunnet ligg nokre år tilbake i tid, og at dei populistiske partia, i følge seg sjølv, er svaret på korleis samfunnet kan kome tilbake til denne gullalderen.

Eit tredje og siste argument og den politiske bruken av grunnforteljinga finn me i noko som nesten må kallast eit munnhell, «Det nye Arbeidarpartiet». Det er mange norske parti som har hevda at nettopp dei er det nye arbeidarpartiet. Som Knutsen viste i 2012 gjeld dette i aller høgaste grad for Framstegspartiet. Carl I. Hagen og Siv Jensen insisterte på å vera det nye Arbeidarpartiet. Men dei seinare åra, har Arbeidarpartisamanlikninga i FrP blitt tona ein del ned.

I seinare tid har også Senterpartiet ønska å stå fram som det nye Arbeidarpartiet, spesielt etter valsuksessen partiet gjorde i kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019. Dette valet gjorde at Senterpartiet gjekk klart fram i store deler av lander og ikkje minst overtok dei styringa i mange kommunar som tradisjonelt sett har vore Arbeidarparti-dominerte, for eksempel i store deler av det indre Austlandet og i Nord-Noreg.¹²⁸ Også partiet til Mímir Kristjánsson, Raudt, hevdar å vera det nye arbeidarpartiet. Partileiar Bjørnar Moxnes snakka mellom om dette i eit kort intervju med Dagsavisen etter Raudts framgang ved kommune- og fylkestingsvalet i 2019.¹²⁹

At eit norsk parti uttalar at dei vil verta det nye Arbeidarpartiet handlar eigentleg om to ulike måtar å knyta seg til grunnforteljinga på. For det første handlar dette om at partiet sjølv ser på

¹²⁷ Klassekampen 1.9.2018: 23.

¹²⁸ Ein finn mellom anna denne påstanden i identiske leiarartiklar i mange aviser i desember 2019. For eksempel i Vesterålens avis 10.12.2019, s. 4.

¹²⁹ Raudt-leiar Bjørnar Moxnes har uttrykt dette fleire gonger. Mellom anna i eit intervju i Dagsavisen 9.12.2019, s. 9.

seg sjølv som eit breitt og folkeleg parti, i alle fall at dei har potensiale til å verta det. Då speler dei på den store folkelege oppslutninga Arbeidarpartiet hadde under Gerhardsens leiing. For det andre så ser dei på seg sjølv som statsbærande og det viktigaste partiet i Noreg. Eller som Jens Arups Seips etter kvart så berømte utsegn om eittpartistaten: "Når vi bruker betegnelsen parti om dem alle, er det på samme måte som vi bruker ordet fugl både om en høne og om en ørn".¹³⁰ Kva Seip skriv etter dette sitatet er det ingen som hugsar, men hovudpoenget hans er at Arbeidarpartiet har blitt så tett samanvevd med byråkratiet at dei to gruppene i følgje Seip har total makt i Noreg. Det er denne koplinga som er eittpartistaten, ikkje Arbeidarpartiet i seg sjølv. Munnhellet «Det nye arbeidarpartiet» seier likevel mykje om kor suveren posisjonen til Arbeidarpartiet er i den norske grunnforteljinga. Arbeidarpartiet er den viktigaste aktøren i den forteljinga.

Sejersted har heilt i slutten av boka si om Høgres historie eit avsnitt som heiter *Høyre som Arbeiderpartiets arvtager*. Her drøftar han kva som må til for at Høgre kan bli «et arbeiderparti».¹³¹ I følgje Sejersted er minkande klassemedvit, velstandsauke og motstand mot auka offentleg styre dei viktigaste faktorane for at Høgre skal verta eit nytt folkeparti. Det er faktisk ganske interessant at ei bok som nyttar masse plass og energi på å forklara at Høgre også har ei rolle å spela i norsk etterkrigstid, nyttar eit av dei siste avsnitta i boka til å fundera på korleis Høgre kan verta det nye Arbeidarpartiet. Dette er berre ennå eit døme på posisjonen Arbeidarpartiet har i grunnforteljinga.

Teemu Ryymin var i 2017 redaktør for antologien *Historie og politikk: historiebruk i norsk politikkutforming etter 1945*. I denne boka vert det analysert korleis historie vert nytta i den faktiske politiske politikkutforminga i Noreg. Dette gjeld i hovudsak utvikling av lovar, føreskrifter og forarbeidet til dette. Hovudfunnet til Ryymin er at historiebruken i politikkutforminga som hovudtendens handlar om ei utviklingsforteljing, jamfør Rüsens tyoplogi.¹³² Norsk politikk og det norske lovverket må henga med i tida og fornya seg, slik at avgjerder og lovar følgjer med i utviklinga av samfunnet. Ryymin poengterer også i konklusjonen sin at den måten historie blir brukt i politikken er ein historiebruk som er forenkla, og ikkje i tråd med den måten profesjonelle historikarar problematiserer og nyanserer og påpeiker at historia ikkje er deterministisk.¹³³ Denne måten å tenka rundt historiefaget på kan

¹³⁰ Seip 1963: 23

¹³¹ Sejersted 1984: 400f

¹³² Ryymin 2017: 287

¹³³ Ryymin 2017: 284- 287

nok overført til grunnforteljinga. Ei norsk grunnforteljing er ikkje veldig nyansert og oppteken av at historiske hendingar kunne gått annleis. Denne typen av forteljing er oppteken av at den mest dominante gruppa får sin versjon av historia fortald. At det er klare antagonistar i historia, at historia går framover og at historia vert delt inn i meir eller mindre tilfeldige bolkar. Uansett kva som blir skriva om Noregs historie i perioden etter andre verdskrigen, så er det vanskeleg å unngå og nemna Einar Gerhardsen og Arbeidarpartiet. Så lenge det skal skapast samanhengande og strukturerte forteljingar om det kaoset som skjedde i fortida, så vil ei grunnforteljing leggja rammer for forteljingane, for nokre rammer må det vera ei kvar framstilling.

Ideen om ei nasjonal grunnfortelling står sterkt og denne forteljinga vert ikkje endra av kritikk om nasjonalisert historie, eller at det nasjonale som nav i ei forteljing er ein for enkel utveg. Ein viktig del av den politiske diskursen i både Noreg og Sverige i dag, er kven som kan knyta seg tettast opp mot den nasjonale grunnforteljinga. Den norske grunnforteljinga vert utfordra, og samtidig stadfesta, ved at ulike grupper prøver å knyta seg opp til grunnforteljinga. Mímir Kristjánsson gjer dette med partiet sitt, Raudt. Erling Borgen seier at nasjonens historie i realiteten er venstresidas historie. Utviklingsforteljingane pregar norsk politisk diskurs, samtidig som det finst mange forteljingar som motseier desse utviklingsforteljingane. Kampen om kven som har æra for velferdsstaten handlar eigentleg ikkje om det, men kan heller lesast som ein diskusjon om kven som eigentleg høyrer heime som aktør i den norske grunnforteljinga. Eit viktig poeng om denne grunnforteljinga er at det utanfor historikarmiljøet, og ute i politikken, finst ein kamp om å knyta bestemte grupper om mot nasjonens forteljing. Det er så stor semje om grunnforteljinga i Noreg at den politiske kampen ikkje handlar om å utfordra grunnforteljinga, men heller å skriva seg inn i ho. «Me og var med». Mange vil utvida og nyansera grunnforteljinga, med stadig nye grupper og nye perspektiv. Slik vert den norske grunnforteljinga ein pågåande diskurs om den norske historia, og korleis denne vert nytta av ulike aktørar både innanfor politikken og utanfor politikken. Ingen eig den norske historia, men mange grupper vil vera ein del av ho.

7.0 Samandrag

Målet til denne oppgåva var å undersøka om det finst ei norsk grunnforteljing, for deretter å knyta to ulike forteljingar om Einar Gerhardsen opp mot denne forteljinga. For å belysa dette nytta eg i hovudsak tre teoretiske innfallsvinklar. Den eine ser på kva som definerer ei grunnforteljing, med aktørar, antagonistar, framsteg, ein gullalder og periodisering. Den andre var å trekka inn kva grunntropar som er sentrale i historiefremstillingar. Den tredje var kva typar av forteljingar som vert fortalde.

Det eksisterer ei norsk grunnforteljing og mykje av historien som vert skriven i dag handlar om å utfordra eller nyansera kva denne grunnforteljinga går ut på. I den perioden denne oppgåva har dreia seg mest om er det Arbeidarpartiet og Einar Gerhardsen som er den viktigaste aktøren. Kven som er antagonist i forteljingane er ikkje alltid like klart. I framstillingane til både Borgen og Kristjánsson ver parti Høgre skildra som ein slags antagonist. Noreg har hatt mange antagonistar opp gjennom historia: danskane, svenskane, tyskarane, reaksjonære krefter og ikkje minst naturen er alle motstandarar som nasjonen må overvinna.

Den norske grunnforteljinga etter andre verdskrigen har Arbeidarpartiet som mest sentrale aktør. Etterkrigstida er perioden som legg grunnlaget for Noreges gullalder. Denne gullalderen må seiast å vera i notida, jamfør munnhelleet at Noreg er «verdas beste land å bu i». Krigen var eit stort brot i den norske historia og ein avskjed med det gamle samfunnet. Den norske nasjonen står opp av oska i 1945 og perioden etter 1945 er i stor grad prega av utvikling og framsteg. Element som ulovleg overvaking, at kvinnene må tilbake til husmorrolla, og at heile det sosiale livet vert endra, vert små dropar av motstand i den norske framstegsforteljinga.

Det er stor konsensus om viktige hendingar og utviklingstrekk i store deler av norsk historieforteljing. Diskursen handlar vel så mykje om å skriva ei bestemt gruppe inn i den allereie etablerte historia. Sejersted gjer dette med *Høyres historie*. Kvinner, minoritetar, og andre grupper har etter kvart fått ein plass i ei stor norsk forteljing, og stadig kjem det nye grupper til, og fleire vil sikkert koma til etter som tida går.

Heiret et al. har undersøkt ein del av det same som denne oppgåva har gjort. Dei såg på fragmenteringa av norsk historieskriving og om dette har gjort at den nasjonale forteljinga ikkje lenger står like sterkt. Konklusjonen deira er at det nasjonale framleis står sterkt, men at det er

vanskeleg å finna ei konkret norsk grunnforteljing, ein finn heller fleire.¹³⁴ Eg er på mange måtar einig med dei i det spørsmålet. Dersom ein skal konstruera ei grunnforteljing som gjeld heile historia til eit land, finn me oss på eit nivå der alle nyansar er bortimot viska ut. Då sit ein igjen med nasjonen, folket eller ein form for utvikling som det som bind forteljingane og historia saman. Mitt poeng er at ein kan sjå på grunnforteljinga som ein fraktal. Ein kan stoppa opp når som helst i grunnforteljinga og «zooma» lenger inn for meir nyansar og detaljar. På denne måten vil diskusjonen om det finst ei eller fleire grunnforteljingar handla om definisjonar. Finst det fleire grunnforteljingar der aktørar, antagonistar og utvikling endrar seg over tid, eller er dette heller ei dynamisk forteljing?

Både Kristjánsson og Borgen nyttar Gerhardsen som fremste aktør i sine forteljingar. Hjá Kristjánsson vert Gerhardsen nytta som ein metonymi på venstresida generelt, og det blir stadig poengtert at Gerhardsen ligg lengre ute på venstresida enn mange i dag er klar over. Kristjánsson vil at dagens Arbeidarpartiet må læra av partiet Gerhardsen styrde. På denne måten nyttar han Gerhardsen både som eksemplarisk forteljing og som aktøren som bind fortid saman med nåtid og framtid. Erling Borgen nyttar også Gerhardsen som ein metonymi, men då som ein metonymi på nasjonen. Dei blir begge stilt fram som parallelle, og med same mål og handlingsrom, oppnår dei det same. Med denne parallellegginga av nasjon og person vil Borgen få fram at det er venstresida i politikken som har skapt det Noreg som me i dag kjenner. Høgresida vert antagoniserte hjå Borgen. Spørsmåla som går på Gerhardsen si behandling av kommunistar og andre på venstresida har stort sett svaret at pragmatikken i politikken til ei kvar tid trumfar ideologien. Det same gjeld andre meir kontroversielle tema som for eksempel «statskuppet» mot Nygaardsvold, amerikansk militært nærvære under kalde krigen og den uoffisielle rolla hans då Gro Harlem Brundtland vart vald som arbeidarpartileiar. Pragmatikk trumfar ideologi. Den norske utviklingsforteljinga er viktigare enn dei som fell utanfor.

Alle framstillingane om Noreg som har blitt undersøkte i denne oppgåva fortel ikkje berre om norsk historie. Alle har det til felles at dei også prøver å seia noko om si samtid, kvifor landet har blitt slik det har blitt. Somme av framstillingane nyttar også historie som grunnlag for å seia noko om korleis me bør agera i framtida. Historie handlar aldri berre om fortida. Historie seier vel så mykje om den verda me lever i nå.

¹³⁴ Heret, Ryymin & Skålevik, 2013: 90

8.0 Litteraturliste

- Aronsson, Peter. (2004). *Historiebruk: att använda det förflutna*. Lund: Studentlitteratur.
- Aronsson, Peter, Narve Fulsås, Pertti Haapala, og Bernard Eric Jensen. (2011). «Nordic National Histories». I Berger & Lorenz . *The contested nation: ethnicity, class, religion and gender in national histories, Writing the nation series*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Berger, Stefan. (2016). «Nordic National Histories in Comparative European Perspective». *Historisk tidsskrift* 95(01):67–96.
- Berger, Stefan, og Europäische Wissenschaftsstiftung, red. (2011). *The Contested Nation: Ethnicity, Class, Religion and Gender in National Histories*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Bergh, Trond, og Knut Einar Eriksen, red. (1977). *Vekst og velstand: norsk politisk historie 1945-1965: regjering og opposisjon under arbeiderpartistyre*. Oslo: Universitetsforl.
- Borgen, Erling. 2019. *Om prosjektet*. Henta fra <http://landsfaderen.no/>
- Borgen, Erling (manus & regi). 2019. *Einar – hele historien*
- Erling Borgen. I *Wikipedia*. Henta frå URL: https://no.wikipedia.org/wiki/Erling_Borgen (Henta 22.1.2020)
- Borgen, Erling (2019, 29.11) Innlegg på Facebook. Henta 22.1.2020
- Brandal, Nicolai, Øivind Bratberg & Dag Einar Thorsen. (2013). *The Nordic Model of Social Democracy*. Basingstoke: Palgrave Macmillan
- Bøe, Jan Bjarne, og Ketil Knutsen. (2012). *Innføring i historiebruk*. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlag.
- Collingridge, Vanessa. (2007). *Boudica: The Life of Britain's Legendary Warrior Queen*. Woodstock, N.Y.: Overlook Press.
- De Rosa, Maria & Sofie Prestegård (2019, 9.12) «-Vi tar kampene ikke Ap tar». *Dagsavisen*, side 9
- Fulsås, Narve. (2005). «Historie og forteljing». *Nytt Norsk Tidsskrift* 22(03):287–300.
- Fulsås, Narve. (2009). «Kommentar til Bo Stråth». *Tidsskrift for samfunnsforskning* 50(02):231–33.

Fyhn, Morten (2005, 2.4). Rød ridder. I *Aftenposten*. Henta frå URL: <https://www.aftenposten.no/norge/i/bgBWg/roed-ridder?>

Havelin, Gro (2019) *Intervju med Jan Eivind Myhre* <https://www.dnva.no/detskjer/2019/11/en-feiloppfatning-norge-var-fattig-rundt-1900> (Henta 21.1.2020)

Heiret, Jan, Teemu Ryymin, og Svein Atle Skålevåg, red. (2013). *Fortalt fortid: norsk historieskriving etter 1970*. Oslo: Pax.

Hellesnes, Jon (2019, 4.10) Ein statsmann? *Dag og tid*: 10-11

Johnsen, Lars West (2018, 21.4). Barnet Borgen. I *Dagsavisen*.

Karlsson, Klas-Göran, red. (2009). *Historien är nu: en introduktion till historiedidaktiken*. 2., [uppdaterade och bearbetade] uppl. Lund: Studentlitteratur.

Kayser Nielsen, Niels. (2010). *Historiens forvandlinger: historiebrug fra monumenter til oplevelsesøkonomi*. Århus: Aarhus Universitetsforlag.

Knutsen, Ketil. (2012). «Political frames of Welfare History». S. 179–93 i. Lund University.

Kraggerud, Egil. 2019. Sveton. *Store norske leksikon*. URL: <https://snl.no/Sveton> (henta 11.5.2010).

Kristjánsson, Mímir. (2018). *Hva ville Gerhardsen gjort? Veien videre for Arbeiderpartiet*. Oslo: Manifest forlag

Lahlum, Hans Olav. (2019, 20.9) «På fornavn med Gerhardsen». *Morgenbladet*. Henta frå <https://morgenbladet.no/ideer/2019/09/pa-fornavn-med-gerhardsen>

Lakoff, George (2003, 18.3) «War and metaphor, Again». *Language in extreme situations*. Henta frå: http://www.ugr.es/~jsantana/likes/metaphor_and_war_again.htm

NOU 1997:7 (1997) Piller, prioritering og politikk – Hva slags refusjonsordninger trenger pasient og samfunn? Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-1997-7/id140767/>

Olstad, Finn. (1999). *Einar Gerhardsen: en politisk biografi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Rüsen, Jörn. (2005). *History: narration, interpretation, orientation*. New York: Berghahn Books.

Ryymin, Teemu, red. (2017). *Historie og politikk: historiebruk i norsk politikktutforming etter 1945*. Oslo: Universitetsforlaget.

Rødt (u.å) Forskjells-Norge. Hentet 4.1.2020. URL: <https://roedt.no/forskjells-norge>

- Seip, Jens Arup. (1963). *Fra embetsmannsstat til ettpartistat og andre essay*. Oslo: Universitetsforlaget
- Sejersted, Francis. (1984). *Høyres historie. 3: Opposisjon og posisjon: 1945 - 1981*. Oslo: Cappelen.
- Sejersted, Francis. (2005). 1905 i norsk historie – Minner og myter. *Historisk tidsskrift* 84(02):229-238 ER.
- Slagstad, Rune. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax
- Stalsberg, Tom. (2019, 14.9) Pensum for en splittet nasjon. *Dagbladet*. Henta frå: <https://www.dagbladet.no/kultur/pensum-for-en-splittet-nasjon/71593483>
- Stråth, Bo. (2000). «Neutrality and Welfare: Three Key Concepts in the Modern Foundation Myth of Sweden». I Stråth, Bo (red.) *Myth and memory in the construction of community: historical patterns in Europe and beyond* s. 375-402. Bruxelles ; New York: P.I.E.-P. Lang.
- Stugu, Ola Svein. (2018). *Norsk historie etter 1905: vegen mot velstandslandet*. Oslo: Samlaget
- Sundvall, Eirik Wig. (2016). *Gerhardsens valg*. Oslo: Gyldendal
- Thijs, Krijn. (2011). «The Metaphor of the Master: 'Narrative Hierarchy' in National Historical Cultures of Europe». I Berger & Lorenz (red.) *The contested nation: ethnicity, class, religion and gender in national histories, Writing the nation series*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Torvik, Yngvild Gotaas. (2018). «Sverigedemokraterna: Jimmie flytter inn». *Klassekampen*, januar 9, side18–23.
- Vermes, Timur, og Astrid Nordang. (2014). *Han er her igjen*. Oslo: Cappelen Damm.
- VG. (2014). «De 100 viktigste nordmenn». Hentet 11.5.2020 frå: https://www.vg.no/spesial/2014/topp100_1814/
- Leiarartikkel (2019, 10.12.) «Støres utfordrer». *Vesterådens avis*, side 4
- White, Hayden. (1990). *The content of the form: narrative discourse and historical representation*. Baltimore: Johns Hopkins University Press.
- White, Hayden. (2014). *Metahistory: the historical imagination in nineteenth-century Europe*. Fortieth-anniversary edition. Baltimore, Maryland: Johns Hopkins University Press.

